

**Til medlemmer av kontrollutvalet i Modalen kommune**

Kopi: Ordfører, rådmann, økonomisjef, postmottak og Vestlandsrevisjon IKS

Innkalling til møte i kontrollutvalet i Modalen kommune**Møtedato:** 19.05.2021, kl. 09.00 – ca. 12.00**Møtestad:** Fjernmøte via Microsoft Teams

Møtet vert halde som fjernmøte, jf. kommuneloven § 11-7. Lenke vert sendt i e-post og via kalenderinnkalling til faste medlemmer og andre innkalla til møtet. Gje ein tilbakemelding dersom det er behov for teknisk støtte for bruk av Microsoft Teams.

Saksliste:

Saksnr.	Tittel	Vedlegg
13/21	Godkjenning av innkalling og saksliste	
14/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 17.02.2021	1
15/21	Skriv og meldingar	
	a. KS sak 013/2021 – Val av nytt medlem i kontrollutvalet	2
	b. Årsmelding 2020 – Kontrollutvalssekretariatet	3
	c. Uavhengighetserklæring, Vestlandsrevisjon IKS	4
16/21	Aktuelt i Modalen kommune	
17/21	Årsmelding og rekneskap 2020 – Modalen kommune	5
18/21	Orientering om innkjøpsreglement	6
19/21	Orientering om tilsyn om tilrettelagt tilbud i barnehage	7
20/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval	
21/21	Eventuelt	

Forfall må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post:

tonje.husum.aarland@regionnordhordland.no eller tlf.: 92858413.

Innkallinga og sakpapir vert berre sendt elektronisk. Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sine heimesider og i innsynsløysinga:

<https://innsyn.sing.no/modalen/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Med vennleg helsing

Tom Kristian Thorsen
*Leiar i kontrollutvalet*Tonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær



Modalen kontrollutval

Saksframlegg til møte 19.05.2021

13/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

14/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 17.02.2021

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå Modalen kontrollutval, 17.02.2021

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå møtet 17.02.2021 er godkjent.



15/21 Skriv og meldingar

- a. KS sak 013/2021 – Val av nytt medlem i kontrollutvalet
- b. Årsmelding 2020 – Kontrollutvalssekretariatet
- c. Uavhengighetserklæring, Vestlandsrevisjon IKS

Saksopplysingar:

a. KS sak 013/2021 – Val av nytt medlem i kontrollutvalet

Kommunestyret har gitt fritak til Hallgeir Neset frå sitt verv som fast medlem i kontrollutvalet, og har vald Linda Tollefsen Aas som nytt fast medlem i kontrollutvalet i kommunestyreperioden 2019 – 2023.

b. Årsmelding 2020 – Kontrollutvalssekretariatet

Sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Voss er følgt opp av Region Nordhordland IKS (RNI/tidl. NUI). Kontrollutvalssekretariatet har utarbeida ei årsmelding for 2020 med informasjon om organsering, oppgåver og oppsummering av sekretariatet sitt arbeid i 2020. Årsmeldinga har vore presentert i Regionrådet i Nordhordland og vert lagt sendt til kontrollutvala til orientering.

c. Uavhengighetserklæring, Vestlandsrevisjon IKS

Oppdragsansvarleg revisor har gitt stadfesting av sin uavhengighet til Modalen kommune, jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 15 og kommunelova § 24-4.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

16/21 Aktuelt i Modalen kommune

Saksopplysingar:

Rådmann og ordførar er invitert til å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Modalen kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



17/21 Årsmelding og rekneskap 2020 – Modalen kommune

Saksvedlegg:

Årsmelding og årsrekneskap 2020, Modalen kommune

Revisjonsmelding og revisjonsrapport nr. 16, Vestlandsrevisjon IKS

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 23-2 a) sjå til at kommunen sitt rekneskap vert revidert på ein betryggande måte. Revisor sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon vert omtala nærare i kommunelova kapittel 24, og seier mellom anna at revisor skal vurdere om årsrekneskapet er avlagt i samsvar med lov og forskrift.

Etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak. Kontrollutvalet skal vidare påsjå at dei punkta rekneskapsrevisor peikar på vert retta eller følgt opp, jf. § 3.

Framlegg til uttale vert sendt frå sekretariatet til kontrollutvalet for intern gjennomgang. Den vedtekne uttalen vil komme fram av endeleg vedtak i kontrollutvalet og vert vidare sendt til formannskapet og kommunestyret.

Administrasjonen vil i møtet legge fram årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 og revisjonen gjennomgår sine merknader frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek framlegg til uttale med eventuelle endringar.



18/21 Orientering om innkjøpsreglement

Saksvedlegg:

Innkjøpsreglement og saksframlegg til kommunestyret, Modalen kommune

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet fekk i førre møtet orientering om oppfølging av tilrådingane etter forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet og arbeidet med innkjøpsreglement for Modalen kommune.

Innkjøpsreglement er handsama i og vedteke av kommunestyret og vert lagt inn som eige kapittel i Modalen kommune sitt økonomireglement. Føremålet med reglementet er å sikre at alle innkjøp i kommunen vert utført i tråd med gjeldande lover, forskrifter og retningsliner, og gjeld for alle typar innkjøp til kommunen.

Administrasjonen er vil orientere næare om innkjøpsreglementet i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

19/21 Orientering om tilsyn om tilrettelagt tilbod i barnehage

Saksvedlegg:

Tilsynsrapport Barnehagelova § 19 g, 5. januar 2021, Statsforvaltaren

Svar endeleg tilsynsrapport – retting av pålegg, Modalen kommune

Avslutning av tilsyn – Tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g, Statsforvaltaren

Saksopplysingar:

Statsforvaltaren har gjennomført tilsyn om tilrettelagt tilbod i barnehagen i Modalen kommune. Rådmann orienterte i førre møtet om gjennomføringa av tilsynet, pålegga og status for oppfølginga.

Kommunen har oppdatert interne rutinar og mal for vedtak. Statsforvaltaren har konkludert med at pålegga er retta og har avslutta tilsynet.

Administrasjonen vil orientere nærare om tilsynet i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



20/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen.

Lenke til politisk møtekalender:

<https://innsyn.sing.no/modalen/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak i denne saka.

21/21 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.



Modalen kontrollutval

Møteprotokoll med saksframlegg

Møtedato: 17. februar 2021 kl. 09.00 – 11.00
Stad: Fjernmøte via Microsoft Teams
Tilstade: Tom Kristian Thorsen (leiar), Sigrunn Almelid Birkeland (medlem), Bjørn Helge Venås (medlem), Linda Tollefsen (vara) og Jan Arild Steinsland (vara)
Forfall: Ove Eidsnes (nestleiar) og Hallgeir Neset (medlem)
Innkalla: Ordførar Kjetil Eikefet, Rådmann Jo Tømmerbakke og økonomisjef Magne Verpelstad (sak 05/21)
Revisor: Revisjonssjef Janne Eraker, Vestlandsrevisjon IKS
Sekretær: Tonje Husum Aarland, Region Nordhordland

01/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Behandling i møte:

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.



02/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 11.11.2020

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå Modalen kontrollutval, 11.11.2020

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå møtet 11.11.2020 er godkjent.

Behandling i møte:

Ingen merknader til møteprotokollen.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå møtet 11.11.2020 er godkjent.

03/21 Skriv og meldingar

- a. KS sak 057/2020 – Plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024
- b. KS sak 058/2020 – Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024
- c. Budsjetttvetak – Kontrollarbeidet

Saksopplysingar:

a. KS sak 057/20 – Plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024
Kommunestyret vedtok plan for eigarskapskontroll i møtet 10.12.2020.
Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

b. KS sak 058/20 – Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024
Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon i møtet 10.12.2020.
Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

c. Budsjetttvedtak – Kontrollarbeidet
Kommunestyret vedtok i møtet 10.12.2020 budsjett og økonomiplan for 2021.



Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet gjekk gjennom skriv og meldingar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

04/21 Aktuelt i Modalen kommune

Saksopplysingar:

Rådmann og ordførar er invitert til å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Modalen kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Behandling i møte:

Ordførar Kjetil Eikefet og rådmann Jo Tømmerbakke orienterte i saka og orienterte særskilt om:

- Smittesituasjonen med korona;
Modalen kommune er fortsatt utan registrert smitte, og har eit lågare tiltaksnivå enn Bergen og omegnskommunane. Det er tidkrevjande oppfølging knytt til rapportering og statusorienteringar.
- Vedtak i skatteklagenemnda juni 2020 om berekning av eigedomsskatt; 15 kommunar har gått saman mot vedtak i skatteklagenemnda.
- Konesjonskraft, avtale og revisjon av konsesjonsvurdering av vassdrag; på www.nve.no kan ein følgje revisjonsprosessen.
- Pasienttransport og manglande avtale mellom Modalen kommune og Helse Bergen; Helse Bergen følgjer dette opp saman med kommunane, og det er godt samarbeid mellom kommunane Modalen og Vaksdal om å få på plass ein god ordning på sikt.



- Val av nytt ungdomsråd i Modalen kommune.
- Økonomi; tapte inntekter og kompensasjon knytt til korona .
- Byggeprosjekt for nytt kommunehus følger planlagt tidsramme.
- Prosess for tilsetting av ny kommuneoverlege i Modalen, med funksjon som både smittevernoverlege, sjukeheimslege og fastlege.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

05/21 Orientering om status for årsrekneskapen 2020

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vedtok i sist møte i sak 43/20 om å få ei statusorientering om arbeidet knytt til rekneskapen for 2020.

Administrasjonen er beden om å orientere i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om status for årsrekneskapen 2020 og fristen 22. februar.

Rekneskapsresultatet ligg an til å bli positivt, og har følgd budsjettjusteringane som vart gjort i haust. Driftsområda er innanfor dei justerte budsjetttrammene, med nokre forskjeller mellom dei ulike områda. God tilbakemelding frå Statsforvaltaren om økonomi- og budsjettplanen for 2021.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



06/21 Orientering om interimsrevisjon

Saksvedlegg:

Revisjonsrapport interim 2020, *Vestlandsrevisjon IKS*

Saksopplysingar:

Vestlandsrevisjon IKS har gjennomført interimsrevisjon i Modalen kommune, og har gjennom dette utført tester og kontroll av rekneskapsdata.

Hovudkonklusjonen etter interimsrevisjonen er:

- Ingen vesentlege feil er avdekka i løpet av revisjonen
- Innspel knytt til dokumentasjon av prosjektvurderingar og grensedragning drift/investering
- Kommunen er i all hovudssak ajour med avstemmingar
- Oppmoding til at interne kontrollar som kommunen sjølv utfører i enda større grad blir dokumentert.

Kontrollutvalet vil få nærare orientering om interimsrevisjonen i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om interimsprosessen og interimrapport 2020, og orienterte mellom anna om:

- kontroll av avstemmingar
- kontroll av fakturagrunnlag
- fokus på arbeidsdeling
- detaljkontroll innan lønsområdet
- skiljet mellom drift og investering
- fysisk inspeksjon av brannstasjonen
- rutinar for moms og momskompensasjon
- betryggande og god orden på økonomiområdet

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



07/21 Orientering om rutinar for offentlege anskaffingar

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet fekk orientering om resultatane av forenkla etterlevingskontroll av økonomiområdet i møtet 16.09.2020 i sak 34/20. Administrasjonen orienterte om at dei ville følgje opp tilrådingane frå revisjonen. Kontrollutvalet bad om å få ei tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane til første møte i kontrollutvalet i 2021.

Administrasjonen vil orientere nære om oppfølging av tilrådingane og rutinar i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om oppfølging av tilrådingane etter forenkla etterlevingskontroll om offentlege anskaffingar.

Administrasjonen har utarbeida eit nytt innkjøpsreglement med vedlegg som vert lagt inn i økonomireglementet og skal handsamast i kommunestyret. Reglementet skal vere oppdatert etter nye lovkrav, og målet er at det vert eit meir omfattande og samlande dokument som gjer det lettare for administrasjonen å følgje prosessane for dei ulike terskelverdiane. Kontrollutvalet vil få orientering om oppfølging av dette i neste møte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

08/21 Orientering om tilsyn om tilrettelagt tilbod i barnehage

Saksopplysingar:

Statsforvaltaren har som oppgåve å føre tilsyn med kommunen som barnehagemundigheit, jf. barnehagelova § 9 første avsnitt. Det har etter tilsynsplanen til Statsforvaltaren vore gjennomført tilsyn om tilrettelagt tilbod i barnehage i perioden august til november 2020.

Administrasjonen vil orientere nærare om tilsynet i møtet.



Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om prosessen kring tilsynet frå Statsforvaltaren om plikt om tilrettelagt tilbod i barnehage. Det er nye lovkrav kring dette og kommunar har i stor grad hatt nokre utfordringar kring tolkinga av grenselandet innan dette.

Kommunen har fått rapport med avvik som skal følgjast opp i løpet av mars, og avvika handlar mellom anna om vedtaksmalar, prosess- og rutineskildringar.

Kontrollutvalet vil få rapport og nærare orientering om oppfølginga av tilsynet i neste møte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

09/21 Årsmelding 2020 – Modalen kontrollutval

Saksvedlegg:

Framlegg til årsmelding 2020 for Modalen kontrollutval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret, jf. kommuneloven § 23-5.

Sekretariatet har utarbeida framlegg til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2020. Framlegget vert sendt til kontrollutvalet for intern gjennomgang.

Den vedtekne årsmeldinga skal gå som ei eiga rapport til kommunestyret for å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet i året som er gått.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2020 slik den ligg føre.



Behandling i møte:

Kontrollutvalet gjennomgjekk årsmeldinga for 2020.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2020 jamfør drøftingane i møtet.

10/21 Møteplan for 2021

Saksvedlegg:

Framlegg til møteplan 2021 for Modalen kontrollutval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet har hatt 4 møter i 2020.

Sekretariatet rår til at det vert lagt opp til 4 faste møter i 2021, og at kontrollutvalet reviderer møteplanen undervegs dersom det er behov for endringar.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek møteplan med følgjande møtedatoar 19. mai, 29. september og 24. november.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet godkjenner møteplanen slik den ligg føre.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek møteplan med følgjande møtedatoar: 19. mai, 29. september og 24. november.



11/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen.

Lenke til politisk møtekalender:

<https://innsyn.sing.no/modalen/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak i denne saka.

Behandling i møte:

Det var orientering om gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

12/21 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.

Behandling i møte:

Det var stilt spørsmål og orientert kort om prosess for eigarskapskontroll.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



Neste møte i kontrollutvalet er: 19. mai kl. 09.00.

Modalen, 17.02.2021

Tom Kristian Thorsen
Leiar i kontrollutvalet

Tonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014	19/219

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2021	Formannskapet	PS	09.03.2021
013/2021	Kommunestyret	PS	25.03.2021

Val av nytt medlem til kontrollutvalet for kommunestyreperioden 2019 - 2023

Forslag til vedtak:

Hallgeir Neset vert friteken frå sitt verv i kontrollutvalet i kommunestyreperioden 2019 - 2023.

...vert vald som nytt fast medlem i kontrollutvalet i kommunestyreperioden 2019 – 2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hallgeir Neset som vart vald inn som fast medlem i kontrollutvalet for perioden 2019 – 2023 har flytta ut av kommunen, og har med dette som bakgrunn søkt om å bli friteken for vervet.

Vurdering

Ein føresetnad for å bli vald som medlem i eit folkevald kommunalt organ er at ein er innbyggjar i kommunen. Flytting til ein anna kommune i løpet av perioden ein er vald inn vil difor automatisk vere gyldig og god nok grunn til å bli friteken for vervet.

På grunn av krav om kjønnsbalanse i kommunale organ, bør det nye faste medlemmet i kontrollutvalet vere ei kvinne. Det er naturleg at ein av varamedlemene vert nytt fast medlem.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at Hallgeir Neset vert friteken for vervet i kontrollutvalet, og at det vert valt inn nytt fast medlem til utvalet. Kontrollutvalet har tre varamedlemer, og rådmannen foreslår at ein av desse vert nytt fast medlem. På grunn av kravet om kjønnsbalanse i kommunale organ tilrår rådmannen at kommunestyret vel anten Linda Tollefsen Ås eller Aud A Steinsland som nytt fast medlem i kontrollutvalet. Rådmannen vurderer at det ikkje er naudsynt å velje nytt varamedlem til kontrollutvalet, men dette står kommunestyret fritt til å gjere dersom ein ynskjer det.

Formannskapet - 009/2021

FOR - behandling:

Ordfører orienterte om saka og la fram forslag om Linda Tollefsen Aas som nytt fast medlem
Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Hallgeir Neset vert friteken frå sitt verv i kontrollutvalet i kommunestyreperioden 2019 - 2023.

Linda Tollefsen Aas vert vald som nytt fast medlem i kontrollutvalet i kommunestyreperioden 2019 – 2023.

Kommunestyret - 013/2021

KS - behandling:

Ordfører låg fram forslag om at nytt fast medlem vert Linda Tollefsen.
Samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Hallgeir Neset vert friteken frå sitt verv i kontrollutvalet i kommunestyreperioden 2019 - 2023.

Linda Tollefsen vert vald som nytt fast medlem i kontrollutvalet i kommunestyreperioden 2019 – 2023.

Årsmelding 2020

Sekretariatstenester for kontrollutvala i kommunane
Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Voss



Innhald

1. Bakgrunn.....	3
2. Organisering.....	3
3. Aktivitet og oppfølging i 2020.....	4
4. Kontrollutvalssekretariatet – rammer og oppgåver.....	5
5. Avsluttande kommentarar	7



1. Bakgrunn

Sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Voss vert følgt opp av Region Nordhordland IKS (RNI / tidl. NUI).

Kontrollutvalet si verksemd, herunder sekretariatet sine oppgåver, er definert i den nye kommunelova¹ i kapittel 23, samt forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga, samt sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjonsordning.²

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk.³ Kontrollutvalssekretariatet er slik sett kontrollutvalet sin administrasjon, og arbeidsoppgåvene er mellom anna sakshandsaming, saksutgreiing, rådgjeving og koordinering.

2. Organisering

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 omhandlar sekretariatsfunksjonen til kontrollutvalet og seier mellom anna at «sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen». Kontrollutvalssekretariat kan organiserast på ulike måtar, og i Nordhordland har kommunane sidan 2005 vald å løyse oppgåva gjennom det interkommunale selskapet. Dette er ei av fleire oppgåver som RNI ivaretek for eigarkommunane, med unntak av Gulen og Vaksdal. I 2019 inngjekk selskapet avtale med Voss herad om oppfølging av Voss kontrollutval.

Sekretariatsstillinga utgjer om lag 60 % til saman for dei sju kommunane, og kostnadsfordelinga følgjer etter avtale. Arbeidsmengda for sekretariatet er høgare i periodar, og det kan undervegs i året kome ekstraordinære og komplekse saker som ein treng meir tid å førebu, og det kan vere behov for ekstra møter. Rådgjevar/prosjektleder Tonje Husum Aarland har hovudansvar for å følgje opp sekretariatsoppgåvene, med administrativ støtte frå rådgjevar/prosjektleder Bent Gunnar Næss. Sekretariatet er medlem av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF), og deltek jamleg på aktuelle kurs og konferansar. Sekretariatet har kontor i Knarvik i Alver kommune.

¹ Trer i kraft 01.01.2020 og erstattar LOV-1992-09-25-107.

² Jamfør § 4, forskrift om kontrollutvalg i kommuner/fylkeskommuner

³ Jamfør § 20, forskrift om kontrollutvalg i kommuner/fylkesk.

3. Aktivitet og oppfølging i 2020

Møteaktivitet

Endra kommunestruktur i 2020 har gitt endringar i kontrollutval som sekretariatet har følgd opp. Frå 01.01.2020 har kommunane Lindås, Meland og Radøy slått seg saman til Alver kommune. Det vart vedteke at Alver kontrollutval skulle fortsette med same organisering av kontrollutvalssekretariat. Etter ein anbodskonkurranse i 2019, inngjekk RNI avtale med Voss herad⁴ om oppfølging av Voss kontrollutval i denne perioden. Frå 2020 følgjer derfor sekretariatet opp sju kontrollutval.

Oversikt over tal formelle møter og saker i kontrollutvala i løpet av 2020:

Årstal 2020	Alver	Austrheim	Fedje	Masfjorden	Modalen	Osterøy	Voss	Totalt
Tal møter	7	5	5	5	4	6	7	39
Tal saker	85	53	50	51	50	68	68	425
Tal møter i snitt 2016 - 2019	-	4	3	4	3	4	-	36*
Tal saker i snitt 2016 - 2019	-	42	32	33	36	39	-	329*

Tabell 1: Oversikt over formelle møter og saker

Det har jamt over vore auke i tal møter og saker i 2020 frå tidlegare år. Til samanlikning var det i snitt lågare møteaktivitet i kontrollutvala i åra 2016 – 2019 (*i totalsnittet for desse åra inngår møte- og saksaktivitet for tidl. Lindås, Meland og Radøy kommunar, medan Voss kommune og Granvin herad er ikkje medrekna).

Auka i sak- og møteaktivitet i 2020 frå tidlegare år skuldast mellom anna;

- Ekstra møter grunna Covid-19 og endringar i lovkrav
- Utsetting av saker
- Ekstraordinære saker som har krevd ekstra møter
- Oppfølging av prosessen knytt til planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Det har elles i 2020 vore gjennomført felles webmøte for leiarane med fokus på endra lovkrav og rutiner for fjernmøter, og det har vore gjennomført testmøter via teams i alle kontrollutvala med fokus på opplæring i bruk av teams som møteplattform. Alle kontrollutvala har gjennomført eit eller fleire fjernmøter i 2020. Sekretariatet har i perioder hatt heimekontor.

Under er oversikt over berekna timeforbruk i 2020:

Oversikt timebruk	Alver	Austrheim	Fedje	Masfjorden	Modalen	Osterøy	Voss	Intern / felles	Totalt
2020 – tal	207	94	93	103	80	123	217	326*	1 243
2020 – %	22	10	10	11	9	13	24		100

*Timer brukt til felles planlegging, kurs, administrativt, m.m. som gjeldt alle kontrollutvala.

⁴ Voss kommune og Granvin herad slo seg saman til Voss herad 01.01.2020.

Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 23-2 a og forskrift om kontrollutvalg og revisjon sjå til at kommunen sitt rekneskap vert revidert på ein betryggande måte, og skal gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga. Kontrollutvala har følgd dette opp for økonomiåret 2019, og uttale til desse vart sendt til formannskap og kommunestyra. Kontrollutvala følgjer opp merknadene frå revisor vanlegvis i løpet av hausthalvåret.

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga er eit av dei nye lovkrava i kommuneloven, jf. § 24-9. Kontrollutvala har fått informasjon om ny lovpålagt oppgåve og har fått orientering frå revisjonen om planlegging og gjennomføring av etterlevingskontrollane. Kontrollutvala har elles tett dialog med revisjonsselskapa om gjennomføring av interimrevisjon og andre løpande oppgåver.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kommuneloven §§ 23-3 og 23-4 omhandlar forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og setter krav til at det skal utarbeidast ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin verksemd og sine eigarskap, knytt til utarbeiding av planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Kontrollutvalssekretariatet har i samarbeid med Nordhordland Revisjon IKS⁵ utarbeidd risiko- og vesentlegvurdering for fem av våre eigarkommunar. Dette vurderer me som eit godt grep for å sikre eit breitt informasjonsgrunnlag og felles forståing for sentrale forhold. I kommunane Alver og Voss har dette arbeidet vore leia og utarbeida av revisjonsselskapa.

Kontrollutvala har med grunnlag i risiko- og vesentlegvurderinga innstilt til planar for forvaltningsrevisjon og planar for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024. Kommunestyra vedtok endelege planar i utgangen av 2020. Oppfølging av planane vil skje gjennom kontrollutvalet sitt arbeid dei neste åra, etter lovpålagte rammer. Kontrollutvala rapporterer elles gjennom eiga årsmelding til sitt kommunestyre/heradsstyre om kontroll- og tilsynsaktiviteten.

4. Kontrollutvalssekretariatet – rammer og oppgåver

Som sekretariat for kontrollutvalet, administrerer og legg til rette for gjennomføring av kontrollutvalet sine arbeidsoppgåver, etter dei rammene som følgjer av lov og forskrift, og i tett dialog med kontrollutvalet. Me arkiverer i det NOARK-godkjente saks- og arkivsystemet WebSak. Innkalling med sakspapir vert sendt via e-post med vedlegg i PDF til medlem i kontrollutvalet og med kopi til vararepresentantar til kontrollutvalet, ordførar, rådmann, postmottaket, kommunen sin revisor og andre etter avtale med kontrollutvalet. For Voss kontrollutval følgjer me opp via Public 360.

Sekretariatet gjennomfører praktisk tilrettelegging av kontrollutvalsmøta. Me produserer og sender ut innkallingar til møta i samråd med kontrollutvalsleiar, bestiller møterom og evt. mat, og følgjer

⁵ Frå 2021: Vestlandsrevisjon IKS.


opp administrasjonen og revisjonen ut frå planlagde saker. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er utgreia på ein forsvarleg og objektiv måte. Utgreiinga med saksframlegget vert sendt ut saman med innkalling, sakliste og relevante saksvedlegg.

Administrasjonen og/eller dei som utfører revisjon i kommunen vert kalla inn ved behov for å gje naudsynte orienteringar eller leggje fram rapportar som er knytt til dei aktuelle sakene som vert handsama i utvalet.

Det er naudsynt å ha jamleg kontakt med kontrollutvalsleiar før og etter møter for å sikre eigarskap og god dialog kring sakslister, førebuing og gjennomføring av kontrollutvalsmøte. Kontrollutvalet har ansvar for handsaminga av sakene i møta og sekretariatet gjev fagleg rettleiing og råd ved behov.

Undervegs i møta fører sekretariatet protokoll over drøfting og vedtak. I etterkant av møtet sørgjer sekretariatet for at kontrollutvalet sin protokoll vert distribuert og at vedtak vert følgt opp.

Figur 1 viser døme på eit årshjul for sekretariatet sin oppfølging av kontrollutvalsarbeidet, som vert tilpassa i dialog med kontrollutvalet og vert evaluert undervegs i løpet av året.



Figur 1: Døme på årshjul for arbeidet i kontrollutvalet

Det er viktig å sikre at saker frå kontrollutvalet kjem til kommunestyret for handsaming, samt at vedtak knytt til forvaltningsrevisjonar og liknande vert følgt opp. Me jobbar for å ha god og tett dialog med kontaktpersonar i administrasjonen og revisjonen, for å sikre at saker vert følgt opp både av kontrollutvalet, kommunestyret og revisjonen, og at innkallingar, saksvedlegg og møteprotokollar vert gjort tilgjengelege på kommunane sine heimesider.

Sekretariatet arrangerer årlege uformelle møte for kontrollutvalsleiarane med fokus på fagleg påfyll og erfaringsdeling. Me har også samarbeida med eit av revisjonsselskapa om kurs til kontrollutvalsmedlemmer i starten av ny periode.

5. Avsluttande kommentarar

Årsmeldinga for 2020 er utarbeida for å gje utfyllande informasjon til eigarar og styret om kontrollutvalssekretariatet sitt arbeid.

Sekretariatet vil takke for hyggeleg samarbeid og god dialog med kontrollutval, kommunestyra, administrasjonane og revisjonane i året som er gått.

Til Kontrollutvalet i Modalen Kommune

Kopi:
Kommunestyret
Kommunedirektøren

Stadfesting av revisor sin uavhengigheit

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, gjer med dette underteikna oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering av vår uavhengigheit til kontrollutvalet. Underteikna er kjend med at kravet til uavhengigheit og objektivitet også gjeld for revisor sine medarbeidarar. Krava til uavhengigheit og objektivitet gjeld for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I Vestlandsrevisjon IKS sine revisjonsplanar inngår ei vurdering av uavhengigheiten til kvar einskild revisor i verksemda sitt revisjonsteam som eit eige punkt i revisjonsplanen.

Ifylgje kontrollutvals- og revisjonsforskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet. Denne eigenvurderinga fylgjer nedanfor.

Oppdragsrevisor si eigenvurdering av krava

Forskriftskrav	Eigenvurdering
1. Krav til revisor si uavhengigheit, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16	§ 16. Underteikna stadfestar at det ikkje føreligg særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisoren si uavhengigheit og objektivitet.
2. Revisor si tilknytning til den reviderte verksemda, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17	§ 17. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har ei slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte verksemda eller verksemda sine tilsette eller tillitsvalde at den er eigna til å svekke revisoren si uavhengigheit og objektivitet. Heller ikkje revisor sine nærstående har slik tilknytning.
3. Revisor sine stillingar, verv og tenester, jf.	§ 18 a. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i kommunen

forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18	§ 18 b. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i ei verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i, eller er eigar av utover at Vestlandsrevisjon IKS utfører revisjon og er organisert som eit interkommunalt selskap
	§ 18 c. Underteikna stadfestar at revisor ikkje er medlem av styrande organ i verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i eller er eigar av, utover at revisor si verksemd utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.
	§ 18 d. Underteikna stadfestar at revisor ikkje deltek i, eller har funksjonar i noko anna verksemd, som medfører at revisor sine interesser kjem i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på anna måte er eigna til å svekke tilliten til revisoren
	§ 18 e. Underteikna stadfestar at revisor ikkje utfører rådgjevingstenester eller andre tenester for kommunen eller fylkeskommunen, som er eigna til å svekke revisor sin uavhengigheit og objektivitet
	§ 18 f. Underteikna stadfestar at revisor ikkje yter tenester som høyrer inn under den reviderte verksemda sine egne leiings- og kontrolloppgåver
	§ 18 g. Underteikna stadfestar at revisor ikkje opptrer som fullmektig for den reviderte verksemda, unnateke ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

Isdalstø, 5. mai 2021



Janne Eraker
Revisjonssjef og oppdragsansvarleg revisor

Årsmelding

2020



Modalen kommune



Rådmannen	side 3
Næring	side 14
Økonomi og rekneskap	side 17
Kultur	side 29
Sosialtenesta	side 32
Pleie- og omsorgstenesta	side 33
Helsesenteret	side 36
Mo skule	side 40
Modalen barnehage	side 43
Teknisk etat	side 46

Rådmannen

Innleiing

2020 har vore sterkt prega og påverka av Koronapandemien. Omfattande tiltak og råd har blitt innført både nasjonalt og lokalt, noko som i stor grad har styrt kvardagen til både tilsette og innbyggjarar på ein måte vi knapt har sett maken til tidlegare. Skular og barnehagar har vore stengt, idrettsanlegg avlåst, kulturtilbod og fritidstilbod blitt avlyst, politiske møte vorte utsett og helsetenestene sett under sterkt press. Modalen kommune har gjennom heile 2020 følgd Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet sine tilrådingar, og sjølv sagt dei restriksjonar som sentrale styresmakter har pålagt oss.

Som rådmann er eg særst stolt, men ikkje overraska, over måten våre dyktige tilsette og leiarar har takla denne utfordringa. Hendingane det siste året har gjort meg endå tryggare på at våre tilsette og leiarar gjer alt som står i si makt for å løyse nye, vanskelege situasjonar og utfordringar som oppstår. Alt for å hindre og begrense smittespreiing i så stor grad som mogleg, samstundes som vi har utført lovpålagte og naudsynte tenester og oppgåver for innbyggjarane våre.

Vi har mobilisert for å hindre smittespreiing og for å kunne gje naudsynt helsehjelp til dei som treng det. Tenestene våre har organisert seg på nye og sikrere måter, og det er mange gode døme på dette.

Rammevilkåra endra seg kontinuerleg gjennom 2020, men med dei haldningane, verdiane og positive ståpåviljen ein har sett i organisasjonen er eg trygg på at vi gjer vårt ytterste for vere rusta for tida vi no står i og tida som kjem. Tusen hjarteleg takk til alle tilsette for den innsatsen de til no har lagt ned, og for det arbeidet de gjer i fortsetjinga.

Samstundes vil eg rekkje ei stor takk til innbyggjarane våre for måten dei har respondert på og takla situasjonen. Det er mitt soleklare inntrykk at innbyggjarane både har akseptert og respektert tiltaka som har blitt innført, både nasjonalt og lokalt, sjølv om den nye kvardagen har vore krevjande


Jo Tømmerbakke
Rådmann

Organisering

Årsmeldinga er ei tilbakemelding til kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for. Rådmannen har overordna ansvar for at me har ei rasjonell drift, fagleg kvalitet på tenestene og at einingane held seg innafor dei økonomiske rammene som kommunestyret har vedteke.

Leiarane av våre tenester rapporterer direkte til rådmannen i samsvar med den administrative organiseringa. Leiarane har ansvar for økonomi, personalfunksjonar og fagområde innan sine respektive einingar.

Den administrative organiseringa og samsvarande økonomisk rammeområde låg til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2020. Organisasjonskartet under viser organiseringa i kommunen ved utgangen av 2020.



Rådmannen meiner vi har ei god administrativ organisering slik det fungerer i dag. Leiargruppa samhandlar godt, utvekslar erfaringar og yter kvarandre hjelp på tvers av eigne ansvarsområde.

Men rådmannen vil også peika på dei utfordringar som har kome fram i leiargruppa sine eigenvurderingar av ulike tenestekområde. Her vert det mellom anna peika på at vi stort sett berre har ein person innan kvart fagområde / ansvarsområde, og ofte har denne personen fleire roller. Dette gjer oss sårbare ved lengre fråvær og ved større utskifting av personell.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har også det overordna

ansvaret for arbeidsmiljø og personalpolitikk, område som er viktige i alle organisasjonar. Det er kjøpt ulike tenester frå Bedriftshelsetenesta for å gjennomføre HMS-tiltak som vart planlagt for 2020. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Kommunestyret vedtok i desember 2012 ulike resultat og utviklingsområde for 2013-2014, med mål for rådmannen og dermed organisasjonen sitt arbeid innan:

- Økonomi
- Tenesteutvikling for innbyggjarar og medarbeidarar
- Lokalsamfunnsutvikling
- Samarbeid mellom politisk og administrativt nivå

Politisk er det ikkje utarbeidd nye reviderte resultat og utviklingsmål etter dette.

Rådmannen har internt i leiargruppa sett fokus på mål og resultatvurdering i organisasjonen. I budsjett / økonomiplan for 2020 sette einingsleiarane opp konkrete utviklingsmål for kvart tenesteområde. Disse måla dannar grunnlaget for evaluering av måloppnåing i denne årsmeldinga.

I samsvar med dette har einingsleiarane gjeve sine tilbakemeldingar i høve fastsette mål i budsjettet for 2020 saman med skildring av sine tenesteområde i denne årsmeldinga

Rådmannen - Mål for 2020:

1. Initiere og drive vidareutvikling av kommunen sin kvalitetsstyringssystem:

Gjennomført, og vert arbeidd vidare med inn i 2021. Det er gjennomført anbod på nytt kvalitetsstyringssystem for alle kommunane i IKT samarbeidet, og Netpower er vald som ny leverandør. Implementering av det nye systemet startar rundt august 2021.

2. Evaluere og revidere kommunen sin planstrategi:

Gjennomført. Saka skal til endeleg handsaming i kommunestyret mars/april 2021.

3. Gjennomføre felles samarbeidsprosjekt gjennom IKT-Nordhordland for digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon frå/til kommunen. Halde fram utviklinga av kundetorget til eit dokument- og servicesenter for alle einingar i kommunen.

Gjennomført og vert vidareført inn i 2021. Gjeld mellom anna Samhandling 365, med til dømes office 365 og epost til sky. Kundetorget er dokument- og servicesenter for alle einingane i kommunen

4. Gjennomføre felles prosjekt med dei andre randkommunane og nye Alver kommune for å greie ut moglege samarbeidsområde innafor tenesteutviklinga til kommunane:

Dette er arbeidd med kontinuerleg gjennom heile 2020, og vil fortsetje i åra framover.

Overordna ROS-analyse

Den overordna ROS-analysen vart vedteken av kommunestyret i møte den 22.09. 2016 (Ksak 048/16). I samvar med kommunestyret sitt vedtak er ulike tiltak følgt opp i løpande drift og ved oppfølging i

budsjettarbeidet for 2020 og økonomiplanperioden. Prioriterte tiltak, som varslingsteneste, vart anskaffa og klargjort for bruk i 2017 og var i drift frå 2018.

Folketalsutvikling

Ved inngangen til 2020 var folketalet i Modalen 388 innbyggjarar, og sank til 376 ved utgangen av året. To vart fødd og to døydde. Innanlands flytting i løpet av året var: 3 personar flytta inn og 15 flytta ut av kommunen.

Samla sett var det soleis ein nedgang i folketalet i 2019, men det er verd å merka seg at flytting er den faktoren som er mest omfang på. I underkant av 10 % av innbyggjarane har no utanlands bakgrunn eller er norskfødte med innvandrarforeldre. Statistisk sentralbyrå sine prognosar for folketalutviklinga er nøytrale for komande år med eit forventta folketal på 389 i 2030. Så langt har det vore vanskeleg å bryte 400-talet.

I Modalen har folketalet hatt slik utvikling :

Per 1.1.	2004	2010	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Innbyggjartal	366	344	370	383	372	378	381	383	380	388	376

Kommunale utleigebustader – bygging av nye private bustader – bustadtomter

Kommunestyret vedtok i 2012 (Ksak 033/12) at det skulle innførast standardiserte leigekontraktar med ei tidsgrensing på 3 år ved utleige av kommunale bustader. Det er gjennomført oppfølging av 3 års fristen i kontrakter inngått frå og med 2016.

Etter revisjon av tilskotsreglementet for bustader i 2011 så har det vore ein betydeleg auke i talet på bygging av nye private bustader. I tillegg har det vore ein auke i talet på eldre hus som er kjøpt og rehabilitert.

På Mo og Øvre Helland er det berre ei ledige kommunal tomt på kvar stad medan det er 8 tomter ved barnehagen på Helland. I tillegg er det nokre regulerte tomter i privat eige. Det er derfor no behov for å få klargjort nye tomter, særleg på eller nær Mo.

Tal nye bustader teke i bruk:

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Oppføring av nye private bustader	3	7	3	0	0	1	0	2	1
Tilskot til kjøp/ rehabilitering av bustad	3	2	1	4	4	2	4	1	2

Utbetalt tilskot til bygging og kjøp/utbetring av eldre bustader:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Utbetalt tilskot til oppføring av nye private bustader (tal i 1 000 kr)	750	0	0	250	0	500	250
Utbetalt tilskot til kjøp / rehabilitering av bustader (tal i 1 000 kr)	80	454	573	130	400	100	200

Oppfølging av restansar for lån og husleige

Modalen kommune har i 2020 gjennomført oppfølging av uteståande krav av husleige for bustader som er utleigd på forretningsmessig vis. Det er behov for ytterlegare oppfølging som vil verte iverksett i 2021. Det er sett av midlar i rekneskapet for moglege tap.

Likestilling

Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Modalen kommune har framleis ei overvekt av kvinnelege arbeidstakarar. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Rådmannen kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Modalen kommune. Ved tilsetningar i kommunen vert søkjar sine kvalifikasjonar vektlagt, og ikkje kjønn. Talet på kvinner i leiarstillingar har auka dei siste åra. Arbeid mot uønskt deltid er eit anna viktig likestillingsmål, for her er kvinner overrepresentert i samfunnet. Også i Modalen kommune er kvinner overrepresentert i små stillingar i høve til menn. Det har vore sett fokus på dette, og ein har arbeidd bevisst for å sikra deltidsarbeidande størst mogleg stilling i kommunen. Eit av tiltaka har vore å tilby deltidsarbeidande stillingsutviding på tvers av tenesteområda.

Kjønnsfordeling av fast tilsette:

	Pr. 31.12 2020			
	Menn	%	Kvinner	%
Rådmann/ assisterande rådmann	2	100	0	0
Einingsleiarar	2	33	4	67
Totalt fast tilsette i Modalen kommune	23	25	68	75

Diskriminering og etikk

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Modalen kommune vart vedtekne i desember 2010. Det er bestemt at desse skal reviderast i 2021. Modalen kommune er tilmeldt KS sitt styrevervregister <http://www.styrevervregisteret.no/> med lenke lagt inn på kommunen si heimeside. Her kan ein finne opplysningar om ulike verv som tilsette og politikarar har i andre selskap og organisasjonar. Det er ikkje registrert tilhøve som bryt med etiske retningslinjer.

Det er gjennomført tiltak dei siste åra for å betre universell utforming ved helsesenteret og ved busstopp Mo skule. Det er ei utfordring at funksjonshemma framleis ikkje har tilgjenge til andre høgda i kommunehuset. Dette vil ordne seg når det nye nærings- og tenestesenteret vert teke i bruk seinhausten 2021.

Personalpolitiske retningslinjer

Retningslinjer for lønnspolitikk og seniorpolitiske tiltak vart innført frå 01.01.10. Desse er retningsgjevande for kommunen sin personal- og lønnspolitikk. Retningslinjene vart revidert i 2017.

Eit oversyn over dei tilsette syner at om lag 40% av arbeidsstokken i kommunen er over 50 år og vel 10 % er over 60 år. Dette er positivt med tanke på at vi då har ei stor gruppe rutinerde tilsette med solid erfaring frå arbeidslivet. Samstundes syner tala at det ligg ei utfordring i at mange i denne gruppa i

løpet av dei neste ti åra vil gå ut av arbeidslivet. I tida framover er det derfor trong for ein arbeidsgjevarpolitikk som gjer at me får behalda seniorane, men samstundes må me setja inn tiltak for ny rekruttering. I den samanheng må me vera ein attraktiv arbeidsgjevar som trekkjer til oss kompetanse for framtida. Me har derfor vurdert at me skal ha ei meir offensiv satsing på rekruttering av unge arbeidstakarar, til dømes gjennom lærlingeordninga. I 2020 har me hatt tre læreplassar/lærlingar i kommunen.

HMS- arbeid

I organisasjonen vert det fokusert på oppfølging av HMS-arbeid og sjukefråvær. Det har vore utført vernerundar ved alle verneområda. Det er ikkje registrert ulukker eller skader på personalet. Kommunen har avtale med Salutis AS (tidlegare HMS-gruppen), som er Modalen kommune si bedriftshelseteneste. Dei har bidrege med rettleiing, kontrollar, opplæring og førebyggjande tiltak. Det vert laga ein plan for HMS-arbeidet ved inngangen til kvart nytt år. Leiarane på einingsnivå er ansvarlege for å fylgje opp dette arbeidet. Det var fire møter i AMU i 2020. Bedriftshelsetenesta deltok på møta.

Sjukefråvær i %:

År	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla
2012	12.1	11.8	10.5	9.9	11.1
2013	10.7	10.1	7.0	7.8	8.8
2014	7.7	9.5	8.9	8.8	8.8
2015	8.7	9.2	4.2	8.6	7.6
2016	11,3	7,9	5,4	9,6	8,5
2017	13,4	13,3	9,1	7,3	10,8
2018	8,8	5,2	4,3	9,5	7,1
2019	10,0	7,7	4,6	10,2	8,0
2020	14,7	10,3	3,4	5,9	7,5

Fråvær gjeld alle som får fast utbetalt lønn (inkludert faste vikarar). Eigenmeldingar er medrekna.

Modalen kommune er ei inkluderande arbeidslivsverksemd. Det vil seie at me har forplikta oss til å arbeida for inkludering av dei som står i fare for å falla ut av arbeidslivet, eller som slit med å koma inn i arbeidslivet. Kommunen som arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og NAV Arbeidslivssenter er partar i avtalen. Det er utarbeidd lokale delmål i IA-avtalen vedkomande: 1- Sjukefråvær 2 - Personar med redusert funksjonsevne 3 - Avgangsalder.

Resultatmålet for det lokale sjukefråværsarbeidet fram til utgangen av 2020 er eit sjukefråvær på maksimalt 6,5%, målt som gjennomsnitt for dei tre siste åra. Kommunen har ikkje klart å nå dette resultatmålet. Likevel ser me ei positiv utvikling dei siste åra, med unntak av 2017.

Det er kontinuerleg fokus på sjukefråværsarbeidet, og i tilfelle der fråværet kan skuldast tilhøve på arbeidsplassen prøver ein å leggja til rette for å redusera arbeidsbelastninga så langt det let seg gjera. Det er langtidsfråværet som gjev utslag på fråværsprosenten. Korttidsfråværet ved alle einingar er lågt.

Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og tryggheit innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjør det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

På bakgrunn av ny organisering gjennomførte kommunen ein hovudrevisjon av den overordna krise- og beredskapsplanen i 2013. Planen vart sist revidert hausten 2020, men mindre endringar i planen skjer fortløpande gjennom året og fast ved overgang til nytt kalenderår. Tenestene har også egne beredskapsplanar basert på lokale forhold.

Kommunen skal ta omsyn til tryggleik og beredskap i samband med all arealplanlegging. Det er m.a. krav om at det vert utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med alle nye reguleringsplanar. Forskrift om konsekvensutgreiingar omtalar i kva tilfelle det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) og kva denne skal innehalde.

Mål og tiltak for samfunnstryggleik og beredskap i 2020:

- Gjennomføre ei årleg beredskapsøving for kriseleiinga. Gjennomført. I tillegg har store delar av 2020 vore ei kontinuerleg øving i kriseleiing på grunn av Koronapandemien
- Årleg revisjon av krise- og beredskapsplan. Gjennomført
- Revidere og utvikle kommunen sine varslingsrutinar og varslingskanalar. Gjennomført.

Også 2020 har vore eit godt arbeidsår for Modalen kommune. Det er gjennomført viktig og godt arbeid med organisasjonsutvikling og tenesteutvikling i dei ulike einingane. Eingsleiarane presenterte sine fokus- og utviklingsområde for kommunestyret i budsjettprosessen hausten 2020.

Rådmannen vil her retta ei stor takk til alle tilsette for vel utført arbeid i 2020 og til tillitsvalde og leiarar for godt samarbeid gjennom året. 2020 har i stor grad vore prega av Korona pandemien som har utfordra både organisasjonen og innbyggjarane på ein måte ingen av oss har erfaring med frå tidlegare.

Rådmannen vil også takka for samarbeidet med politikarane.

Møte i politiske organ og oppfølging av vedtak

Kommunestyret

Etter kommune- og fylkestingvalet hausten 2019 har kommunestyret følgjande medlemmer i perioden 2019 – 2023:



SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Kjetil Eikefet - ordfører	Ann-Jorunn Farestveit - varaordfører
Kristin Nåmdal	Linda Neset
Anne Britt Almelid	Robert Helland
Liv Anne Aanesen	Ole Kristian Øvre Helland
Roger Wilhelm Fure	Håvard Engeseth
Ove Eidsnes	Sigrunn Almelid Birkeland
Marit Kristin Nygard Nese	

Møter i kommunestyret:

År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Tal møter	6	4 + 3 2)	9 3)	7	7	9	6
Tal saker	47 1)	58 1)	74 1)	64	57	77	65

Innkallingar og protokollar vert no sendt ut elektronisk til kommunestyre / formannskap og vert lagt ut på kommunen si heimeside. Kommunestyret har teke i bruk den nye politikarportalen og brukar sine private PC-ar til politiske gjermål. For dette får dei ei årleg godtgjering. Innføringa av elektronisk utsending har redusert kostnader til porto og effektivisert dette arbeidet.

Kommunestyret har i 2020 mellom anna handsama følgjande saker:

Dato	Saknr	Saka gjeld
13/2	005/20	Smittevernplan for Modalen kommune
	007/20	Tilbod om kjøp av fibernettet i Modalen kommune
16/4	012/20	Ekstraordinær bruk av Næringsfondet i samband med Koronakrisa
	013/20	Nordhordlandspakken – punktutbetringar langs fv 569 i Modalen
	014/20	Godkjenning av kulturplan 2020 - 2029
	015/20	Forskrift om godtgjering og velferdsgodar til folkevalde i Modalen

11/6	022/20	Årsmelding og rekneskap 2019
	023/20	Mo nærings- og tenestesenter
	024/20	Økonomirapportering 1. tertial
	025/20	Val av meddommarar for perioden 2021 - 2024
	026/20	Val av skjønnsmedlemer for perioden 2021 - 2024
	027/20	Intensjonerklæring Akson – heilskapeleg samhandling og felles
	029/20	Revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan
24/9	034/20	Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ
	036/20	Val av medlem til forliksråd
	040/20	Dagsturhytta – Modalen kommune
	041/20	Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland
05/11	046/20	Framtidig organisering av Nordhordland digitalt
	047/20	Økonomirapportering 2. tertial
	048/20	Delegeringsreglement 2020
10/12	053/20	Deltaking i Voss – Osterfjorden vassområde
	054/20	DigiVestland – regionalt samarbeide om digitalisering i Vestland
	056/20	Oppdatering av selskapsavtale Nordhordland revisjon IKS
	057/20	Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024
	058/20	Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024
	059/20	Revisjon av selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS
	060/20	Revisjon av selskapsavtale for Nordhordland Utviklingsselskap IKS
	061/20	Søknad om salsbevilling for alkohol Coop marked Modalen
	063/20	Økonomireglement for Modalen kommune
	065/20	Budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Etter rådmannen si vurdering er kommunestyret sine vedtak i 2020 gjennomført og fulgt opp av administrasjonen som føresett.

Formannskapet

Etter kommune- og fylkestingvalet hausten 2019 har formannskapet følgjande medlemer i perioden 2019 – 2023:

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Kjetil Eikefet - ordførar	Ann-Jorunn Farestveit - varaordførar
Kristin Nåmdal	Håvard Engeseth
Liv Anne Aanensen	

År	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Tal møter	9	7	7 2)	9 + 3 2)	9	10	8	8	7
Tal saker	65	41	47 1)	69 1)	68 1)	64 1)	41	26	44

Etter rådmannen si vurdering er formannskapet sine vedtak i 2020 gjennomført og fulgt opp av administrasjonen som føresett.

Kundetorget

Kundetorget har 4 tilsette . Dagleg drift av Bryggjeslottet, ungdomskoordinator, bibliotek og flyktningearbeid ligg og under kundetorget.

Organiseringa gjev overlappende kunnskap til utføring av ulike oppgåver ved sjukdom og ferie. Grunna kovid 19 utbruddet og av hensyn til smittevern har dei tilsette rulert med å ha heimekontor.

Kundetorget sine oppgåver rettar seg både mot publikum, og internt i organisasjonen.

I 2020 vart kulturplanen vedteken, den inneheld handlingprogram for utvikling av kultur, idrett, friluftsliv og folkehelse.

Kundtoret er involvert i fleire prosjekt:

Digitalisering og innovasjon, arkiv Norhordaland og Di-portal og innbyggjartenester.

Hovedmålet med prosjekta er å utvikla nye betre tenester og fylgja den digitale utviklinga i samfunnet.

Digitalt fyrsteval og sjølvbetjening på nett skal gjera at innbyggjarane i større grad kan finna informasjon og løysa oppgåver sjølv på nettet.

Driftsoppgåver knytt til IKT blir utført av Interkommunale IKT-Tenester Nordhordland (IKTNH).

Sommarjobb

30 ungdommar frå Modalen i alderen 15 – 21 år har hatt sommarjobb i kommunen i 2020.

Dei har fått tilbod om 3 veker. Arbeidet er fordelt på Bryggjeslottet, Modalstunet, Modalen barnehagen og teknisk uteseksjon. Tilbodet gjeld for ungdom som har gjennomført 10.klasse i Modalen.

Stipend til elevar i vidaregåande skule

Stipendet vert gjeve til elevar som går på vidaregåande skular, og som har foreldre/heimen sin i Modalen kommune. 23 elevar/lærlingar har fått utbetalt stipend.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet i Modalen vart oppretta 15. november 2015, og skal vere eit synleg og aktivt råd, for å fremje ungdommen i Modalen sine meiningar. Modalen ungdomsråd skal arbeida med saker som engasjerer ungdommar, og vere tilgjengeleg for politikarane i aktuelle saker. Ungdomsrådet skal uttale seg til politiske saker som vedkjem ungdomane og framtida deira i Modalen. I 2020 har ungdomsrådet ikkje vore aktivt grunna Korona og utfordringar med val av nye medlemmer.

IKT samarbeid

Modalen kommune har felles IKT-drift saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Frå 2020 kom Gulen, Samnanger og Austevoll inn i samarbeidet. Samstundes erstatta Alver kommune Radøy, Lindås og Meland kommunar. Interkommunale IKT-tenester Nordhordland vart oppretta og organisert som eit interkommunalt samarbeid etter vertskommuneprinsippet, der Osterøy kommune var vertskommune. IKTNH drifter IKT- oppgåver for samarbeidskommunane, og vart frå 2020 organisert som eit interkommunalt oppgåvefellesskap etter § 19 i ny kommunelov, med styre og representantskap. Styret for IKTNH er rådmennene i samarbeidande kommunar, medan ordførarane utgjer representantskapet

Gjennom året har det vore fokus på å følgje opp dei ulike fellesprosjekta som er sett i verk gjennom det regionale IKT-samarbeidet. Kundetorget har også vore sterkt engasjert i innføringa, opplæringa og bruken av dei nye IKT-løysingane

Fordeling av kostnadane for drift av IKTNH skjer etter ein modell der 1/3 av kostnadane vert fordelt flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal. Utgifter knytt til kommunane sine lisensar og lokalt utstyr vert betalt direkte av den einskilde kommune.

Økonomisk resultat rådmannen/sentraladministrasjonen 2020

Totalt sett kjem rådmannen/sentraladministrasjonen ut med eit mindreforbruk i høve revidert budsjett på om lag kr 170 000 i 2020.

Det har vore eit lite negativt avvik samla sett i forhold til revidert budsjett under ansvar 1000 - rådmannen. Totalt utgjer dette omlag kr 90 000 i auka utgifter for 2020. Hovudsakleg kjem dette i samband med auka kostnader til flytting til mellombelse lokale under byggeperioden.

På ansvar 1200 – kommunekasserar har det vore eit lite meirforbruk på om lag kr 110 000 i 2020. Dette skuldast hovudsakleg auka kostnader på forsikringar i høve budsjett, samt utsetjing av tidspunkt for overføringa av skatteoppkrevjarordninga til staten.

På ansvar 1400 – IKT drift var det i 2020 eit mindreforbruk på om lag kr 290 000 i høve budsjett. Dette er hovudsakleg reduserte kostnader på grunn av utviding med tre nye kommunar i IKT samarbeidet, og som gjer at totalkostnadane vert fordelt på fleire kommunar enn tidlegare

På ansvar 1800 – Kundetorget var det i 2020 i eit mindreforbruk på om lag kr 80 000. Dette gjeld hovudsakleg innkjøpspostar.

Næring/næringsfond

Næringsfondsstyret:

År	Tal møter	Tal saker /tal løyvingar	Tilskot løyvd kr.	Lån løyvd kr
2020	4	5 / 4	1 326 700,-	103 093,-
2020	Delegasjon rådmannen	14 / 8	293 200,-	32 000,-

Merk:

- Næringsfondsstyret gav èit avslag.
- Rådmannen gav 6 avslag.
- Kommunestyret opna i april for ekstraordinær bruk av næringsfondet i samband med koronakrisa.

Løyvingar fordeling på næringar:	2020
Landbruk	6
Reiseliv/service/handel	4
Industri/produksjon/anlegg	1
Prosjekt/anna	1

Bruk og tilgang – næringsfondet.

Utvikling av status/saldo:

År	Inngående saldo pr. 01.01.	Utgående saldo pr. 31.12.
2010	6 620 506	2 235 118
2011	2 235 118	8 577 992
2012	8 577 992	8 443 268
2013	8 443 268	9 846 208
2014	9 846 208	13 014 207
2015	13 014 207	12 767 508
2016	12 767 508	10 713 406
2017	10 713 406	11 503 748
2018	11 503 748	7 032 042
2019	7 032 042	5 392 331
2020	5 392 331	5 638 196

Av næringsfondet er kr 2 millionar bunde som **grunnkapital** og denne er **inkludert** i saldoar ovanfor.

	Bruk	Note	Tilgang
Saldo pr. 01.01.2020*		10	3 392 230
Konsesjonsavgift mv			5 872 410
Tilskot til Næringsfond			281 152
Konsesjonskraft m.m.			161 320
Renter og avdrag			3 108 280
Regionalt næringsfond Osterfjord			275 000
"Korona-tilskot" frå staten til kommunale næringsfond			357 243
Utlån til privat verksemd	41 000		
Tilskot til bustader	450 000		
Tilskot til verksemd/landbruk	1 169 150		
Elevstipend	603 790		
Utgift i drift	115 994		
Lønskostnader delstilling utvikling	322 236		
Leige koronaleilighet	577 270		
Tilskot veg	30 000		
Finansiering av investering	5 000 000		
Avsetjing til nytt servicebygg	1 500 000		
Saldo pr. 31.12.2020*			3 638 195

*Saldo i oversynet er **eksklusiv** kr 2 millionar kroner bunde som grunnkapital (rekneskap note 10).

Næringsfondet vert òg nytta til finansiering av investeringar i infrastruktur, tilskot til bustadetablering og andre føremål utover direkte stønad til næringsverksemd.

Modalen kommune har forskottert kr 2 800 000 til utbetring av Fv 569 Dalseid-Eidslandet. Delar av midlane vart refundert frå Hordaland fylkeskommune i 2015 og 2019. Resterande forskottering vart refundert i 2020, og er såleis no heilt tilbakebetalt. Midlane er tilbakeført til næringsfondet. Tilbakebetalinga i 2020 er inkl i Renter og avdrag i oversynet: Bruk og tilgang – næringsfondet 2020.

Næring – mindreforbruk/meirinntekt kr 4 092 221

	Rekneskap	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Rekneskap
	2020	2020			2019
Rådmannen/sentraladm	- 826 574	3 265 647	-4 092 221	-125,3 %	3 566 485

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Motteke tilbakebetaling på lån frå Vestland fylkeskommune: kr 2 500 000 over budsjett. Var budsjettert i investeringsbudsjettet ved ein feil.
 - Mottekne avdrag på lån: kr 61 000 over budsjett.
 - Refusjonar Osterfjorden Næringssamarbeid: kr 275 000. Ikkje budsjettert.
 - Tilskot frå Statsforvaltaren til vidareutdeling (i 2021): kr 357 000. Ikkje budsjettert.
-
- Sal av konsesjonskraft (for åra 2019 og 2020): kr 93 000 over budsjett.
 - Mindreforbruk div utgifter i drift, herav matr, informasjon, annonsering: kr 126 000.
 - Mindreforbruk konsulenttenester: kr 300 000.
 - Leige av lokale i samband med koronaberedskap: kr 497 000 over budsjett.
 - Tilskot kr 107 000 under budsjett.
 - Utlån: kr 759 000 under budsjett

Økonomi og rekneskap

Modalen kommune sin rekneskap for 2020 er avslutta med eit netto driftsresultat på kr 6 510 711,93.

Det viktigaste økonomiske nøkkeltalet i rekneskapsoversyna, når det gjeld å vurdere drifta i kommunen, er netto driftsresultat. Netto driftsresultat er overskotet frå den løpande drifta i rekneskapsåret som kommunen kan nytta til avsetjingar og investeringar. Det er tilrådd å leggja til grunn at netto driftsresultat bør vera positivt på minst 1,75 % av driftsinntekta for å ha ein sunn økonomi. Kommunestyret har vedteke som langsiktig mål at netto driftsresultat skal vere minst 3 % av samla driftsinntekt. Eit netto driftsresultat på kr 6,5 millionar utgjer 6,3 % av samla driftsinntekt på kr 103,4 millionar.

Dersom me korrigerer netto driftsresultat for postane knytt til premieavvik, samt netto avsetjing til bundne driftsfond kjem me fram til Korrigert netto driftsresultat. Korrigert netto driftsresultat vart kr 6,3 millionar som utgjer 6,1 % av samla driftsinntekt.

Svært mykje av resultatet knyt seg til nærings-/næringsfondsområdet, særleg tilbakebetaling frå fylket av midlar til forskottering av veg på kr 2,5 millionar.

Løn

Lønsutgifta er den største utgiftsposten til alle kommunar. Kr 55,9 millionar inkl sosiale kostnader av samla driftutgift på kr 102,2 millionar, utgjer 54,7 %. Tilsvarende i 2019 var 55,7 %. Lønsandelen av utgiftene er såleis noko redusert frå 2019 til 2020, og er lågare i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar. I utgangspunktet indikerer det god økonomi og godt handlingsrom at ein har relativt stor del av utgiftene disponibelt til anna enn løpande lønsutgifter. Men me må òg hugse at Modalen kommune i tillegg kjøper mykje tenester frå andre kommunar samt frå vikarbyrå. Samla kjøpte Modalen kommune tenester frå andre kommunar og vikarbyrå for til saman kr 7,9 millionar i 2020.

Investering


Bevilgningsoversyn for investering syner samla investeringsutgift i 2020 på kr 31,3 millionar. Det har vore rekneskapsført investeringsutgift på til saman 13 prosjekt i 2020. Dei største prosjektutgiftene har vore knytt til dei 2 prosjekta: Nytt nærings- og tenestesenteret med kr 19,0 millionar og Oppgradering av brannstasjonen med kr 9,9 millionar.

VURDERING

Netto driftsresultat

2020 har gjeve eit høgt, positivt netto driftsresultat for Modalen.

Diagram: Utvikling netto driftsresultat 2011-2020 (Tal i 1000)



Netto driftsresultat er resultatet av løpande driftsutgift og driftsinntekt, inkludert finansinntekt og finansutgift. Avskrivningar inngår ikkje i resultatet. Netto driftsresultat er knytt til den løpande drifta og gjev


eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einkilde år, samt gjev ein peikepinn på kor robust økonomien er. Netto driftsresultat er høgare enn tilrådinga på minst 1,75 %, og noko høgare enn snittet dei siste 10 åra som er om lag kr 5,9 millionar. I desember 2020 fastsette kommunestyret langsiktig mål for netto driftsresultat til å skulle vere minimum 3 % av samla driftsinntekt. Netto driftsresultat 2020 på 6,3 % er godt over målsetjinga.

Korrigert netto driftsresultat

I samandraget er det peika på premieavviksinntekt som er ein post som påverkar netto driftsresultat utan eigentleg å vere ein del av den løpande, ordinære drifta. I tillegg til dette kan ein ha inntekt frå øyremarka/bundne midlar. Netto driftsresultat korrigert for premieavvik, og korrigert for netto avsetjing til bundne fond, fører fram til **korrigert netto driftsresultat**. Dette vart kr 6,27 millionar i 2020 mot kr 1,75 millionar i 2019. I 2018 var korrigert netto driftsresultat negativt med - kr 2,8 millionar. Kr 6,27 millionar utgjer 6,1 % av driftsinntektene. Tilsvarende resultatprosent var 1,8 % i 2019 og – 3,2 % i 2018.

Korrigert resultat er òg mykje over tilrådd nivå for netto driftsresultat. Korrigert driftsresultat har vore høgt i mange år fram til 2017 sjølv om inntektsnivået gjekk nedover. 2018 var det femte året på rad med nedgang i eigedomsskatteinntekta, og me fekk negativt resultat. Men nedgangen snudde og det har vore positiv utvikling 2019 og 2020. Utfordringa framover vert i stor grad knytt til utviklinga i eigedomsskatteinntekt, der prognosane har vist sterkt nedgåande inntekt.

Under følgjer ein tabell over utviklinga i Korrigert netto driftsresultat

Diagram: Korrigert netto driftsresultat 2011-2020 (tal i 1000)


NB: Me må legge til grunn at tilbakebetalinga av forskotteringa av utgift til veg med kr 2,5 millionar ikkje er årleg ordinær inntekt. Justerer me òg for den inntekta, vert «justert netto driftsresultat» kr 3,77 millionar.

Særskilte ting som har påverka økonomien og driftsresultatet i 2020 er:

- Korona:
 - Modalen kommune har utgiftsført kr 1,2 millionar som direkte meirutgift knytt til Korona-pandemien.
 - I tillegg kjem arbeid relatert til Korona-pandemien utført av tilsette som kommunen ville hatt uavhengig av pandemien.
 - I tillegg kjem redusert inntekt samt auka utgift/ redusert refusjon for tiltak innan Pleie og omsorg som utgjør samla om lag kr 1,2 millionar.
 - Samla økonomisk verknad for kommunen knytt til Korona-pandemien er såleis om lag kr 2,4 millionar.
 - Modalen kommune har fått totalt kr 1,27 millionar i rammetilskot og skjønsmidlar knytt til Korona-pandemien.
 - Modalen kommune har fått redusert arbeidsgjevaravgifta med om lag kr 380 000 som følgje av redusert avgiftssats i mai og juni grunna Korona-pandemien.
 - Samla kompensasjon til kommunen knytt til Korona-pandemien er såleis om lag kr 1,65 millionar.
 - I tillegg til det ovennemnde kjem Korona-tilskot til kommunale næringsfond
- Sal av konsesjonskraft etter avtale med Hordaland fylkeskommune gav eit tap på kr 114 000
 - I 2019 hadde kommunen ei inntekt på kr 3,6 millionar knytt til dette.
 - Inntekta i 2019 gjaldt 2 års konsesjonskraft (2018 – 2019)

- Tilbakebetaling av lån/forskottering frå Hordaland fylkeskommune kr 2,5 millionar.
 - Gjeld tilbakebetaling av forskottering av utgifter knytt til Fv 569 ved Eidslandet samt Fv 313 Evanger – Nesheim
 - Tilbakebetalinga vert tilbakeført til næringsfondet.

- Låg nettoutgift knytt til næringsfondsområdet
 - Rammeområdet for næring har nettoinntekt på kr 827 000 mot budsjettert nettoutgift på kr 3,27 millionar.
 - Differansen er kr 4,1 millionar og påverker netto driftsresultat
 - Dette er inkludert til 2,5 millionar i tilbakebetaling av forskottering til veg
 - Ekstra midlar knytt til Korona-pandemien der noko av utdeling av midlane vert gjort og rekneskapsført i 2021.
 - Kr 4,1 millionar av netto driftsresultat på kr 6,5 millionar knyt seg såleis til næringsfondsområdet.

Me ser at svært mykje av driftsresultatet knyt seg til nærings-/næringsfondsområdet med høgare inntekt enn lagt til grunn, samt lågare utgift. Noko av dette gjeld ekstra midlar til næringsfond i samband med Korona-pandemien der bruk/utbetaling av midlane kjem i 2021.

Det har mange gongar vore peika på at kommunen treng høge, positive driftsresultat for å kunna finansiera

investeringsutgiftene med eigne oppsparte midlar. Korrigert netto driftsresultat på kr 6,27 millionar syner stor betring, og er høgare enn gjennomsnittet for dei siste 10 åra, som er om lag kr 4,6 millionar i pluss. Rådmannen har tidlegare vist til at det er viktig å oppretthalda eit høgt driftsresultat samt å tilpassa investeringsnivået til driftsresultata over tid. I budsjett- og økonomiplanarbeidet dei seinare åra har det vore eit særleg fokus på tilhøvet mellom driftsresultat og investeringsnivå. Det har vore eit klart auka press på resultatnivået som følgje av nedgang og svingningar i eigedomsskatteinntekt. Kommunen har klart å levere gode resultat til tross for dette fram til 2017, men i 2018 vart det for fyrste gong negativt driftsresultat. Både i 2019 og 2020 har resultatet betra seg. Det vil vere viktig framover å skape positive årlege driftsresultat, med ein storleik som kan finansiere årlege investeringar og dekke auka finanskostnader som følgje av planlagte låneopptak. Dårlege prognosar på utviklinga i eigedomsskatteinntekt vil gjere økonomien strammare om tala vert så dårlege som siste prognosane i haust viser.

Rekneskapsmessig mindreforbruk: kr 0

Etter endringar i Kommunelova og reglane for rekneskapsføring, vil det ikkje lenger kunne avleggast eit årsrekneskap med mindreforbruk.

Driftsinntekt

Modalen kommune har relativt høg inntekt, noko som er nødvendig for ein svært liten kommune om ein skal kunne tilby spekteret av velferdstenester, samt tilrettelegging og utvikling av infrastruktur mv.


Diagrammet lenger nede syner at 42,02 % (21,64 % + 20,38 %) av samla driftsinntekt kjem frå postane naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. (Tilsvarende prosent i 2019 og 2018 var 41,46 % og

42,31 %). Rammetilskot frå staten og skatteinntekt frå personlege skattyttarar er av mykje mindre betydning i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar, der desse inntektspostane er dei klart største.

Det er tydeleg at det framleis er inntekt basert på utnytting av kommunen sine egne ressursar som er det viktigaste grunnlaget for den kommunale tenesteytinga og samla utgift i kommunerekneskapen. Dette biletet har vore relativt stabilt dei siste ti åra, der naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt har svinga noko omkring 50 % av dei samla inntektene i perioden, men me har sett ein tydeleg nedgang som følgje av reduksjonen i eigedomsskatteinntekt. Prognosane for vidare utvikling i eigedomsskatt tilseier at eigedomsskatteinntekta, både i reine kroner, og som andel av samla inntekt, vil verte redusert i åra som kjem

Rammetilskot frå staten har dei siste 10 åra svinga frå om lag 16 % i 2000 ned til under 8 % av dei samla inntektene i 2010. I 2019 vart andelen 22,83 %. (NB: stor auke i 2011 som følgje av innlemminga av barnehagetilskot i rammetilskotet). 2020 var eit år prega av Koronapandemien, og kr 1,27 millionar av rammetilskotet er knytt til auka tilskot grunna Korona.

Diagram: Fordeling av samla inntekt på ulike inntektspostar 2020:



Samla driftsinntekt auka med 7,26 % i høve til 2019 (sjå tabell), medan auken i driftsutgift var på 1,98 %, sjå lenger nede om dette.

Utvikling i driftsinntekt 2016 – 2020:

	2016	2017	2018	2019	2020
Sum driftsinntekt (tal i 1000)	92 141	99 563	88 499	96 387	103 387
%-vis endring	3,80 %	8,10 %	-11,10 %	8,90 %	7,26 %

Inntekstpostar med stor endring:

	2019	2020	Endring	Endring i %
Sals- og leigeinntekt	7 487	3 754	-3 733	-49,9 %
Overføring og tilskot frå andre	15 565	17 574	2 009	12,9 %
Skatt og rammetilskot	47 810	50 955	3 145	6,6 %
Sjukelønsref (inkl fødselspengar)	1 849	2 829	980	53,0 %
Eigedomskatt	18 128	22 369	4 241	23,4 %
Sum utval	90 839	97 481	6 642	7,3 %

Driftsutgift

Driftsutgiftene til kommunen har auka frå kr 100,2 millionar til kr 102,2 millionar frå 2019 til 2020. Auken utgjer 1,98 % og er ein mykje lågare utgiftsvekst enn året før (4,4 %). Dette er inklusiv avskrivningar og utanom finanspostane. Avskrivingsutgift vert nulla ved eigen motpostering i kommunerekneskapen og er ikkje med i netto driftsresultat. Utgiftsveksten på kr 2 millionar inkluderer meirutgift på kr 1,2 millionar knytt til Corona. Utgiftsveksten er såleis låg, og lågare enn dei fleste åra i 5 års perioden. Berre 2018 er

lågare. Som vist over er inntektsveksten høgare enn utgiftsveksten i 2020. I haust vurderte regjeringa samla pris- og lønsvekst til 1,6 % for 2020.

Utvikling i driftsutgift 2016-2020:

	2016	2017	2018	2019	2020
Sum driftsutgift (tal i 1000 kr)	91 923	95 616	95 943	100 245	102 228
Prosentvis endring	4,72 %	4,02 %	0,34 %	4,40 %	1,98 %

Løn inkl. vikarbyrå og refusjon sjukeløn

Lønsutgift inklusiv sosiale utgifter (pensjon/arbeidsgjevaravgift), refusjonsinntekt frå sjukmeldingar og fødselspermisjon, er auka med 1,1 % i høve til 2019. Då er det òg teke omsyn til bruk av vikarbyrå. Det er i hovudsak innan Pleie og omsorg det har vore bruk av vikarbyrå.

KS opplyser at utrekna årslønsvekst frå 2019 til 2020 for KS tariffområde er 1,7 %. KS tariffområde er alle kommunar og fylkeskommunar utanom Oslo.

Ein auke på nominelt 1,1 % er lågare enn lønsveksten, og syner såleis ein aktivitetsreduksjon som utgjer om lag kr 0,3 millionar samla for kommunen.

Tabell: Utvikling 2016-2020 Løn inkl sos.utgift, vikarbyrå og refusjon

(Rekneskapstal i tusen)	2016	2017	2018	2019	2020
Lønsutgift	43 197	44 765	41 315	44 531	45 474
Oppg.pl. ytingar	427	425	315	244	249
Sosial utgift	10 972	11 135	10 621	11 243	10 404
Vikarbyrå	590	2 408	2 080	1 563	3 047
Ref sjukeløn	-2 071	-2 460	-1 221	-1 642	-2 374
Ref fødselspengar	-570	-582	-281	-207	-455
Netto løn inkl vikarbyrå	52 545	55 691	52 829	55 732	56 345
Endring i %	2,03 %	5,99 %	-5,14 %	5,50 %	1,10 %

Budsjettstyring og avvik

	Rekneskap 2020	Justert budsj 2020	Avvik	Avvik i %	Rekneskap 2019
Rådmannen/sentraladm	16 986 989,77	17 155 624,60	-168 634,83	-1,0 %	12 214 493,82
Kultur	1 299 742,16	2 018 888,40	-719 146,24	-35,6 %	1 872 794,43
Sosial og barnevern	1 492 370,80	1 290 400,00	201 970,80	15,7 %	1 193 894,13
Skule	11 645 815,90	11 532 337,00	113 478,90	1,0 %	11 662 705,44
Barnehage	4 633 661,08	4 508 816,00	124 845,08	2,8 %	4 705 235,76
Pleie og omsorg	19 165 035,82	18 847 730,00	317 305,82	1,7 %	17 758 360,79
Kommunelege	6 141 472,83	5 787 359,00	354 113,83	6,1 %	5 436 732,44
Teknisk	14 896 362,69	15 291 275,00	-394 912,31	-2,6 %	14 658 414,57
Delsum	76 261 451,05	76 432 430,00	-170 978,95	-0,2 %	69 502 631,38

	Rekneskap 2020	Justert budsj 2020	Avvik	Avvik i %	Rekneskap 2019
Næring	-826 573,61	3 265 647,00	-4 092 220,61	-125,3 %	3 566 485,38
Sentrale postar	-2 795 942,82	-3 351 000,00	555 057,18	-16,6 %	-4 841 316,76
Totalt	72 638 934,62	76 347 077,00	-3 708 142,38	-4,9 %	68 227 800,00

Oversikta syner nettoutgift pr. budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettløyvingane. Kommunestyret har gjeve rammeløyving til desse budsjettområda:

Rådmannen/sentraladministrasjon, Kultur, Næring, Sosial og barnevern, Skule, Barnehage, Pleie og omsorg, Kommunelege og Teknisk. I tillegg kjem Sentrale Postar som i hovudsak består av mva-kompensasjon, premieavvik og småinvesteringar.

I samband med 2. tertialrapportering vart dei fleste løyvingane nedjustert. Nedjusteringane var dels ein følgje av redusert pensjonspremie og dels naudsynte tiltak for å bidra til å dekke inn avvik i det samla driftsbudsjettet for 2020.

Oversynet over rammeområda unntatt næring syner eit samla mindreforbruk på kr 170 000 i høve det justerte budsjettet, men med relativt store variasjonar.

Det er 3 budsjettområde som har mindreforbruk, og 5 budsjettområde som har meirforbruk. Netto vert likevel eit samla mindreforbruk, som i stor grad knyt seg til området Kultur.

Kort forklaring avvik 2020:**Rådmannen/sentraladm – mindreforbruk kr 168 634.**

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Meirutgift hjå kommunekassen knytt til forsikringsutgift og meirutgift til Nordhordland kemnerkontor som vart forlenga til november, då staten overtok denne oppgåva
- Kostnader til flytting til mellombelse lokale
- Reduserte utgifter knytt til IKT
- Innsparing på innkjøpspostar

Kultur – mindreforbruk kr 719 146

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Avlyste arrangement grunnar Korona-pandemien

Sosial og barnevern – meirforbruk kr 201 971.

Avvik knyt seg i hovudsak til

- Sosialstønad og lån

Skule – meirforbruk kr 113 479.

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Utgifter til vaksenopplæring me ikkje får refundert lenger
- Meirutgifter knytt til Korona-pandemien

Barnehage – Meirutgift kr 124 845.

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Litt for optimistisk inntektsanslag knytt til refusjonar frå andre kommunar
- Meirutgifter knytt til Korona-pandemien

Pleie og omsorg – meirforbruk kr 317 306.

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Bruk av vikarbyrå utanom avtale
- Redusert refusjon knytt til heimetenstetiltak
- Meirutgifter knytt til Korona-pandemien

Kommunelege – meirforbruk kr 354 114.

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Noko høgare lønsutgifter
- Meirutgifter knytt til Korona-pandemien

Teknisk etat – mindreforbruk kr 394 912.

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Reduksjon av innkjøp/materiell mv
- Lågare utgift til tenestekjøp/kommunesamarbeid enn budsjettert
- Meirutgifter knytt til Korona-pandemien

Næring – mindreforbruk kr 4 092 220

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Tilbakebetaling av forskotterte vegutgifter
- Lågare utlån enn budsjettert
- Betaling frå regionalt næringsfond. Osterfjord
- Merk at næringsområdet vert saldert direkte mot Næringsfondet, og at mindreforbruk såleis gjev mindre bruk av, eller høgare avsetjing til, næringsfondet.

Sentrale postar – mindreinntekt kr 555 057

Budsjettet på denne posten knyt seg i hovudsak til 3 områder: Premieavvik på pensjon, mva-kompensasjon og løyving til småinvesteringar.

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Premieavvik kr 300 000
- VA-plan kr 200 000 over budsjett. Vert tilsvarande lågare 2021.

Investeringar


Det har vore høg investeringsaktivitet i 2020 med eit samla investering i anleggsmidlar på kr 31,2 millionar. Investeringsrekneskapen er avslutta/saldert i balanse, finansiert med lån, egne midlar, mva-kompensasjon og sal av anleggsmidlar. Investeringslån opptatt i Kommunalbanken i 2020 med kr 17,4 millionar er nytta til delfinansiering av brannstasjonen og Nærings- og tenestesenteret. Formidlingslån er finansiert med bruk av lånemidlar frå Husbanken. Utlån av formidlingslån i 2020 var på kr 1,85 millionar. I tillegg til dette er eigenkapitalinnskott i KLP utgiftsført i investeringsrekneskapen med kr 211 000.

Dei 2 store prosjekta Oppgradering av brannstasjon og Nytt nærings- og tenestesenter har vore dei klart største investeringsprosjekta i 2020 med rekneskapsført utgift på hhv kr 9,9 millionar og 19,0 millionar. Utover dette er det 13 andre prosjekt med investeringsutgift som samla utgjør knapt kr 2,3 millionar. Sjå oversyn i rekneskapen.

Likviditet/arbeidskapital

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskott, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vera store nok til å dekkje den kortsiktige gjelda. Omløpsmidlane korrigert for den kortsiktige gjelda gjev oss arbeidskapitalen.

Diagram: Utvikling i arbeidskapital 2016-2020 (tal i 1000 kr)




Arbeidskapitalen har vore god, men med ein jamn nedgang frå 2017. Det er normalt ugunstig med negativ utvikling av arbeidskapitalen, men nivået på arbeidskapitalen har over tid vore godt og likviditeten til kommunen er framleis god. Nedgangen i 2019 knyt seg til høge investeringsutgifter der mykje er finansiert med egne midlar.

LÅNEGJELD OG FOND


Fond

Diagram: Samla fondsmidlar pr. 31.12 frå 2016 – 2020 (Tal i 1000 kr)



Oversikta syner ein nedgang i samla fondsmidlar i kommunen i høve til 2019. Samla fondsmidlar er redusert frå kr 28,6 millionar til omlag kr 25,1 millionar.

Diagram: Ubundne fondsmidler pr 31.12, 2016 – 2020 (tal i 1000 kr)



Disposisjonsfond

Samla disposisjonsfondsmidler er kr 10,2 millionar pr 31.12.20. Kommunestyret har vedteke at det langsiktige målet for disposisjonsfondsmidlane til kommunen er at dei skal vere minimum 10 % av driftsinntektene. 10,2 millionar utgjer 9,9 % samla driftsinntekt. Dette er så vidt under målsetjinga og nivået må såleis aukast litt på sikt for å vere i tråd med målsetjinga.

Lånegjeld


Modalen kommune tok sist opp nye lån i 2005 og 2006, samla kr 38,775 millionar, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda har såleis vore relativt høg pr. innbyggjar, men likevel moderat i høve kommunen si evne til å betale rente- og avdragsutgift. Ingen nye låneopptak og høge årlege avdrag har redusert lånegjelda monaleg, både i høve til innbyggjartal og i høve til driftsinntekt fram mot 2020. I 2020 er det for fyrste gong sidan 2006 teke opp nye investeringslån. Samla kr 17,4 millionar er lånt opp til nærings- og tenestесenteret samt brannstasjonen.

Rente- og avdragsbetaling på lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. Kommunen ligg over minstekravet til årleg avdrag. Kommunestyret har vedteke at det langsiktige målet når det gjeld lånegjeld, er at den skal vere maksimalt 60 % av årleg driftsinntekt. Pr 31.12.20 er såleis lånegjelda langt under maksimalgrensa.

Tabell: Utvikling i lånegjeld utanom formidlingslån 2016 – 2020:

LÅNEGJELD	2016	2017	2018	2019	2020
Lånegj i % av dr.innt	20,5 %	17,5 %	18,5 %	16,0 %	30,8 %
Lånegjeld	18 877	17 376	16 376	15 376	31 895
Lånegjeld pr innb	49 287	45 726	43 095	39 629	84 827
Innbyggjartal	383	380	380	388	376

Diagram: Lånegjeld i % av brutto driftsinntekt 2016-2020:



Lånegjelda aukar markant. Nye investeringslån 2020 til Nærings- og tenestesenteret og Brannstasjonen gjev eit hopp i lånegjelda i høve til samla driftsinntekt. Det er planlagt og vedteke nye lån i 2021 til Nærings- og tenestesenteret og lånegjelda vil auke ytterlegare nominelt og i høve til driftsinntekta i 2021.

Likevel er lånegjelda låg samanlikna med dei fleste andre kommunar, og lånegjelda belastar såleis driftsrekneskapen mindre enn dei fleste andre kommunar.

Kultur

Bibliotek-Bryggjeslottet-Ungdomsklubb

Kulturområdet har vore sterkt prega av korona pandemien frå mars mnd. i 2020.

Kulturkontoret i Modalen kommune har oppgåver knytt til turistinformasjon, kulturminnevern, tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjonar, samordning av aktivitetar og tilrettelegging av friluftsliv. I samarbeid med ulike aktørar arrangerer me m.a. barna sin dag i februar, modalsdagane om sommaren og julemarknad i desember.

Me er jamnleg involvert i ulike einskildarrangement og prosjekt gjennom året. Døme er konsertar, folkehelsearbeid, stønad til LAN-party (priv. arr.) m.m.

Pga pandemien som kom tidlig i mars 2020, er omtrent alle aktivitetar avlyst i løpet av året.

Bryggjeslottet ligg under Kundetorget og leiar for denne eininga f.o.m. 1. jan 2019.

Kommunen har mange unge med deltidsjobb på ettermiddagstid/helg. Ekstravaktene er til stor hjelp for at me skal kunne gjennomføre ulike arrangement som t.d. kino, basseng, bowling, kiosk.

Ny ungdomskoordinator var tilsett i november 2020 i 40 % stilling.

Økonomi

	Rekneskap	Budsjett(end)	Avvik	Avvik i %	Rekneskap
	2020	2020			2019
Kultur	1 299 742	2 018 888	-719 146	-35,6 %	1 872 794

Rekneskapan syner mindreforbruk for 2020 med kr 719 146.

Avvik knyt seg i hovudsak til pandemien som har gjort at dei fleste arrangement har vorte avlyst.

Mål for 2020:

Kulturplanen er ferdigstilt og vert lagt fram for kommunestyret våren 2020

I kulturplanen for Modalen 2019 – 2029, er det mange mål for dei kommande åra.

Måla kommunen ynskjer skal iverksetjast for 2020 er:

- Auka tilgangen til biblioteket sine tenester og ressursar
Biblioteket har meir ope for sjølvbetjening, med scanning utstyr for utlån og innlevering.
- Auka aktivitetar som kan gå føre seg i Bryggjeslottet
Pandemien sette ein stoppar for meir aktivitet i Bryggjeslottet.
Det har blitt gjennomført eit stort oppryddingsarbeid i samband med bruk av brikker i Bryggjeslottet.
Det har blitt utarbeida nye kontraktar som stiller meir krav til brikkebrukar.

- Ta vare på område avsett til friluftsliv og leggje til rette for nye område
Ikkje vore arbeid særskild med dette.
- Nyttja sjø og strand meir
Ikkje vore arbeid særskild med dette.

Mål for 2021, som og ligg i Kulturplanen, ein strategisk handlingsplan for kultur, idrett, friluftsliv og folkehelse

- Auka aktivitetar som kan foregå i Bryggjeslottet
- Utvikle Bryggjeslottet til ein god samlingsplass
- Auka ungdomsrådet sin status og innverknad
- Auka fysisk aktivitet for dei over 55
- Ta vare på område avsett til friluftsliv og leggje til rette for nye område og utarbeide handlingsplan for prioritering av tiltak, inkludert vedlikehald
- Få i gang drift av Dagsturhytta

Aktivitetsområde 2020

Barna sin dag vart arrangert i februar med mange aktivitetar for borna. Eventutstyr stilte med innslag, som hoppeborg, bilar, og ansiktsmaling. Oppmøtet var godt og understreka at dette er eit arrangement som etter kvart har blitt ein innarbeidd tradisjon.

Alle andre aktivitetar i regi av kommunen blei avlyst i 2020, t.d Modalsdagane, Veteranbåttreff og julemarknad.

Bryggjeslottet har mykje aktivitet knytt til bygdekino, svømmebasseng, bowlig og gymsal. I perioder har òg desse aktivitetane vore stengd.

Modalen Folkebibliotek

Biblioteket i Modalen er ein viktig stad for mange av innbyggjarane. Sjølv om besøk og utlån er noko redusert dei siste åra, så ligg biblioteket vårt heilt i noregstoppen. Bibliotekstillinga er pr i dag ei 50 % stilling..

Det har vore ulike arrangement som omhandlar forfattarbesøk, barneteater og Den Kulturelle Skulesekken (DKS).

Type utlån	2017	2016	2018	2019	2020
Bøker barn	950	1395	1278	1140	1060
Bøker vaksne	710	1075	765	860	780
Lydbøker barn	40	58	15	10	7
Lydbøker vaksne	80	95	75	60	55
DVD barn	45	105	44	30	20
DVD vaksne	30	71	60	40	17
Musikk barn	10	15			
Musikk vaksne	18	20			
Anna	57	57			
Fjernlån	25	39	20	30	40
Samla utlån	1965	2 930	2216	2170	1979

Utlånstala på biblioteket har stabilisert seg på i overkant av 2000 bøker. Det er framleis slik at det er barnehage, skule og pensjonistane som brukar biblioteket mest. Tiltak som utvida opningstid med sjølvbetjening, eit såkalla "meiroke" bibliotek, er satt i verk. I perioden med koronapandemien har tala gått litt ned, fordi folk følgjer smitteråda og går mindre ut. Det har elles vore ein nasjonal trend dei siste åra at talet på lånte bøker har gått litt ned, samstundes som tala på besøkjande og påmelde til arrangement har gått opp.

Betre digitale tenester, og auka tilgang på e-bøker og lydbøker vil nok vere viktig for lånarane i framtida.

Fritidsklubben

I Modalen Kommune sin kulturplan er det laga handlingsplan for fritidsklubben for 2020-2024. Koronapandemien sette sitt preg på ungdomsklubben som ei tid var stengt og aktivitetar måtte utsetjast.

Måla for handlingsplan:

Klubben skal vere ein trygg møtestad der barn og unge har medverknad

Dette gjennom:

- o Å tilsetja ungdomskoordinator i 40% stilling. (gjennomført)
- o Å invitere/besøkje andre ungdomsklubbar (ikkje gjennomført)
- o Å bruke foreldre som støttespelarar (gjennomført)

Tilbodet skal vere mangfaldig

Dette gjennom:

- o Å arrangere turar til Bergen til t.d. konsertar, teaterbesøk m.m. (ikkje gjennomført)

Klubben skal førebygge rus, utestenging og sosiale ulikskapar. Ansvar for gjennomføring av handlingsplan ligg hos ungdomskoordinator

Dette gjennom:

- o Å halde inspirerande føredrag retta mot ungdom (ikkje gjennomført)

Det skal være tilbod om aktivitetar i feriar.

Dette gjennom:

- o Gje tilbod om aktivitetar i sommarferien (ikkje gjennomført)

I slutten av oktober 2020 vart det tilsett ny ungdomskoordinator (UK) i 40% stilling som har ansvar for gjennomføring av handlingsplan. Den 4. november besøkte UK Modalen skule for å bli kjend med borna og sikre tidleg medverknad. UK satt fritidsklubben til fredagar med juniorgruppe kl. 14.15-17.00 og ungdomsgruppe kl. 17.30-20.30. Fredagar vart valt etter ynskje frå born og unge og for at fritidsklubben skulle ha ein rusførebyggjande effekt ved å skape eit helgealternativ for ungdom. Før årskifte haldt UK fire klubbkveldar med eit samla deltakarsnitt på 22.75 (juniorgruppe + ungdomsgruppe). Desse kveldane bestod av planlagde fellesaktivitetar, frie aktivitetar, og servering og utsal av mat.

Sosialtenesta

Barnevern

Modalen kommune har sidan 2007 hatt avtale med Vaksdal kommune om drift av barnevernstenesta i Modalen. Noverande avtale vart satt i drift 01.01.12.

Barnevernstenesta har grunna koronarestriksjonar/-hindringar ikkje fått høve til å rapportere til kommunestyret for 2020 – dette er planlagt gjennomført i mai 2021.

Modalen kommune og barnevernstenesta har etablert tverrfagleg team (leiar for skule, leiar for barnehage, helsesjukepleiar, kommuneoverlege, psykiatrisk helseteneste og ass. rådmann) som har 4 faste møter gjennom året. Føremål er å styrkje barnevernsarbeidet i Modalen kommune. Dette har vore særleg viktig m.o.t. system, samarbeid og relasjonar. I tillegg å kunne vere tett på barn og unge i eit koronaår som for mange barn og unge har vore annleis. Tal saker som barnevernet har vore involvert i ligg mellom 0 og 4 for 2020.

NAV

Modalen kommune har felles NAV-teneste med Fedje, Austrheim, Gulen og Masfjorden kommunar – NAV Fensfjorden. Masfjorden er vertskommune. NAV Fensfjorden ivaretek det statlege og kommunale ansvaret for arbeids- og velferdsetaten, samt det kommunale ansvaret for økonomisk vanskelegstilte. NAV Fensfjorden følgjer i samarbeid med psykisk helseteneste i Modalen også opp rusavhengige som treng tiltak. NAV Fensfjorden arbeider etter dei mål og føringar som ligg i lov og forskrift, samt oppdragsbrev. Leiar for NAV Fensfjorden orienterte kommunestyret i Modalen i februar 2021 om status for tenesta. Det er ikkje vist til spesielt utslagsgjevande tal vedr. arbeidsløyse i Modalen i samband med koronapandemien. Noko auke i utbetalingar av sosialstønad.

Økonomi

Ansvarsområdet *sosial og barnevern* har eit samla meirforbruk i 2020 på kr 201 971. Hovudårsaka til dette er at ytingar til livsopphald er høgare enn budsjettert. Dette er ein post som reflekterer brukarar/innbyggjarar sine rettar med omsyn til stønad.

	Rekneskap	Budsjett(end)	Avvik	Avvik i %	Rekneskap
	2020	2020			2019
Sosial og barnevern	1 492 371	1 290 400	201 971	15,65 %	1 193 894

NAV Fensfjorden sakshandsamar alle sosialsaker på vegne av Modalen kommune. Sosiallån vert òg sakshandsama av NAV Fensfjorden, men vedtak vert gjort av rådmannen i Modalen kommune (v/ ass. rådmann). Driftskostnadar for NAV Fensfjorden vert avrekna etterskotsvis (jan/febr) etter at driftsåret er avslutta.

Skjenkesaker

Det er to salsløyve og eit skjenkeløyve for alkohol i kommunen. Kommunen har avtale med innleigd kontrollør som ivaretek skjenkekontrollen. Modalen kommune mottok årleg rapport. Det er ikkje rapportert om avvik på kontroll av sals- og skjenkestadene i 2020.

Pleie- og omsorgstenesta



ØKONOMI

	Rekneskap 2020	Buds(end) 2020	Avvik	Avvik i %	Rekneskap 2019
Pleie og omsorg	19 165 036	18 847 730	317 306	1,7 %	17 758 361

Meirforbruk i 2020 kjem i hovudsak på grunn av ledige sjukepleiarstillingar som er dekkja med vikarar frå privat byrå i tillegg til byrå kommunen har rammeavtale med. I tillegg har me fått redusert refusjon i høve heimetenestevedtak. Det har òg vore auke i utgifter i høve bruk av smittevernutstyr.

TENESTER OG OPPGÅVER

Ved Modalstunet vert det gjevne teneste innan pleie- og omsorg etter søknad. Modalen kommune har disponert 6- 9 plassar til eigne innbyggjarar inklusiv korttidsopphald og avlastning. Alver har leigt ein plass til 08.01.20. Det har vore 17 innskrivingar av pasientar ved Modalstunet i 2020, som er 23 mindre enn i 2019 og 10 utskringar, av desse eitt dødsfall.

Me har fokus på tiltak som sikrar stabile inntekter ved institusjonen. Samstundes vurderer me tiltak som kan redusera utgiftene, men likevel gje ei stabil og god drift.

Dagtilbod

11 brukarar har nytta tilbodet kun i 2 mnd, då tilbodet har vore stengt resten av året grunna koronapandemien.

Heimehjelp

5 brukarar har i snitt motteke ca 10 timar praktisk bistand pr. veke.

Heimesjukepleie

15 brukarar har i snitt motteke ca. 25 timar heimesjukepleie pr. veke.

Tryggleiksalarmar

5 brukarar har nytta tryggleiksalarm.

Utkøyring av mat til heimebuande

2 brukarar har motteke middag heim pr. veke.

OVERORDNA MÅL FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA

Gode, brukartilpassa tenester.

God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trong.

Tenesta skal byggje på rehabiliteringstenking.

Eit godt miljø der både brukarar og tilsette skal trivast.

Pårørande skal føla seg velkomne, og dei skal

kjenna seg trygge på at deira familiemedlem har det godt.

Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeider i pleie- og omsorgstenesta i Modalen kommune.

Personell

2020 har vore eit år med ca 1 % høgare sjukefråvær enn i 2019. Kjøp av privat vikarteneste har vore naudsynt gjennom heile året for å kunne drifta eininga. Det har vore store utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar til ledige stillingar, og difor nytta innleige av vikarar.

Mål for 2020 i høve fokus på sjukefråvær har vorte arbeidd med kontinuerleg gjennom IA- avtalen.

Myndiggjering av tilsette er vidareført og vert kontinuerleg arbeidd med.

Ulike velferdsteknologiske løysingar er implementert. Alle tilsette har gjennomført

Velferdsteknologiens ABC. Handlingsplan og faste personalmøter med tilsette er fulgt etter plan.

Kjøkkenet og vaskeri

Kjøkkenet har fokus på «Mat som medisin» då det er ein samanheng mellom kosthald, ernæring og helse. Vaskeriet tilbyr vask av klede til bebuarar.

Aktivitet

Det har vore liten aktivitet i tenesta på grunn av koronapandemien, då det 12.03.20 vart innført nasjonale tiltak med stenging for besøk til bebuarane. I samband med koronapandemien vart det oppretta ei eiga koronaavdeling ved Modalstunet, dersom det skulle oppstå brukarar med korona i eigen kommune. Det vart kjøpt inn ulikt utstyr for å kunne drifte ei slik avdeling. Frå 27.05.20 vart det utarbeidd nye retningslinjer, der bebuarane igjen kunne ta i mot besøk. Det har vore eit krevjande år for tilsette og bebuarar, ut frå at pandemien har styrt oss med opning og stenging i periodar gjennom

året. Bebuarane har kjent på at det har vore vanskeleg å ikkje kunne få ha besøk av sine næraste i store deler av året. Det vart kjøpt inn eit nettbrett, slik at me har gjeve tilbod om digitale samtalar med pårørande for dei som ynskte det.

Ein har kunna nytta uteareal til turar og aktivisert bebuarar gjennom bingo og ulike aktivitetar inne. Tilsette og bebuarar har vist stor vilje til å klare kvardagen i høve pandemien med godt samhald og gode samtalar gjennom året.

Det har vore underhaldning 17.05 i Sansehagen i regi av Diakoninemnda. I tillegg har det vore konsertar som har vorte «streama» som underhaldning for bebuarane, bl.a julekonsert frå Mo kyrkje.

Plan for aktivitetar i 2021:

Implementering og klargjering til drift av Velferdsteknologiprojektet i tenesta.

Implementering av Digi Helse og Henvisning 2.0 i fagsystemet.

Implementering av ICNP verktøy i fagsystemet.

Oppstart med «Leve hele livet reforma»

Starte opp igjen med tilbodet med trim til eldre i samfunnshuset på Øvre Helland

Starte opp igjen med dagtilbod demente for heimebuande

Bilturar for bebuarar.

Helsesenteret

TENESTER OG OPPGÅVER

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsesenteret. Under Modalen helsesenter er følgjande tenester organisert: legekontor, helsestasjon, fysioterapi og psykisk helse.

ØKONOMI

	Rekneskap	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Rekneskap
	2020	2020			2019
Kommunelege	6 141 473	5 787 359	354 114	6,1 %	5 436 732

Kommunelege – meirforbruk kr 354 114.

Avvik knyt seg i hovudsak til:

- Noko høgare lønskostnader
- Ein del ekstraavgifter grunna koronapandemi

Legekontor

Det er ein legeheimel i Modalen, kombinert fastlege- og kommuneoverlege. Vi samarbeider med andre Nordhordlandskommunar om legevakt i Knarvik. Der får innbyggjarar i Modalen hjelp når det ikkje er lege i Modalen. Det var ca. 500-520 personer som har hatt fastlege ved kontoret i 2020. Listetaket er på 600.

Legekontor – Mål for 2020

Sikra våre listepasientar eit tilfredsstillande allmennlegetilbod med:

1. god tilgjengelegheit
2. akseptable ventetider for legetime
3. fagleg forsvarleg kvalitet på tenesta.

Måloppnåing:

Vi har hatt relativt god tilgang på legetimar i 2020, sjølv om det har vore eit annleis år grunna koronapandemi som kom for fullt i mars 2020. Ventetid på vanleg time har oftast vore under 14 dagar.

Legekantoret har i 2020 fått nye oppgåver med testing for korona, og rådgjeving i høve symptom og handtering av dette. Me har også fått ekstra arbeid med å halde oss oppdatert om pandemien, og handtere mykje smittevernstyr etc som blir sendt oss.

Vi gjev legetenester til pasientar som har fastlege i Modalen, og naudsynt helsehjelp til andre som oppheld seg her:

- vanleg timebestilte konsultasjonar
- timar på dagen for tilstander som krev det

- akuttmedisinske konsultasjonar og utrykkingar
- planlagde sjukebesøk til eldre med kroniske eller akutte sjukdomar
- førebyggjande helsearbeid.

Kommunefysioterapeut

Fysioterapitenesta i Modalen kommune utgjer eit årsverk. Fast tilsett fysioterapeut var i 80 % utdanningspermisjon fram til mai 2020 og jobba 20 % i Modalen fram til dette, deretter i 100 % jobb. Det var tilsett vikar i 80 % stilling fram til mars 2020.

Fysioterapitenesta heldt til på Helsesenteret på Mo, og er vanlegvis om lag to halve dagar på Modalstunet kvar veke. Elles har fysioterapeuten ambulerande og stasjonær teneste for pasientar i alle aldrar. Alle skal kunne få tilbod om tenesta uavhengig av om dei bur heime eller på institusjon. Brukarane sjølv, pårørande/foreldre og samarbeidspartar kan ta kontakt.

Det har vore noko redusert aktivitet med gruppe-treningar og teneste ved Modalstunet i 2020 grunna koronapandemi – for å avgrense smitterisiko.

Tenesta omfattar:

Undersøking , funksjonsutgreiing/ vurdering.

Individuell behandling og eventuelt gruppetrening.

Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Vere med å setje realistiske mål for habilitering/rehabilitering saman med brukar, pårørande og samarbeidspartar. Vere med å utarbeide individuelle planar.

Råd og rettleiing for å betre eller bevare funksjon og førebyggje sjukdom og skade.

Trening med sikte på at brukaren skal klare viktige daglege funksjonar.

Førebyggjande helsearbeid og opplæring.

Utprøving, søknad om og oppfølging i bruk av tekniske hjelpemiddel for å bevare eller betre funksjon.

Rettleiing ved tilpassing av bustad etter funksjonstap.

Kommunefysioterapeut – Mål for 2020

- Ha ei fagleg god utøving av alle ansvarsområda som ligg i stillinga.

Måloppnåing:

Har vore tilgjengeleg for timebestilling for både barn, vaksne og eldre gjennom mykje av året.

Fysioterapeuten har vore inne på aktuelle avdelingar og trinn i barnehagen og på skulen, men noko mindre enn vanleg. Har samarbeida med helsesjukepleiar om oppgåver på skulen og i barnehagen, samt deltatt i oppfølgingsmøter rundt enkeltbarn, samarbeid og ansvarsgruppemøter.

Har i hovudsak jobba med og oppnådd mål som skissert under tenesteskildring.

Helsestasjon

Målgruppa for skule- og helsestasjonstenesta er born og unge i alderen 0 - 20 år.

Tenesta er lovpålagt og skal førebyggje sjukdom, fremja god fysisk og psykisk helse samt fremja gode sosiale og miljømessige forhold for barn og unge. I 2020 har me kjøpt teneste hjå Masfjorden kommune for å dekkje helsesjukepleiar i kommunen. Ei av helsesjukepleiarane tilsett i Masfjorden kommune har vore hjå

oss i 30% stilling. Helsesjukepleiar er i Modalen fysisk kvar torsdag og er elles tilgjengeleg på mobil og e-post for brukarane frå Modalen

Helsesjukepleiar har ansvar for helsestasjon og skulehelsetenesta. Det er lege fast tilgjengeleg ved seks vekers, seks månaders, eit-års og to- års konsultasjon, samt ved førskuleundersøking. Helsestasjonen er lokalisert i helsesenteret på Mo og har i 2020 hatt ope 1 dag per veke, kvar torsdag. Helsestasjonen har gitt tilbod om at foreldre med dei minste barna får komme på helsestasjonen kvar månad første leveår og seinare ved 15, 18 månad og til 2 og 4 års kontrollar. Oppfølging av barn med spesielle behov oftare. Deltok på tverrfaglege oppfølgingsmøter som gjeld barn med ulike utviklingsvanskar. Denne tenesta har vore i full drift gjennom heile korona-året 2020

Skulehelseteneste:

Helsesjukepleiar er på skulen kvar torsdag med tilbod om vaksinasjoner etter Folkehelsa sine anbefalingar og ellers nasjonale retningslinjer for skulehelsetenesta. Helsesjukepleiar har «dropp-inn» på skulen med låg terskel for elevar, foreldre og lærere og komme innom. Dette tilbudet vert nytta . I tillegg deltek helsesjukepleiar på oppfølgingsmøter som gjeld barn med samansette utviklingsvanskar for å sikre oppfølginga.

Tverrfagleg samarbeid.

Helsesjukepleiar samarbeider tett med legetenesta , psykisk helse, kommunefysioterapeut, tilsette i skule, barnehage, PPT og barnevern.

Helsestasjon – Mål for 2020

Måla i 2020 har vore å ha ei teneste på helsestasjonen og i skulehelsetenesta som er i tråd med nasjonale retningslinjer. I tillegg arbeide for helsefremmande og forebyggande helsestasjonsteneste i Modalen kommune.

Psykisk helseteneste

Lokalt psykisk helsearbeid skal bidra til fleire friske leveår for befolkninga og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den enkelte, for tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å fremje meistring av eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddelproblem eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte og avlastning. Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune har og ansvar for tenester til menneske med psykisk utviklingshemming.

Den psykiske helsetenesta utgjer til saman to årsverk. Det er tilsett personale med vidareutdanning i psykisk helsearbeid i 2 årsverk. Det er i tillegg tilsett kommunepsykolog i 20 % stilling, og psykolog var på plass hausten 2020. Ca. 10 % stillingsressurs har vore brukt til personale som gjev individuell jobbstøtte.

Mål

1. Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune skal vera eit lågterskeltilbod. Dette betyr at pårørande, brukar sjølv eller andre i hjelpeapparatet er velkomne til å ta direkte kontakt. Det er ikkje naudsynt med tilvising frå lege. Terskelen for å snakke med psykiatrisk sjukepleiar skal vera like låg som å ha kontakt med helsesøster, fysioterapeut eller lege.
2. Kommunen skal utgreia, førebyggja og behandla lette psykiske lidningar.

3. Kommunen skal ha oversikt over den psykiske folkehelsa.
4. Kommunen skal førebyggja psykisk sjukdom.

Måloppnåing 2020

Psykisk helse er eit etablert lågterskeltilbod til ungdom i grunnskule og vidaregåande skule, gjennom tett samarbeid med skule og foreldre. Det er nær kontakt mellom fastlege og den psykiske helsetenesta slik at pasientar hjå legen får informasjon og tips om korleis det kan etablerast kontakt med psykiatrisk sjukepleiar. I overkant av 20 personar, born, vaksne og eldre, nyttar seg av jamleg av tilbod frå den psykiske helsetenesta i Modalen kommune.

Det psykiske helsearbeidet i Modalen har i 2020 omfatta:

- støtte til elevar i vidaregåande opplæring
- støtte til unge som har droppa ut av skule og arbeidsliv
- samarbeid med Nav, PPT, OT-tenesta
- å vere tilstade i skulemiljøet på Mo skule, uformell kontakt med elevane
- samtalar med elevar i grunnskulen, foreldra og andre ressurspersonar rundt desse
- tildeling og oppfølging av støttekontaktar
- utarbeiding og koordinering av individuell plan
- støtte til vaksne som treng det
- oppfølging i samarbeid med spesialisthelsetenesta ved alvorlege, langvarige problem/lidingar
- koordinering av "Støtteteam ved kriser"
- deltaking ved samarbeidsprosjektet Ungdomskontakten Salto i Knarvik
- aktiv deltaking i kommunalt oppvekst-team

Mo skule



TENESTER OG OPPGÅVER

Grunnskule

Skuleåret 2020/21 starta 58 elevar opp på Mo skule, dette er ein nedgang på 8 elevar frå førre skuleår. Mo skule er ein fådelt skule der elevane er delt i sju klassar/grupper dette året. 6 elevar er heimehøyrande i andre kommunar. Det starta opp 4 nye førsteklasingar ved skulen hausten 2020. Det er 20 tilsette ved Mo skule. Desse arbeidde til saman i ca 16 heile stillingar. Arbeidet omfattar assistent / fagarbeidar i SFO og kantine, undervisning grunnskule, undervisning kulturskule og leing.

Modalen Skulefritidsordning, SFO

Vedtektene for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7:

«Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.- 4. klassetrinn (1.- 7. klassetrinn for barn med særskilte behov). Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vera eigna for formålet.»

Hausten 2020 var det 3 born påmeldt i Modalen SFO. Opningstida til SFO er 07.30 - 16.30 alle dagar. SFO har eigen dagleg leiar som har ansvar for søknader og det praktiske arbeidet til dagleg. Mo skule har frå hausten 2014 tilbydd gratis leksehjelp for alle elevar.

Modalen Kulturskule

Modalen Kulturskule tilsette pedagog i undervisning av enkeltelevar i musikk i 20% stilling frå 1.august. 9 elevar har plass i kulturskulen hausten 2020. Dette er uendra frå førre år.

Vaksenopplæring

Modalen har dette året ikkje fast undervisning i vaksenopplæringa. Kommunen kjøper tenester frå vaksenopplæringa i Alvær for enkeltelevar som har rett til dette.

Økonomi

	Rekneskap	Budsj(just)	Avvik	Avvik i %	Rekneskap
	2020	2020			2019
Skule	11 645 818	11 532 337	113 481	1,0 %	11 662 705

Mo skule har i 2020 eit meirforbruk på kr 113 481, noko som utgjer om lag 1 % avvik frå budsjett. Det meste her er knytt til vaksenopplæring der ein har utgifter som ein ikkje lenger får refundert.

Mål

Det overordna styringsdokumentet for Mo skule si verksemd finn ein i Opplæringslova med forskrifter (www.udir.no). Desse dannar grunnlaget for skulen sitt arbeid med «Kunnskapsløftet» (K06) der ein finn dei meir konkrete planane for skulen si verksemd.

Mo skule utarbeidar ein «Handlingsplan for Mo skule 2020/2021». Internt ved skulen er det eit mål at det vert utvikla ein kultur som er prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen. For elevar og føresette inneber dette òg at skulen sin praksis vert meir synleg. Måla i handlingsplanen skal evaluerast to gonger i året. Handlingsplanen er eit verkty for ein organisasjon som lærer og er i utvikling.

Nasjonale prøver vart gjennomført på 5., 8. og 9. trinn hausten 2020. Mo skule bruker resultatata internt i arbeidet med å heva kvaliteten på opplæringa og for å auka elevane si læring. Analysen av resultatata på Mo skule syner at elevane sine prestasjonar ligg midt på treet, og i nokre tilfelle over gjennomsnittet. Samstundes er det vanskeleg å samanlikne resultatata med andre kommunar fordi skulen har relativt få elevar. Mo skule nyttar resultatata frå dei nasjonale prøvane til å kunna fokusera på den enkelte elev sine resultat og utvikling.

Satsingsområda for skuleåret 2019/20 er i stor grad vidareført frå førre skuleår. Skulen arbeider for at trivselen hjå elevane skal vera høg. Elevundersøkinga viser positive resultat og utvikling med omsyn til trivsel på skulen. Skulen har eigen sosiallærar og spesialpedagogisk rettleiar. Det vert mellom anna arrangert «vennedag», og skulen deltek på nasjonal veke mot digital mobbing. Prosjektet «Psykisk helse i skulen» vert gjennomført i alle klassane på ungdomssteget kvart år i samarbeid med helsesjukepleiar og psykiatrisk sjukepleiar. Heile skulen arbeider med element frå «Dei utrulege åra». Hausten 2017 starta Mo skule opp arbeidet med det sosialpedagogiske programmet PALS (positiv atferd, støttande læringsmiljø og samhandling). Dette arbeidet held fram inneverande skuleår.

Mo skule har nytta seg av den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet». To pedagogar har nytta seg av dette etterutdanningstilbodet skuleåret 2020/2021 i faga engelsk og kroppsøving. Skulen har som mål å til ei kvar tid ha minst ein tilsett under vidareutdanning.

Sjukefråværet ved Mo skule var samla litt lågare enn førre år. Mo skule har fokus på trivsel og relasjonsbygging. Det er gjennomført medarbeidersamtale med alle tilsette der ein mellom anna fokuserer på arbeidsmiljøet.

Aktivitet

Mo skule har ei tid hatt fokus på tverrfagleg arbeid på tvers av aldersgruppene. Det har vore arrangert fagdagar innan fleire fag med bra læringsutbyte. Desse dagane løyser vi opp timeplanen og elevane arbeider i grupper med ulike tema. Fellesskap og samhandling er i fokus desse dagane.

Den tradisjonelle lysmessa vart gjennomført digitalt dette året grunna korona-tiltak. Elevane deltok i lysmessa om lag som vanleg, og heile arrangementet vart filma av Nese Media som distribuerte dette til alle foreldre og andre som ynskte å sjå den i ettertid. Elevane har ansvar for det meste av innhaldet i denne lysmessa. Mo skule er svært nøgde med samarbeidet med «Den kulturelle skulesekken», Rikskonsertane og kulturkontoret i Modalen kommune. Desse medverkar til at elevane får eit rikt og variert tilfang av kulturopplevingar gjennom året.

Korona-året

Mo skule har som alle vore prega av smittetiltak kring korona dette året. Skulen utarbeidde tiltaksplan då dette vart påkrevd i mars 2020, og har retta seg atter dei råd og pålegg som til ei kvar tid har vore gjeldande. Mo skule har så små elevgrupper at det har vore relativt greitt å oppretthalde ordinær drift gjennom heile året. Etter at den fyrste nedstenginga med heimeundervisning våren 2020 var over så har alle elevar vore fysisk på skulen kvar dag gjennom heile skuleåret.

Modalen barnehage



Modalen barnehage er ein 3-avdelingsbarnehage, med avdelingane 0-2 år, 3-4 år og 5-6 år. Barnehagen si opningstid er frå kl. 07.00-16.30. Foreldra kan velja mellom tre- eller fem dagars tilbod. Styrar er ansvarleg for rammeområdet.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Born busett i andre kommunar kan nytta plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen.

Våren 2020 er det 31 born/43 plassar i barnehagen, der 11 av borna kjem frå andre kommunar. Bemanninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm.

Barnetal:	<u>2007</u>	<u>2009</u>	<u>2011</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>
	28	36	32(6)	34(9)	31(8)	21(6)	21(5)	28(8)	28(12)	32(11)	31(11)

(Tala i parentes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.)

Evaluering av mål 2020

Me arbeider for å oppretthalda god kvalitet på tilbodet. Me set oss nye mål og arbeider for å heve kompetansen i personalgruppa, slik at me kan driva eit kvalitativt godt tilbod.

- **Me har arbeid med Implementering og iverksetjing av administrasjon og kommunikasjonsløyninga Vigilo.** Verktøyet skal hjelpe oss i kvardagen til å effektivisere og forenkle kommunikasjon for å skape endå betre kvalitet i barnehagen.
- **Me har arbeid for eit godt psykososialt miljø blant borna.** Modalen barnehage har fekk tilskot frå Fylkesmann til arbeid med kompetanseheving blant personale innan førebygging mot mobbing. Dette har me gjort saman med rettleiarar frå NLA. Samarbeidet vart avslutta våren 2020.
- **Arbeidd med tiltak i personalgruppa etter AMUS-undersøking.** I fellekap har personalet gått gjennom resultatet og har jobba med dei ulike skåra.

Mål 2021

- **Inkluderande barnehagemiljø.** Me arbeider vidare dei to neste åra med førebygging av mobbing. Dei tilsette har meldt seg på eit nettbasert tilbod som går på Inkluderande barnehagemiljø.
- **Arbeide med resultat av brukarundersøkinga.** Hausten 2020 gjennomførte me brukarundersøkinga i barnehagen. Resultata skal me sjå nærare på.
- **Arbeidsmiljøundersøking.** Hausten 2021 skal me gjennomføre arbeidsmiljøundersøkinga for andre gang.

TENESTER OG OPPGÅVER

Me arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma utifrå Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei sju fagområda i Rammeplan for barnehagar. Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år. Me legg stor vekt på å følgja borna sine interesser og ser til at barns medverknad vert fulgt opp.

Prisen for barnehageplass er lågare enn makspris for barnehage. Barna får frukost, lunsj, frukt og ettermiddagsskiver. Barn busett i Vaksdal kommune nyttar betalingsattsane til heimkommunen.

Organisering

Barnehagen er leia av styrar. Kvar avdeling vert leia av pedagogisk leiar som har med seg assistentar / fagarbeidarar etter talet på barn. Vedtektene til Modalen barnehage fastsett bemanningsnorma seks barn pr. vaksen. I barnehagelova og vedtektene er det fastsett kor mange barn det skal vere pr. pedagogisk leiar. Barnehagen har samarbeid med SFO i feriar. Om sommaren er veke 29 stengt.

Visjonen til barnehagen er «Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus». Hovudmålet vårt er å arbeida for å gjera borna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg. Me nyttar oss av arbeidsmåtene «Mange intelligensar (MI)» og Dei utrulege åra (DUÅ). MI byggjer på teorien om at menneske er født med åtte intelligensar og alle desse intelligensane heng saman. Ein meiner at borna ved å verte gode på sine sterke sider, vil få auka sjølvtilit og, kan nytta dei sterke sidene slik verte betre på områder dei ikkje meistrar så godt.

Den andre arbeidsmåten, DUÅ, er godt forankra i det daglege arbeidet. Metoden bidreg til å fremja sosial og emosjonell kompetanse hjå barn, og til å førebyggje barns åtferdsproblem.

Dette året har:

- Alle tilsette har fått tilbud om medarbeidersamtalar.
- Me har gjennomført vernerunde
- Me arbeidd med førebygging mot mobbing
- Me hatt ressursteam ein gang pr. måned. Dette er eit samarbeid mellom tilsette frå PPT, styrar og dei pedagogiske leiarane. Barnehagen har stort utbyte av dette teamet, får auka kunnskap, råd og rettleing og kan på denne måten setja inn tiltak tidleg for born som treng det.
- Me har gjennomført den nasjonale brukarundersøkinga
- Me hatt ei oppgradering på uteområdet, me har fått nytt klatrestativ.
- Me har både lærling og lærekandidat i barnehagen

ØKONOMI

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %	Rekneskap
	2020	2020			2019
Barnehage	4 633 661	4 508 816	124 845	2,7 %	4 705 236

- Årsaka til avviket er i hovudsak litt for optimistisk inntektsanslag
- Tal årsverk mai 2020 var 11,37 årsvek
- Me driftar barnehageplassar for nabokommunane Vaksdal og Lindås.

Korona

Året 2020 har vore eit spesielt år, også i barnehagen. Barnehagen var stengt frå 13.03-20.04. I denne perioden hadde me tilbud til barn av foreldre med samfunnskritisk arbeid og for sårbare barn. Dei tilsette var på jobb. Nokre tilsette tok seg av dei barna me hadde tilbud til, andre arbeidde med førefallande arbeid, kompetanseheving og laga opplegg til barn som var heime. Den 20.04 opna barnehagen att på raudt smittevernsnivå med redusert opningstid. Alle tilsette fekk smittevernsopplæring av smittevernslegen i kommunen. Smittevernsrettleiaren har vorte fulgt nøye. Me auka bemanninga for å etterkomma råda i smittevernsrettleiaren. Barna har vore delt i Kohortar på eige avdeling. I juni gjekk barnehagen over frå raut til gult nivå når det gjeld smittevern. Då var me tilbake til full opningstid. Det gule nivået i høve til smittevern og full opningstid står barnehagen i, ut 2020.

Overgang barnehage - skule

For å byggja gode relasjonar og sikra ein god overgang for førskulebarna har me jamlege besøk mellom skulen og barnehagen. I mars vart det stopp med besøk grunna koronna, medan førskuleveka på skulen vart gjennomført i veke 22 med alternative løysningar.

Foreldresamarbeid

Me har eit godt foreldresamarbeid. Foreldra har fått tilbud om foreldresamtalar enten digitalt eller i papirform vår og haust. Grunna korona vart det ikkje holdt foreldremøte våren, men me gjennomførte foreldremøte hausten 2020.

Teknisk etat

TENESTER OG OPPGÅVER

Teknisk sjef har leiaransvar for teknisk etat. Under teknisk etat er følgjande tenester organisert: Landbruk, vaktmeistertenesta, reinhald og administrasjon.

Når det gjeld brann er kommunen en del av Nordhordland brann og redning (NHBR).

På teknisk etat er det samla 12,9 årsverk. Tilsette på teknisk etat: 8 tilsette på reinhald, 6 tilsette på uteseksjonen, 2 tilsette på landbruk/skogbruk og 2 tilsette i administrasjonen. Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehald av kommunale vegar
- Vatn og avlaup
- Planlegging, prosjektering og bygging av nye anlegg
- Byggjesak
- Kart og oppmåling
- Hjelp ved ulukke eller vasskade

Overordna mål

- Trivsel for den einskilde innbyggjar i kommunen.
- Yta god service til publikum
- Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemd
- Arbeida for å betra kommunikasjonstilhøva
- Syta for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg
- Gjennomføra tiltaka i økonomiplanen .

Mål for 2020:

- Halde fram med nytt «Nærings – og tenestесenter på Mo».
- Ferdigstilling av Brannstasjonen på Mo.
- Oppstart av ny vatn- og avlaupsplan

Måloppnåing

- **Halde fram med nytt Nærings – og tenestесenter på Mo.**

Målsettinga er oppnådd. Prosjektet held framdriftsplanen og vert vidareført i 2021.

Kommunestyret vedtok 14.06.2018 bygging av nytt nærings- og tenestесenter, jamfør sak 031 / 2018. Realisering av Modalen nærings- og tenestесenter er eit strategisk grep for å utvikle nye arbeidsplassar og styrke næringslivet i kommunen, i samsvar med Strategisk Næringsplan for Modalen og Kommuneplan for Modalen 2015 – 2026. Prosjektet er no under arbeid og i følgje framdriftsplan kan Modalen nærings- og tenestесenter vere klar for innflytting hausten 2021.

- **Halde fram med oppgradering av Brannstasjonen på Mo.**

Målsettinga er oppnådd. Haust 2017 starta arbeidet med kartlegging og planlegging av ny stasjon i Modalen. Dette grunna krav frå Arbeidstilsynets aksjon «Rein brannmann». Dette arbeidet fortsette i 2018 der ein, saman med arkitekt, utarbeida skisse med forslag til planløyising for oppgradering av Modalen brannstasjon. Kommunestyret vedtok 21.11.2019 å oppgradere eksisterande brannstasjon jamfør sak 062/2019. Prosjektet starta opp og Brannstasjonen på Mo stod ferdig hausten 2020.

- **Oppstart av ny vatn og avlaupsplan**

Målsettinga er oppnådd. I samband med dette har kommunen henta inn tilbod på rådgjevingstenester. Modalen kommune skal i løpet av 2020/21 utarbeide nye hovudplanar for vassforsyning, avløp og vassmiljø. Prosjektet er no under arbeid og i følgje framdriftsplan kan ny vatn og avlaupsplan ferdigstillast hausten 2021.

Økonomi

	Rekneskap	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap
	2020	2020			2019
Teknisk	14 896 363	15 291 275	-394 912	-2,6 %	14 658 415

Rekneskapan for 2020 syner eit midreforbruk på kr 394 912. Avvik i 2020 knytt seg i hovudsak til:

- Lågare utgift grunna reduksjon av innkjøp/materiell mv
- Lågare utgift til tenestekjøp/kommunesamarbeid enn budsjettert
- Meirutgifter knytt til Korona-pandemien

Kart og oppmåling

I 2020 er det registrert og oppmålt to nye eigedomar. Elles er det oppmålt ein del grenser som tidlegare har hatt skylddeling.

Delegerte saker

2017: 18	2018: 25	2019: 25	2020: 26
----------	----------	----------	----------

Byggeaktivitet.

Det er ingen søknadar om løyve til bygging av bustad i 2020.

Det er gjeve ein ferdigattest på bustad.

Det vart gjeve rammeløyve og igangsetjingsløyve til nytt nærings- og tenestesenter på Mo.

Det vart gjeve ferdigattest for ombygginga av brannstasjonen.

Investeringar:

Nytt dekke på tennisbana på Øvre Helland

Tennisbana på Øvre Helland fekk nytt dekke i 2020. Dette prosjektet hadde ei kostnadsramme på kr 580 000. Prosjektet vart gjennomført til ein samla kostnad på kr 521 732.

Ny Mercedes Benz 9 seter bil til bruk for Modalstunet og Barnehagen

I desember 2020 vart det inngått avtale med Bertel O Steen om kjøp av Mercedes-Benz Sprinter som skal nyttast av Modalstunet og Barnehagen. Som del av denne avtalen følger også innbyte av eksisterande bil samt overflytting av eksisterande heis frå gamal til ny bil. Bilen skal etter planen leverast i Juli 2021.

Nytt dekke til ballbingen på Mo

Ballbingen på Mo fekk nytt dekke i 2020. Dette prosjektet hadde ei kostnadsramme på kr 270 000. Prosjektet var gjennomført til ein samla kostnad på kr 225 453.

Investering i nærings- og tenestесenter

Kommunestyret i Modalen kommune har vedteke i sak 45 i 2014 å utarbeide eit skisseprosjekt for «Modalen nærings- og tenestесenter» i Mo sentrum.

Etter ein open anbuds konkurranse i 2015 inngjekk Modalen kommune kontrakt med HRTB Arkitekter om prosjektering av nærings- og tenestесenteret. I november 2015 vart skisseprosjektet presentert for Kommunestyret.

I august 2017 vart HRTB Arkitekter engasjert til å utarbeide eit revidert skisseprosjekt basera på eit justert rom- og funksjonsprogram. Kommunestyret fekk presentert revidert skisseprosjekt i desember 2017.

Deretter vart HRTB Arkitekter engasjert til å revidere framlagt skisseprosjekt med sikte på å redusere areal og kostnadar.

I januar 2018 låg det føre eit revidert skisseprosjekt saman med justert rom- og funksjonsprogram, justerte arealoversiktar basert på skisseprosjekt-teikningar og justert kostnadsestimert utarbeidd av Bygganalyse AS. Kommunestyret vedtok 14.06.2018 bygging av nytt nærings- og tenestесenter, jamfør sak 031/2018.

Kommunen ynskjer å vidareføre samarbeidet med HRTB Arkitekter innanfor dei rammene som konkurransen i 2015 mogleggjer.

I løpet av oktober 2018 blei tilhøve som er avgjerande for at prosjektet skal gjennomførast på ein god måte i samsvar med kommunen sine ambisjonar og forventningar identifisert og samanfatta i eit arbeidsnotat.

Endeleg utgåve av notatet er datert 12.11.2018. Notatet gjer greie for aktuelle oppgåver, status og ansvarsdeling. I denne samanheng fungerer HRTB Arkitekter som kommunen sin rådgjevar.

Modalen kommune gjennomfører byggjeprosjektet som ei totalentreprise. Det vart utarbeida eit forprosjekt som var grunnlag for innhenting av anbod. Anbodet blei lagt ut på Mercell desember 2019.

Prosjektet er under arbeid og i følgje framdriftsplanen kan Modalen nærings- og tenestесenter ferdigstillast og vere klar for innflytting hausten 2021.

Kommunale bygg

Modalen kommune har i dag 25 bueiningar, dette er to bueiningar mindre enn 2019 grunna sal av Kleivane 20. Bueiningane er av varierende alder og kvalitet. Kommunale bustader oppgraderast stort sett etter behov ved skifte av leigetakar.

I 2020 vart det ikkje gjennomført oppgraderingar på kommunale bustadar.

I 2020 vart det gjennomført oppgradering av baksida på Mo skule. Ein vegg vart utbetra, det vart blant anna etterisolert, skifta vindauger, dør og ny kledning.

Det vart òg gjennomført utbetring av nordfasaden på skulemuseet, her vart blant anna råten kledning skifta, samt reparasjon av tre vindauge.

Dagsturhytta

Kommunestyret vedtok i sak 040/2020, 24.09.2020 at Modalen kommune skulle etablera Dagsturhytte i kommunen. Det vart arbeid vidare med prosjektet med hovudfokus på å få avklart kvar hytta skulle plasserast. Innbyggjarane i kommune vart involvert i prosjektet ved at dei blei invitert til å koma med innspel til plassering av Dagsturhytta. Det var planlagt at saka om plassering av Dagsturhytta skulle til handsaming i kommunestyret 10.12.2020. På grunn av få innspel frå innbyggjarane innan tidsfristen vart denne saka utsett til 18.02.2021. Kommunestyret valde plassering av Dagsturhytta på Nygard ved Steinavatnet.

Dagsturhytta er planlagt montert ila sommaren 2021.

Nye markisar på Mo skule

I 2020 vart det montert 16 nye markisar på Mo skule, tilbakemelding frå rektor er at skulen er nøgd og desse fungerer fint. Prosjektet hadde ei kostnadsramme på kr 250 000. Prosjektet vart gjennomført til ein samla kostnad på kr 211 620.

Tørketrommel – Modalstunet

Det vart kjøpt inn ny tørketrommel til Modalstunet.

Flaumførebygging Modalselva

Det har bygd seg opp ein sandbanke ved utløpet av Modalselva. Dette kan føra til at elva vert pressa meir mot Otterstad. Delar av sandbanken bør fjernast. Mudring av sandbanke ved utløpet krev løyve frå Statsforvaltaren i Vestland.

Prosjektet stoppa opp i 2019 då sakshandsamar slutta i jobben på teknisk etat. Grunna coronapandemien og ressursmangel vart ikkje prosjektet starta opp att i 2020.

Innkjøp av leikeapparat til barnehagen

Barnehagen fekk i 2020 montert eit fleirfunksjons leikeapparat i form av eit klatrestativ med fleire leikemoglegheiter, dette stativet vart sett opp av Teknisk etat – uteseksjonen.

Oppgradering av flytebyggja på Mo

Dette prosjektet hadde oppstart i 2019. Då vart flytebyggja retta opp og utliggjarar reparert. Det vart òg laga ny nedsenka landgang. Det som stod igjen av arbeid omhandla elektrisk arbeid som pullertlys langs byggja på Mo, dette prosjektet er no fullført. Arbeidet som skulle utførast i 2020 hadde ei kostnadsramme på kr 200 000, og vart gjennomført til ein samla kostnad på kr 182 788.

Oppgradering El.anlegg industribygget, Hall B

Belysningen i Hall B har lenge hatt behov for oppgradering. I 2020 vart takbelysninga skifta ut og LED-belysning vart installert.

Kommunale vegar

I 2020 vart det utført kantklipping langs dei kommunale vegane. Kommunale vegar vart kosta og sandfang tømte. Grøfter langs dei kommunale vegane vart reinska. Det vart ikkje asfaltert kommunale vegar i 2020.

Diverse investeringar innan vatn og avlaup

Arbeidet med utarbeiding av Hovudplan vatn og avløp vart oppstarta. Det er god framdrift i prosjektet. I samband med ombygging av brannstasjon vart det sett ned eit nytt minirensanlegg for industribygget. Vassprøvene i 2020 syner god kvalitet på alle vassverka.

Oppgradering av brannstasjonen i industribygget

I 2020 vart brannstasjonen i industribygget ferdig. Arbeidet med kartlegging og planlegging av ny stasjon i Modalen starta hausten 2017. Prosjektet starta grunna krav frå Arbeidstilsynets aksjon «Rein brannmann». Arbeidet fortsatt i 2018 der ein, saman med arkitekt utarbeida skisse med forslag til planløyising for oppgradering av Modalen brannstasjon. Vedtak på oppstart vart gjort i 2019. Arbeidet med brannstasjonen fortsatte i 2020 og 17. september 2020 vart brannstasjonen offisielt opna av ordførar Kjetil Eikefet. Prosjektet hadde ei kostnadsramme på kr 10 160 000. Prosjektet vart gjennomført til ein samla kostnad på kr 9 866 189.

Uføresette investeringar

Løyvinga til uføresette investeringar vart nytta til tilbakekjøp av tomt. Tomta er seinare selt på ny.

Brann og redning:**Nordhordland brann og redning (NHBR):**

01.01.2019 slo kommunane Modalen, Lindås, Austrheim, Radøy og Meland seg saman til Nordhordland brann og redning (NHBR). Brannvernet er leia av brannsjef Karl Johannes Romarheim. Brannsamarbeidet har felles administrasjonen lokalisert ved hovudstasjonen i Knarvik.

2020 blei eit år prega av korona og koronatiltak. NHBR etablert strenge smittevernrutinar til bruk ved øvingar og aksjonar. Det blei kjøpt inn større mengder smittevernutstyr som vart fordelt på stasjonane.

Øving:

Alt mannskap skal øva 40 timar pr. år og øvingane skal innehalda oppgåver/ferdigheiter som ein treng ved aksjonar. Grunna korona blei dei fleste øvingane utsett våren 2020. Først haust 2020 tok vi opp att øvingane og dei blei gjennomført under strenge koronatiltak.



Spesielle hendinger:

Haust 2017 starta arbeidet med planlegging av ny brannstasjon i Modalen. Dette grunna krav frå Arbeidstilsynets aksjon «Rein brannmann». Arbeidet med oppgradering begynte desember 2019. Som mellombels løysing blei utstyr og bilar flytta i anna lokale i same bygg. Trass koronasituasjonen greidde ein å oppretthalda framdrift og september 2020 flytta NHBR i ny stasjon i Modalen. Dette er eit stort løft for NHBR og set standaren for andre stasjonar som skal byggjast.

**Oppdrag/aksjonar:**

Grunna strenge koronatiltak lokalt og nasjonalt hadde me venta og budd oss på fleire helseoppdrag og oppdrag knytt til auka hytte- og båtbruk. Den venta auken uteblei og talet på oppdrag 2020 var vesentleg lågare enn normalt. Dette er ein trend i heile NHBR og gjaldt for heile brann-Noreg.

Innkjøp 2020:

Utstyr og inventar til ny stasjon (td slangereolar)

Hengar

Gassmålar

Førebyggjande arbeid - NGIB:

Arbeidet til NGIB har i 2020 vært sterkt prega av koronatiltaka. Tiltaka utfordra det førebyggjande arbeidet og ein har måtta raskt finna nye måtar å gjennomføra arbeidet på. I tillegg måtte NGIB i lengre periodar arbeida frå heimekontor, noko som har utfordra samhandling og produksjonen.

Dei fleste tilsyna (§-13 objekt) blei derfor gjennomført som eigenmelding. Med det opprettheld vi ein god dialog med objektet. I tillegg blei all opplæring og informasjon i 1 og 6 klasse avlyst.

NGIB starta i 2019 med å utvikla ein ny digital løysning for saksbehandling i samarbeid med Nordhordlandskart. Målet er å utvikla eit framtidsretta verktøy til det førebyggjande arbeidet. Dette arbeidet hadde stor fokus i 2020 og blir jobba vidare med i 2021.

Det blei søkt om skjønnsmidlar til dette arbeidet og NGIB fekk tildelt 250000,-.

Samarbeid med helse og omsorgsetatane i kommunane er prioritert slik at ein når risikogrupper og individ på ein god måte. Dette fokuset fortsette i åra framover.

I tillegg arbeider NGIB med å posisjonera seg internt i kommunane slik at ein kjem tidleg inn i prosessar td byggesaker og kan ivareta brann sine interesser på eit tidleg tidspunkt.

Feiing og bustadtilsyn:

Frå 01.01.2020 overtok NHBR ansvaret for feiing og bustadtilsyn i Modalen. Grunna korona vart det utført færre tilsyn og feiingar en planlagt. Grunna restriksjonar blei mange av tilsyna gjennomført som telefontilsyn.

Avdelinga brukte første halvdel av 2020 på å få ein oversikt over objekt i Modalen og å systematisera disse i fagsystemet, Komtek. Ein registrerte inn fagdata på alle bustadane og hyttene i Modalen (ca 320 stk til saman). Dette er eit viktig arbeid da dette dannar grunnlag for rett avgift/fakturering.

Utført tilsyn/feiing i Modalen 2020

Tlf tilsyn grunna korona	Antal utførte feingar	Antal utførte tilsyn	Sotbrannar	Kamera kontroll	Fresing	Varslet Ikkje utført
5	27	27	1	1	1	71

Kalkstasjon ved Espeneset

Året 2020 hadde mykje nedbør og ein vinter med mykje snø i fjellet, det vart brukt omlag 1000m³ biokalk 75 ved kalkdoseringsanlegget. Anlegget gjekk utan stopp, det var ingen reparasjonar utover normalt vedlikehald. Kalkdoseringsanleggets driftsperiode er frå 1. desember – 1. juli. Perioden 1. desember – 15. mars med PH 6,2, perioden 14. mars – 1. juli med PH 6,4. Målingar av PH-verdi skjer på målestasjon ved Mo skule.

Vaktordning/ utetenesta

Vaktordninga har fungert bra i 2020. Me har hatt ein del utrykkingar. Dei fleste utrykkingane gjeld tett kloakk, stans i vassforsyning, utkopling av ein del utstyr ved straumstans, feil på symjebasseng og tilsyn av vegar ved ekstrem nedbør.

Reinhaldestenesta

Reinhaldarane har arbeidd systematisk med vedlikehalds- og bemanningsplanar. Det har vore nedvask på de fleste offentlege bygga i kommunen. Me har eit godt team som syt for god kvalitet på leverte tenester.

Landbruk

I Modalen er det 9 aktive bønder, av desse driv 4 med mjølkeproduksjon, 1 driv med ammeku og sau og 4 bruk har berre sau. Første mjølkefjøs med robot vart tatt i bruk rett før nyttår på Nedre Helland. Kyrene kan bevega seg fritt i fjøset mellom forbrett og liggeavdeling og gå til mjølkeroboten når dei kjenner mjølkespreng. Dette gjev auka dyrevelferd og bonden får frigjort tid til andre arbeidsoppgåver. Det første driftsåret har gått bra. Aktiviteten i landbruket utløyser i overkant av 2,5 millionar kroner i produksjonstilskot og avløyartilskot. I Modalen kommune er det omlag 1625 dekar med jordbruksareal i drift.

Ordninga med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Det var tildelt kr 35 000 tilskot til restaurering av gamal kisteveit på Farestveit og til grøfting på Otterstadstølen.

Modalen har sommarstid eit stort tal sauer frå heile regionen på beite, og beitelaga gjer ein god jobb med å organisera dette. Det var 6 aktive beitelag i kommunen i 2020. Kommunane fekk frå 2020 ansvaret for

tilskotsordninga investeringar i beitefelt, og prioritering har vore investeringar i teknologi knytt til beitebruk og tilskot til sankegjerdar. To beitelag søkte og fekk tildelt tilsaman kr 35 000 i tilskot til radiobjøller. Dette er teknologi som gjer arbeidet med tilsyn og sanking lettare i krevjande terreng.

Landbruksplast

Ordninga med innsamling av landbruksplast stoppa opp i 2019 på grunn av endringar i lovverk, dårleg avsetning av brukt plast og fall i råvareprisen for resirkulert plast. Dette gjaldt heile Noreg. Modalen Bondelag og kommunen har arbeida med å sjå på nye løysingar for innsamling og levering. Det er i 2020 ikkje funne løysing på korleis ein kan få til ei ordning med innsamling av landbruksplast, men bøndene kan levera gratis til Grønt punkt på Voss eller i Bergen.

Bondelunsj/fagmøte

Koronasituasjonen har gjort at det ikkje har vore arrangert bondelunsj eller fagmøte i 2020.

Skog

Det vart i 2020 avverka 35m³ massevirke i Modalen.

Hjorteviltforvaltning

Dei tre valda i Modalen vart i 2016 ein del av bestandsplanområde Storfjellet. Bestandsplanområde inkluderer Modalen, delar av Eksingedalen og delar av Voss. Det vart utarbeidd og godkjent ein nye felles bestandsplan for bestandsplanområde. Bestandsplanområde vert administrert av Vaksdal kommune, då dei har størst teljande areal i bestandsplanområde. Samarbeidet mellom kommunane og bestandsplanområde fungerer godt. Det vart i 2020 felt 101 hjort i Modalen.

Framtid

Visjon: trygg og skapande.

Overordna verdigunnlag:

- Bærekraftig samfunnsutvikling
- Tryggleik og livskvalitet
- Openheit og samhandling





MODALEN KOMMUNE



REKNESKAP 2020



Innhold

Løyvingsoversyn - drift.....	3
Spesifikasjon av løyvingar drift	3
Budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar – drift.....	4
Løyvingsoversyn – investering	5
Budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar – investering	5
Investering i varige driftsmidlar.....	6
Økonomisk oversikt – balanse	7
Økonomisk oversikt - drift.....	9
Noter til rekneskapen:	10
Note 1 - Endring i arbeidskapital	10
Note 2 - Pensjon.....	10
Note 3 - Kommunen sitt garantiansvar pr 31.12.2020.....	12
Note 4 - Fordring og gjeld til kommunale foretak,	13
bedrifter og samarbeid	13
Note 5 - Aksjer og andelar i varig eige	13
Note 6 - Avsetning og bruk av fond.....	13
Note 7 - Forskottering av vegar	15
Note 8 - Kapitalkonto.....	16
Note 9 - Finansforvaltning	17
Note 10 - Tilgang og bruk av Næringsfondet	18
Note 11 - Sjølvkost	19
Note 12 - Ytingar til leiande personar og revisor	19
Note 13 - Prinsipp og vurderingsreglar.....	19
Note 14: Spesifikasjon av vesentlege postar/transaksjonar/forpliktelsar/strykningar	20
Note 15 - Anleggsregisteret	20
Note 16 - Utlån.....	20



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Løyvingsoversyn - drift

	Note	Rekneskap 2020	Justert budsj 2020	Oppr budsj 2020	Rekneskap 2019
1 Rammetilskudd		23 608 612	24 900 000	23 200 000	20 329 260
2 Inntekts- og formueskatt		12 152 304	9 300 000	9 000 000	11 513 386
3 Eiendomsskatt		22 368 812	22 368 000	22 100 000	18 128 400
4 Andre generelle driftsinntekter		21 800 267	22 376 000	22 423 000	22 699 569
5 Sum generelle driftsinntekter		79 929 995	78 944 000	76 723 000	72 670 615
6 Sum bevilgninger drift, netto		72 638 935	76 347 077	71 886 076	69 957 837
7 Avskrivninger	9,15	6 131 292	6 131 000	6 625 600	6 792 515
8 Sum netto driftsutgifter		78 770 227	82 478 077	78 511 676	76 750 352
9 Brutto driftsresultat		1 159 768	-3 534 077	-1 788 676	-4 079 737
10 Renteinntekter		362 912	300 000	271 300	498 031
11 Utbytter		3 540	0	0	0
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler		140 577	130 000	200 000	177 978
13 Renteutgifter		406 788	450 000	600 200	474 922
14 Avdrag på lån	9	880 590	880 000	1 000 000	1 000 000
15 Netto finansutgifter		-780 348	-900 000	-1 128 900	-798 913
16 Motpost avskrivninger	9,15	6 131 292	6 131 000	6 625 600	6 792 515
17 Netto driftsresultat		6 510 712	1 696 923	3 708 024	1 913 864
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
18 Overføring til investering		-12 481 070	0	0	0
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	6	-61 834	431 800	431 800	-307 879
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	6	6 032 192	-2 128 723	-4 139 824	-2 425 825
21 Dekning av tidligere års merforbruk		0	0	0	0
22 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat		-6 510 712	-1 696 923	-3 708 024	-2 733 703
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)		0	0	0	-910 198

Spesifikasjon av løyvingar drift

	Note	Rekneskap 2020	Justert budsj 2020	Oppr budsj 2020	Rekneskap 2019
Rådmannen/sentraladm	14	16 986 990	17 155 625	14 665 624	12 214 494
Kultur		1 299 742	2 018 888	2 573 888	1 872 794
Næring	10	-826 574	3 265 647	3 265 647	3 566 485
Sosial og barnevern		1 492 371	1 290 400	1 370 400	1 193 894
Skule		11 645 816	11 532 337	11 852 337	11 662 705
Barnehage		4 633 661	4 508 816	4 933 816	4 705 236
Pleie og omsorg		19 165 036	18 847 730	16 272 730	17 758 361
Kommunelege		6 141 473	5 787 359	6 177 359	5 436 732
Teknisk		14 896 363	15 291 275	15 591 275	14 658 415
Sentrale postar		-2 795 943	-3 351 000	-4 817 000	-4 841 317
		72 638 935	76 347 077	71 886 076	68 227 800



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar – drift

	Rekneskap	Justert budsj	Avvik
	2020	2020	2020
17 Netto driftsresultat	6 510 712	1 696 923	4 813 789
Disponering eller dekning av netto driftsresultat			
18 Overføring til investering	-12 481 070	0	-12 481 070
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-61 834	431 800	-493 634
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	6 032 192	-2 128 723	8 160 915
21 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0
22 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-6 510 712	-1 696 923	-4 813 789
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0
Ang 17 Netto driftsresultat er mykje høgare enn justert budsjett.			
Ang 18 Overføring til investering er mykje høgare enn justert budsjett.			
* Feilbudsjettering av fondsbruk i investering			
* Etter nytt regelverk skal all bruk av disposisjonsfond skje i driftsrekneskapen.			
* Bruk av disposisjonsfond til finansiering av investering må såleis skje ved overføring til investering frå drift			
Ang 20 Netto bruk av disposisjonsfond er mykje høgare enn budsjett.			
* Det er budsjettert med netto avsetjing til disposisjonsfond.			
* Stor diff knyt seg til bruk av fond som skal finansiere investering.			
Ang 22 Sum disponering av netto driftsresultat er lik Netto driftsresultat			
Ang 23 Summen er null. Heile driftsresultatet er disponert.			



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Løyvingsoversyn – investering

	Note	Rekneskap 2020	Justert budsj 2020	Oppr budsj 2020	Rekneskap 2019
1 Investeringer i varige driftsmidler	15	31 199 718	33 710 000	43 710 000	7 095 096
2 Tilskudd til andres investeringer		0	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	5	211 083	300 000	300 000	1 222 356
4 Utlån av egne midler		0	1 500 000	1 500 000	1 745 800
5 Avdrag på lån		0	360 000	360 000	361 903
6 Sum investeringsutgifter		31 410 801	35 870 000	45 870 000	10 425 155
7 Kompensasjon for merverdiavgift		2 889 731	4 410 000	6 410 000	1 190 138
8 Tilskudd fra andre		50 000	0	0	0
9 Salg av varige driftsmidler		140 000	0	0	1 754 635
10 Salg av finansielle anleggsmidler		0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper		0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler		0	2 860 000	2 860 000	278 271
13 Bruk av lån	9	17 400 000	18 900 000	27 000 000	1 743 900
14 Sum investeringsinntekter		20 479 731	26 170 000	36 270 000	4 966 944
15 Videreutlån	16	1 847 541	0	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	9	1 835 072	0	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	16	426 473	0	0	0
18 Mottatte avdrag på videreutlån		438 942	0	0	0
19 Netto utgifter videreutlån		0	0	0	0
20 Overføring fra drift		12 481 070	0	0	0
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	6	-50 000	-4 000 000	-4 000 000	0
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	6	-1 500 000	13 700 000	13 600 000	5 458 211
23 Dekning av tidligere års udekket beløp		0	0	0	0
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger		10 931 070	9 700 000	9 600 000	5 458 211
25 Fremført til inndeckning i senere år(udekket beløp)		0	0	0	0

Budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar – investering

	Rekneskap 2020	Justert budsj 2020	Avvik 2020
Sum investeringsutgift, -inntekt og netto utgift vidareutlån	10 931 070	9 700 000	1 231 070
20 Overføring fra drift	12 481 070	0	12 481 070
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	-50 000	-4 000 000	3 950 000
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	-1 500 000	13 700 000	-15 200 000
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	10 931 070	9 700 000	1 231 070
25 Fremført til inndeckning i senere år(udekket beløp)	0	0	0



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Investering i varige driftsmidlar

		Note	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
			2020	2020	2020	2019
K03002	Tilrettelegging for bustadareal		23 085	0	0	500 310
K03004	Asfaltering		0	0	0	176 695
K03068	Nærings- og tenestesenter		19 045 549	20 000 000	30 000 000	1 849 459
K03093	Oppgradering fellesareal Modalstunet		0	0	0	1 932 761
K03099	Kjøkken - Modalen barnehage		0	0	0	5 541
K03100	Oppgradering brannstasjon		9 866 189	10 160 000	10 160 000	834 635
K03101	Digitalisering eigedomsarkiv teknisk etat		0	0	0	35 070
K03102	Oppgradering flytebyggja, Mobryggja		182 788	200 000	200 000	250 314
K03105	Rassikring		0	0	0	285 948
K03107	IKT-investering Mo skule - Chromebook		0	0	0	140 003
K03108	Ny bil til uteseksjonen		0	0	0	330 000
K03109	Oppgradering av kommunale bygg - Mo skule		253 817	300 000	300 000	317 443
K03110	Nytt dekke tennisbana Øvre Helland		521 732	580 000	580 000	0
K03111	Nytt dekke ballbingen Mo skule		225 453	270 000	270 000	0
K03112	Sand- og saltspreiar		0	0	0	124 925
K03113	VA-tiltak av investeringsmessig karakter - renseanlegg		279 199	400 000	400 000	311 991
K03116	Uføresette investeringar - kjøp av tomt		155 475	200 000	200 000	0
K03117	Ny bil til Modalstunet og barnehagen		0	800 000	800 000	0
K03118	Nye markiser Mo skule		211 620	250 000	250 000	0
K03119	Tørketrommel Modalstunet		0	130 000	130 000	0
K03120	Leikeapparat barnehagen		83 514	120 000	120 000	0
K03121	EL-anlegg industribygget, Hall B		256 297	300 000	300 000	0
K03122	VA-anlegg. Sprinkling Mo		95 000	0	0	0
	T O T A L T	15	31 199 718	33 710 000	43 710 000	7 095 096



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Økonomisk oversikt – balanse

	Note	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
EIENDELER			
A. Anleggsmidler		302 270 035	271 798 607
I. Varige driftsmidler		166 778 053	141 865 102
1. Faste eiendommer og anlegg	15	161 876 428	136 294 799
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	15	4 901 625	5 570 304
II. Finansielle anleggsmidler		24 760 260	26 096 470
1. Aksjer og andeler	5	10 366 524	10 155 441
2. Obligasjoner		0	0
3. Utlån	16	14 393 736	15 941 029
III. Immaterielle eiendeler		0	0
IV. Pensjonsmidler	2	110 731 723	103 837 035
B. Omløpsmidler		44 568 465	45 080 765
I. Bankinnskudd og kontanter	1,9	16 639 856	24 309 259
II. Finansielle omløpsmidler		14 789 750	10 449 173
1. Aksjer og andeler	1,9	14 789 750	10 449 173
2. Obligasjoner		0	0
3. Sertifikater		0	0
4. Derivater		0	0
III. Kortsiktige fordringer		13 138 859	10 322 333
1. Kundefordringer	1	2 423 553	5 567 175
2. Andre kortsiktige fordringer	1	5 820 129	0
3. Premieavvik	1,2	4 895 177	4 755 158
Sum eiendeler		346 838 501	316 879 372

EGENKAPITAL OG GJELD	Note		
C. Egenkapital		178 084 861	160 803 716
I. Egenkapital drift		22 914 339	28 884 697
1. Disposisjonsfond	6	10 210 116	15 332 110
2. Bundne driftsfond	6	12 704 223	12 642 389
3. Merforbruk i driftsregnskapet		0	0
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet		0	910 198
II. Egenkapital investering		2 128 890	578 890
1. Ubundet investeringsfond	6	2 078 890	578 890
2. Bundne investeringsfond	6	50 000	0
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet		0	0
III. Annen egenkapital		153 041 632	131 340 129
1. Kapitalkonto	8	153 505 747	131 804 244
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift		-424 203	-424 203
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering		-39 912	-39 912



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

	Note	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
D. Langsiktig gjeld		150 942 642	142 507 788
I. Lån		40 827 627	23 234 690
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	9	40 827 627	23 234 690
2. Obligasjonslån		0	0
3. Sertifikatlån		0	0
II. Pensjonsforpliktelse	2	110 115 015	119 273 098
E. Kortsiktig gjeld		17 810 999	13 567 869
I. Kortsiktig gjeld	1	17 810 999	13 567 869
1. Leverandørgjeld		9 166 359	0
2. Likviditetslån		0	0
3. Derivater		0	0
4. Annen kortsiktig gjeld	1	8 608 870	13 493 054
5. Premieavvik	2	35 770	74 815
Sum egenkapital og gjeld		346 838 501	316 879 372
F. Memoriakonti		0	0
I. Ubrukte lånemidler		-2 178 356	-2 513 428
II. Andre memoriakonti		0	0
III. Motkonto for memoriakontiene		-2 178 356	-2 513 428



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Økonomisk oversikt - drift

	Note	Rekneskap 2020	Justert budsj 2020	Oppr budsj 2020	Rekneskap 2019
Driftsinntekter					
1 Rammetilskudd		23 608 612	24 900 000	23 200 000	20 329 260
2 Inntekts- og formuesskatt		12 152 304	9 300 000	9 000 000	11 513 386
3 Eiendomsskatt		22 368 812	22 368 000	22 100 000	18 128 400
4 Andre skatteinntekter		21 067 648	21 673 000	21 700 000	21 829 022
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten		732 619	703 000	723 000	870 547
6 Overføringer og tilskudd fra andre		17 573 956	13 314 158	14 496 158	15 565 832
7 Brukerbetalinger		2 130 356	1 980 000	1 980 000	2 172 459
8 Salgs- og leieinntekter	14	3 753 603	4 232 200	5 732 200	7 486 519
9 Sum driftsinntekter		103 387 910	98 470 358	98 931 358	97 895 425
Driftsutgifter					
10 Lønnsutgifter	12	45 473 835	44 732 548	44 949 033	44 530 707
11 Sosiale utgifter	2	10 403 749	11 598 628	12 028 189	11 242 632
12 Kjøp av varer og tjenester		30 904 910	30 525 195	29 435 148	28 088 046
13 Overføringer og tilskudd til andre		9 314 356	9 017 064	7 682 064	9 591 226
14 Avskrivninger	9,15	6 131 292	6 131 000	6 625 600	6 792 515
15 Sum driftsutgifter		102 228 142	102 004 435	100 720 034	100 245 125
16 Brutto driftsresultat		1 159 768	-3 534 077	-1 788 676	-2 349 700
Finans					
17 Renteinntekter		362 912	300 000	271 300	498 031
18 Utbytter		3 540	0	0	0
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler		140 577	130 000	200 000	177 978
20 Renteutgifter		406 788	450 000	600 200	474 922
21 Avdrag på lån	9	880 590	880 000	1 000 000	1 000 000
22 Netto finansutgifter		-780 348	-900 000	-1 128 900	-798 913
23 Motpost avskrivninger		6 131 292	6 131 000	6 625 600	6 792 515
24 Netto driftsresultat		6 510 712	1 696 923	3 708 024	3 643 901
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:					
25 Overføring til investering		-12 481 070	0	0	0
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	6	-61 834	431 800	431 800	-307 879
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	6	5 121 994	-3 038 921	-4 139 824	-2 425 825
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	6	910 198	910 198	0	0
28 Dekning av tidligere års merforbruk	6	0	0	0	0
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat		-6 510 712	-1 696 923	-3 708 024	-2 733 703
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)		0	0	0	-910 198



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Noter til rekneskapen:

Note 1 - Endring i arbeidskapital

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
OMLØPSMIDLAR		
Endring betalingsmidler	-7 669 404	-3 078 134
Endring ihendehaverobl og sertifikater	0	0
Endring kortsiktige fordringar	2 676 508	-656 989
Endring premieavvik	140 019	1 531 225
Endring aksjer og andelar	4 340 577	-2 822 022
ENDRING OMLØPSMIDLAR (A)	-512 300	-5 025 921
KORTSIKTIG GJELD		
Endring kortsiktig gjeld (B)	-4 243 130	2 467 711
ENDRING ARBEIDSKAPITAL (A-B)	-4 755 430	-2 558 210
Anskaffelse og anvendelse av midlar		
Anskaffelse av midlar		
Inntekt driftsdel (kontoklasse 1)	100 257 611	96 387 869
Inntekt investeringsdel (kontoklasse 0)	3 079 731	2 944 773
Innbetalingar ved eksterne finanstransaksjonar	23 311 343	4 205 736
Sum anskaffelse av midlar	126 648 685	103 538 378
Anvendelse av midlar		
Utgift driftsdel (kontoklasse 1)	95 916 850	93 452 610
Utgift investeringsdel (kontoklasse 0)	31 199 718	7 095 096
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	3 952 475	4 804 981
Sum anvendelse av midlar	131 069 043	105 352 688
Anskaffelse - anvendelse av midlar	-4 420 358	-1 814 310
Endring i ubrukte lånemidlar	-335 072	-743 900
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Drift	0	0
Endring i regkneskapsprinsipp som påverkar AK Investering	0	0
Endring i arbeidskapital	-4 755 430	-2 558 210

Note 2 - Pensjon

Føring av pensjonskostnad i kommunerekneskapen:

Det er ikkje den betalte premien, men utrekna pensjonskostnad som vert ført som utgift i kommunerekneskapen.

Skilnaden mellom betalt premie og utrekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik. For å få rett

utgiftsføring i høve til utrekna pensjonskostnad, vert det rekneskapsført eit premieavvik som er skilnaden

mellom premien (som vert ført løpande i året) og pensjonskostnaden (som vert rekna ut nåråret er slutt).

Premieavviket skal seinare amortiserast (tilbakeførast) i rekneskapen, jamnt fordelt over 15, 10 eller 7 år.



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Premiebetaling 2020	KLP	SPK	SUM
	4 767 070	769 483	5 536 553

Årets netto pensjonskostnad (F § 13-1 bokstav C)

Netto pensjonskostnad er kostnaden for pensjonsoppteninga siste år, etter frådreg for ei teoretisk avkastning. Utrekninga er gjort av pensjonsselskapa og følgjer føresetnadene i rekneskapsforskrifta og KR.D.

	KLP	SPK	SUM
Årets pensjonsopptening, noverdi	4 010 324	695 617	4 705 941
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	3 380 968	374 329	3 755 297
Venta avkastning på pensjonsmidlane	-3 840 713	-331 414	-4 172 127
Administrasjonskostnad	258 225	25 178	283 403
Netto pensjonskostnad (inkl adm)	3 808 804	763 710	4 572 514

Premieavvik 2020

	KLP	SPK	SUM
Årets premieavvik eks arbeidsgjevaravgift	958 266	5 773	964 039
Netto premieavvik tidlegare år	4 181 814	-72 561	4 109 253
Resultatføring av premieavvik frå tidlegare år, eks arb.gj.avg	-835 550	28 447	-807 103
Akkumulert premieavvik	4 304 530	-38 379*	4 266 151
Arbeidsgjevaravgift	590 647	2 609*	593 256

*Korrigerer lite avvik i 2021

Balanseførte forpliktelsar og midlar pr. 31.12.20 (F § 13-1 bokstav E)

Brutto påløpt forplikting er den totale pensjonsforpliktinga kommunen har pr 31.12 for yrkesaktive, pensjonistar og fripoliser. Pensjonsmidlar er alle midlane kommunen har avsatt til pensjonsføremål til dei samme. Midlar er både premiereserve, tilleggsavsetjing, kursreguleringsfond og evt innestående på premiefond. Netto forplikting syner at ein del av pensjonsforpliktinga ikkje er innbetalt eller rekneskapsført, i hovudsak AFP.

	KLP	SPK	SUM
Brutto påløpt forplikting	-98 426 168	-11 765 056	-110 191 224
Pensjonsmidlar	100 559 184	10 172 539	110 731 723
Netto pensjonsforplikting	2 133 016	-1 592 517	540 499
Arbeidsgjevaravgift	300 755	-224 545	76 210

Føresetnader for utrekningane

	SPK	KLP
Venta avkastning på pensjonsmidlar (F § 13-5 bokstav F)	3,50 %	4,00 %
Diskonteringsrente (F § 13-5 bokstav E)	3,50 %	3,50 %
Venta årleg lønsvekst (F § 13-5 bokstav B)	2,48 %	2,48 %
Venta årleg Grunnbeløps- og pensjonsregulering (F § 13-5 bokstav C og D)	2,48 %	2,48 %
		1,71 %

Demografiske føresetnader for utrekningane

	SPK	KLP
Dødelighet	K2013	K2013
Uførhet	Tabell: K2063	KLP Uføretariff



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

KLP		
Andel som tek ut AFP frå 62 år:	Aldersgrense 65 år	Aldersgrense 70 år
Sjukepleiarar	36 %	43 %
Fellesordninga	36 %	43 %

Frivillig avgang sjukepl- og tillitsvaldordn.:							
Alder	< 20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Avgang i %	25	15	10	6	4	3	0

Frivillig avgang fellesordninga:							
Alder	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	> 55	
Avgang i %	25	15	7,5	5	3	0	

Medlemsstatus	2018	2019	2020
Aktive	92	95	101
Oppsatte	121	128	135
Penjonar	59	64	69
Gj.snitt pensjonsgrunnlag, aktive	318 102	315 771	328 928
Gj.snitt alder, aktive	44,86	43,71	42,9
Gj.snitt tenestetid, aktive	9,21	8,7	9,6

SPK			
Føresetnader for frivillig avgang (F § 13-5 bokstav G) :		Uttaksandel pr aldersgruppe	
18-39 år	4,5 % årleg	i AFP:	
40-54 år	2,0 % årleg		
over 54 år	1,0 % årleg	ved fylte 62 år	50,00 %

Note 3 - Kommunen sitt garantiansvar pr 31.12.2020

Garanti for:	Merknad	2020	2019
NGIR	Gjeld lån, pensjonsforplikting og etterdriftsfond	526 532	373 555
Nordhordland revisjon IKS	Gjeld pensjonsforplikting	36 826	28 687
Norhordland utviklingsselskap IKS	Gjeld pensjonsforplikting	16 374	28 268
Region Nordhordland helsehus IKS	Gjeld lånegjeld	12 180 000	6 090 000
Sum garantiansvar		12 759 732	6 520 510



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Note 4 - Fordring og gjeld til kommunale foretak, bedrifter og samarbeid

	Fordring	Gjeld
Kommunal verksemd - namn:	0	0

Note 5 - Aksjer og andelar i varig eige

Namn på selskap	Andelar	Pålydande	Verdi	Bal.ført
Interessekapital NGIR		1 097	1 097	1 097
NIT kommunedata	1	50	50	50
AL Biblioteksentralen	1	300	300	300
Kommunekraft AS	1	1000	5 154	1 000
Modalen næringsbygg AS	7 342	1 000	10 434 892	7 062 000
Modalen kraftlag BA	1	500	500	500
Nordhordland veteranbåtlag	25	200	5 000	5 000
Fjord Norge AS	1	5 000	6 497	5 000
Modalen-Eksingedalen billag AS	927	500	2 783 789	463 500
Vann Vest AS	1	5 000	5 000	5 000
EK-innskot KLP				2 823 077

Note 6 - Avsetning og bruk av fond

Bundne driftsfond - kap. 251	2020	2019
Beholdning pr.01.01	12 642 388,70	12 334 510,05
Bruk av bundne driftsfond i driftsregnskapet	626 220,23	399 141,80
Bruk av bundne driftsfond i investeringsregnskapet	0,00	0,00
Avsetning til bundne driftsfond	688 054,20	707 020,45
Beholdning pr. 31.12	12 704 222,67	12 642 388,70

Ubundne investeringsfond - kap. 253	2020	2019
Beholdning pr.01.01	578 889,85	578 889,85
Bruk av ubundne investeringsfond i investeringsregnskapet	0	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	1 500 000,00	0
Beholdning pr. 31.12	2 078 889,85	578 889,85



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Bundne investeringsfond - kap. 255	2020	2019
Beholdning pr.01.01	0,10	14 490,10
Bruk av bundne investeringsfond i investeringsregnskapet	0,00	14 490,00
Avsetning til bundne investeringsfond	50 000,00	
Beholdning pr. 31.12	50 000,10	0,10

Disposisjonsfond - kap. 256	2020	2019
Beholdning pr.01.01	15 332 110,00	18 350 006,38
Bruk av disposisjonsfond i investeringsregnskapet	17 773 716,85	5 443 721,00
Bruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet	0,00	1 790 744,00
Avsetning til disposisjonsfond	12 651 722,95	4 216 568,62
Beholdning pr. 31.12	10 210 116,10	15 332 110,00

Samlet avsetning og bruk av fond i året	2020	2019
Beholdning pr.01.01	28 553 388,65	31 277 896,38
Avsetninger	14 889 777,15	4 923 589,07
Bruk av avsetninger	18 399 937,08	7 648 096,80
Netto avsetninger (Negativt tall betyr netto forbruk)	-3 510 159,93	-2 724 507,73
Beholdning pr. 31.12	25 043 228,72	28 553 388,65

Nærmere spesifisering bundne midlar	2020	Merknad
Bundne driftsfond		
Kalking Modalselva	6 350 615,81	Årleg bruk og tilførsel
Fond for ferskvassfisk	2 168 272,23	Årleg avsetjing
Næringsfond (grunnkapital)	2 000 000,00	Urørleg kapital
Husbanktilskot - etablering og tilpasning	292 289,00	Tildeling etter søknad
Legatmidlar	253 864,71	Tildeling frå formannskapet etter søknad
Dekomp. Midlar	250 000,00	Tildelt 2020
Viltfond	171 795,00	Ingen tiltak 2020
Kulturminnevern	125 000,00	Tildelt 2020
"Gamle fond" til gjennomgang og avklaring. 9 fondskonti	583 547,50	Sum av 9 fondskonti
Mindre fond under 100 000. 8 fondskonti	508 838,42	Sum av 8 fondskonti
Bundne investeringsfond:		
Dagsturhytta	50 000,00	Brukast 2021



Note 7 - Forskottering av vegar

Fv 313 Evanger - Nesheim	Samla rest forskottering:	0
---------------------------------	----------------------------------	----------

Utbetalt: Kr 600 000 des. 05. Kr 430 000 des. 06. Kr 50 000 mars 09. Totalt kr 1 080 000.

Vedtak: K-sak 002/03

Samfinansiering med BKK, Voss og Vaksdal kommunar

Tilbakebetaling: Administrasjonen avtalar tilbakebetalingstidspunkt i samarbeid med dei andre partane.

Delbetaling frå Hordaland fylkeskommune kr 955 752 i 2019.

Sluttbetaling frå Hordaland fylkeskommune kr 124 248 i 2020.

Fv 569 ved Eidslandet	Samla rest forskottering:	0
------------------------------	----------------------------------	----------

Utbetalt: Kr 1 135 135 nov. 09. Kr 1 664 865 des. 09.

Vedtak: K-sak 033/08, K-sak 013/07

Samfinansiering med BKK, Vaksdal Næringssselskap AS
og Vaksdal kommune

Tilbakebetaling: Så snart som råd. Prioritet etter BKK AS.

Delbetaling kr 424 242 januar 2015

Sluttbetaling frå Hordaland fylkeskommune kr 2 375 758 i 2020.

Forskotteringane til vegar inngår som del av Utlån frå næringsfondet, og avdrag/tilbakebetaling er tilbakeført til næringsfondet.



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Note 8 - Kapitalkonto

	DEBET		KREDIT
		IB Saldo (kapital)	131 804 244,00
Debetposter i året:		Kreditposter i året:	
Sal av fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidlar	0,00	Aktivering fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidlar	31 044 243,00
Avskrivning: Eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidlar	6 131 292,00	Oppskrivning fast eiendom/anlegg	0
Nedskrivning: Eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidlar	0		
Sal aksjer/andeler	0	Kjøp av aksjer/andeler	0,00
Nedskrivning aksjer/andeler	0	Oppskrivning av aksjer/andeler	0,00
Avdrag på utlån - sosiale utlån	0	Utlån - sosiale utlån	0,00
Avdrag på utlån - andre utlån	3 568 234,00	Utlån - andre utlån	2 027 541,00
Avskrivning på utlån - sosiale utlån	0	Avdrag på eksterne lån	1 307 063,00
Avskrivning på utlån - andre utlån	0	Aktivert EK-tilskot	211 083,00
Bruk av lånemidler	19 235 072,00		
Endring pensjonsforpliktning (auke)		Endring pensjonsforpliktning (reduksjon)	
Endring pensjonsmidlar KLP	0,00	Endring pensjonsmidlar SPK	9 158 083,00
Endring pensjonsmidlar SPK	1 672 469,00	Endring pensjonsmidlar KLP	8 567 157,00
Endring pensjonsmidlar andre selskap		Endring pensjonsmidlar andre selskap	
UB Balanse (kapital)	153 505 747,00		
	184 119 414,00		184 119 414,00



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Note 9 - Finansforvaltning

Likviditet:

Bankinnskot:	Rente 31.12:	Saldo 31.12.20	Saldo 31.12.19
Østre agder sparebank		0	2 028 956
Stadsbygd sparebank		0	0
Soknedal sparebank		0	2 314 257
Modum sparebank		0	2 044 705
Arendal og omegns sparekasse		0	2 510 800
Skagerrak sparebank	0,70 %	5 988 507	2 052 423
DnB	0,10 %	6 521	318 859
Sp Vest (fleire konti)	0,49 %	8 590 144	11 053 835
Kasse		18 665	28 255
Skattetrekkkonto	0,49 %	1 782 154	1 705 094
Legatkonto	0,49 %	253 865	252 076
Sum kasse, bankinnskot		16 639 856	24 309 259
Pengemarknadsfond:	Avkastning:		
Pluss pengemarked	1,12 %	14 789 750	10 449 173
		Totalt	31 429 606
			34 758 432

Kommentar:

Driftskontoen til kommunen er i Sparebanken Vest. Reglementet avgrensar kor mykje ein kan ha inneståande i ein bank til kr 15 millionar.

Rentevilkåra er for tida låge, grunna lågt generelt rentenivå. Me ventar framleis lågt, men noko stigande rentenivå framover.

Gjeld:	31.12.2020	31.12.2019
Kommunalbanken 20200345	17 400 000	
Flytande lånerente siste endring	1,06 %	
Kommunalbanken	14 147 920	15 005 370
Flytande lånerente	0,90 %	2,40 %
Kommunalbanken	347 210	370 350
Flytande lånerente	0,90 %	2,40 %
Husbanken - formidlingslån	8 932 497	7 858 970
Flytande lånerente	0,80 %	1,88 %
3 M Nibor (31.12):	0,49 %	1,84 %



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Betalt avdrag 2020	880 590
Budsjettert avdrag 2020	880 000
Utrekna minimumsavdrag 2020	717 741

	2020	2019
Gr.lag for utrekning minimumsavdrag:		
Avskrivning i året	6 131 292	6 792 515
Lånegjeld pr 01.01 eks lån til vidareutlån	15 375 721	18 510 319
Avskrivbare anleggsmidlar pr 01.01	141 346 776	131 979 626
Utrekna minimumsavdrag	717 741	952 659
Utgiftsført avdrag i drift	880 590	1 000 000
Betalt/utg.ført høgare enn minimum	162 849	47 341

Kommentar:

Det er teke opp formidlingslån frå Husbanken i 2020. Kr 1 500 000..

Det er teke opp investeringslån i Kommunalbanken i 2020. Kr 17 400 000.

Gjelda til Modalen kommune er ikkje høg i høve til kommunen si evne til å betale renter og avdrag

Me ventar lågt, men noko stigande rentenivå framover.

Modalen kommune betalar avdrag over minimumskrava som Kommuneleva set.

Langsiktige finansielle aktiva:

Kommunen har ingen midlar pr dato som er definert som langsiktige finansielle aktiva.

Note 10 - Tilgang og bruk av Næringsfondet

	2020	2019
Tilgang:	Beløp	Beløp
Konsesjonsavgift mv	-6 153 562	-5 861 290
Konsesjonskraft m.m.	-161 320	-64 962
Renter og avdrag	-3 108 280	-1 644 076
Anna inntekt	-632 243	-280 601
Bruk:		
Utlån	41 000	0
Tilskot bustad	450 000	631 598
Tilskot verksemd/landbruk	1 169 150	3 564 134
Elevstipend	603 790	420 300
Utgift i drift	115 994	311 208
Lønnskostnad/delstilling	322 236	331 515
Konsulent/advokat i drift	0	111 850
Veterinærvakt	0	75 500
Leige lokale/leilighet i samband med Korona	577 270	



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

	2020	2019
	Beløp	Beløp
Fondsbruk vegar	30 000	30 000
Finansiering av investering	5 000 000	2 995 636
Korr avsetjing til nærings- og tenestesenter	1 500 000	1 000 000
Sum bevegelse	-245 965	1 639 812
Saldo 01.01.	3 392 231	5 032 043
Saldo 31.12.	3 638 196	3 392 231
Avvik	0	0

Note 11 - Sjølvkost

Resultat 2020					Balansen 2020	
Inntekter	Kostnader	Over(+)/underskudd (-)	Årets deknings-grad i % ¹⁾	Vedtatt deknings-grad i %	Avsetn(+)/ bruk av (-) deknings-gradsfond	Deknings-gradsfond/fremførbart underskudd pr. 31.12
Renovasjon	0	0	0		0	0
Slam	70 293	177 614	-107 321	39,6 %	0	0
Vann	385 012	1 468 028	-1 083 016	26,2 %	0	0
Avløp	390 013	878 219	-488 206	44,4 %	0	0
Feiing	156 934	243 705	-86 771	64,4 %	0	0

Note 12 - Ytingar til leiande personar og revisor

Ytingar til leiande personar	Løn og anna godtgjering
Rådmann Jo Bjarte Tømmerbakke	1 109 268
Ordfører Kjetil Eikefet	748 761
Godtgjering til revisor	
Kommunen sin revisor er Nordhordland Revisjon IKS. Samla godtgjering til revisor i 2020 er kr 344 604	

Note 13 - Prinsipp og vurderingsreglar

Kommunelova § 14-6 om årsrekneskap og bokføring:

Årsrekneskapen skal utarbeidast i tråd med følgjande grunnleggande rekneskapsprinsipp:

All tilgang på og bruk av midlar i året skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen.

All tilgang på og bruk av midlar skal rekneskapsførast brutto.

Alle kjente utgifter og inntekter i året skal takast med i årsrekneskapen for vedkomande år, enten dei er betalt eller ikkje når årsrekneskapen vert avslutta.

Dersom storleik på eit beløp er usikkert, brukast beste estimat.

Årsrekneskap skal førast i samsvar med God kommunal rekneskapsskikk.

Rekneskapsopplysningar skal bokførast, spesifiserast, dokumenterast og oppbevarast i tråd med Bokføringslova §§3 til 14.

Årsrekneskapen skal avleggast seinast 22. februar.



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Note 14: Spesifikasjon av vesentlege postar/transaksjonar/forpliktelsar/strykningar

Modalen kommune har inntekt frå sal av konsesjonskraft frå 2018-2022 basert på ein avtale med Hordaland fylkeskommune.

I 2020 Modalen kommune utgiftsført kr 113 944 knytt til konsesjonskraftsalet, då gjennomsnittleg pris på salet var høgare enn prisen kommunen måtte betale for konsesjonskrafta. I 2019 inntektsførte kommunen kr 3,6 millionar knytt til dette. Det gjald konsesjonskraftmengde for både 2018 og 2019.

Note 15 - Anleggsregisteret

Gruppe	IB 01.01	Tilgang	Avgang	Avskr	Nedskr	UB 31.12	Avskr.tid (år)	Avskr.plan
Person, vare- og lastebilar	584 000	0	0	87 000	0	497 000	10	Lineær
Anleggsmaskiner	587 533	0	0	133 135	0	454 398	10	Lineær
Brannbilar	1 932 098	0	0	143 835	0	1 788 263	20	Lineær
Maskiner, verkty, inventar/utstyr	2 291 730	211 620	0	481 340	0	2 022 010	10	Lineær
IKT og kontormaskiner	174 943	0	0	34 989	0	139 954	5	Lineær
Bustadar	14 781 915	0	0	688 493	0	14 093 422	40	Lineær
Skular og barnehagar	26 438 040	253 817	0	963 556	0	25 728 301	40	Lineær
Idrettsanlegg	1 298 587	0	0	74 711	0	1 223 876	40	Lineær
Forretnings- og lagerbygg	2 281 392	256 297	0	133 908	0	2 403 781	50	Lineær
Adm bygg	5 579 471	19 045 549	0	100 576	0	24 524 444	50	Lineær
Aldersheimar og institusjonar	15 026 712	0	0	423 594	0	14 603 118	50	Lineær
Kulturbygg	33 190 940	0	0	990 107	0	32 200 833	50	Lineær
Brannstasjonar	1 041 803	9 866 189	0	2 648	0	10 905 344	50	Lineær
Tekn anlegg (var) og reinseanlegg	11 273 489	556 987	0	770 915	0	11 059 560	20	Lineær
Leidningsnett (va)	1 595 584	0	0	76 720	0	1 518 864	40	Lineær
Vegar	5 394 886	0	0	224 993	0	5 169 893	40	Lineær
Parkeringsplassar, utomhusområde	7 873 634	830 699	0	800 772	0	7 903 561	20	Lineær
Tomtegrunn, areal	10 518 327	178 560	155 475	0	0	10 541 412	Ingen avskr	
	141 865 083	31 199 718	155 475	6 131 292	0	166 778 034		

Note 16 - Utlån

	31.12.2020	31.12.2019
Utlån finansiert med innlån:		
Formidlingslån til private	7 961 512	6 551 906
Sum	7 961 512	6 551 906
Utlån finansiert av egne midler:		
Modalen kraftlag SA	368 376	448 512
Grønhaug kraftverk AS	512 250	552 250
Top eiendom AS	446 188	453 750
Testlab Vest AS	34 167	0
Modalen Næringsbygg AS	4 877 400	5 283 400
Vann Vest AS	1 900	1 900
Forskottering veg - Vestland fylke		2 500 006
Andre	191 943	149 308
Sum	6 432 224	9 389 126



1 Modalen kommune – 2020 – 11.04.21

Kopi:

Ordfører

Kommunedirektør

Økonomisjef

Modalen kommune

Kontrollutvalet

Isdalstø, 05.05.2021

Revisjonsrapport nr. 16

Årsrekneskapen 2020

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2020. Rekneskapen for 2020 skal avleggast etter reglane i ny kommunelov og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner m.v.¹ (Budsjett- og regnskapsforskriften). Dette har medført nokre endringar for avlegginga av rekneskapen i 2020 samanlikna med tidlegare år.

Vårt arbeid er utført med heimel i Kommuneloven kapittel 24 som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Kommuneloven § 24-2 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

Vår hovudoppgåve er å konkludere på om årsrekneskapen er avlagt utan vesentlege feil. Revisjonshandlingane gir oss grunnlaget for denne konklusjonen. Desse handlingane er styrt av vurderingar i høve til risiko og vesentlegheit og vil mellom anna omfatte stikkprøver, analysar, fysisk inspeksjon, samtalar med leiinga og kontroll mot ulik ekstern informasjon.

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som følgjer av vår revisjonsgjennomgang.

¹ Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. av 7.6.2019 nr 714.

Budsjett

Det er nokre differansar mellom vedteke budsjett og budsjettrapportering i rekneskapen på linenivå. Budsjettpostar knytt til formidlingslån er i rekneskapen registrert saman med kommunen sine ordinære lån i løyvingsoversyn investering. I budsjettdokumentet er desse registrert på eigne liner i samsvar med oppstillinga.

Vi oppmodar generelt til at ein nyttar pliktige oppstillingar etter forskrifta i samsvar med budsjettvedtak og rapportering gjennom året for å sikre gjennomsiktighet og etterprøvbarheit, samstundes som det styrker innarbeidinga av nye pliktige oppsett.

MVA og MVA-kompensasjon

I samband med ny brannstasjon og nytt nærings- og tenestesenter har kommunen handsama fleire krevjande avgiftsmessige problemstillingar. Vi har gjennomgått desse i samband med årsoppgjeret utan merknadar.

Uteståande krav og avdrag lån

For å redusere risikoen for at kommunen taper inntekter er det viktig at innkrevjingsrutinar med fast purring og vidare tiltak prioriterast, samt at avdrag på lån blir fakturert og følgt opp jamleg. Dette har vi omtala også i tidlegare års rapportar. Vi ser ei positiv utvikling på området, men dette arbeidet må framleis prioriterast.

Avsetjingar for framtidige forpliktingar, overlegepermisjon

Kommuneoverlege med relevant spesialitet har etter gjeldande avtale på området rett på 4 månadar permisjon med løn, overlegepermisjon, kvart 5. år. I permisjonstida må legefunksjonen oftast dekkast inn på anna måte som fører til kostnadar for kommunen. Det kan derfor vere naturleg å avsetje for denne framtidige forpliktinga i rekneskapen. Det er ikkje nokon avsetjing i rekneskapen for 2020 relatert til dette, og ei avsetjing på dette området kan vurderast for seinare år.

Manglar ved rekneskapsdokument, notar

Det er nokre få manglar vedrørande einskilde notar.

Ei pliktig note er ikkje teke med, denne inneheld ikkje ny informasjon for 2020. Det gjeld note om vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp, jf Budsjett- og regnskapsforskriften § 5-10 .

I note som omhandlar lån , jf Budsjett- og regnskapsforskriften § 5-12 er det ikkje opplyst om gjennomsnittleg løpetid.

Note 12 om godtgjersle til revisor viser ikkje fordeling slik som forskrifta krev.

Manglane er ikkje vesentlege, men informasjonen kan innarbeidast i seinare års rekneskapsdokument.

Årsmelding

Årsmeldinga inneheld hovudsakleg lovpålagte krav. I revisjonsmeldinga har vi teke atterhald under utsegn om andre lovmessige krav relatert til årsmelding, knytt til manglande omtale av eventuelle avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane i budsjettet opp mot endeleg avlagt årsrekneskap. Vi kan derfor ikkje uttale oss om eventuelle budsjettavvik knytt til vedtekne premissar.

Avsluttande kommentarar

Vår revisjon har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar knytt til rekneskapen for 2020. Generelt er rekneskapen ryddig, godt dokumentert og her er få feil.

Med venleg helsing,

Vestlandsrevisjon IKS



Janne Eraker

Revisjonssjef

Modalen kommune

Innkjøpsreglement

Vedteke av Modalen kommunestyre

Dato: 06.05.21

Sak .../21



Innhald	
1. Innleiing.....	2
2. Handsaming av innkjøp.....	4
3. Dokumentasjon og arkivering.....	5
4. Rammeavtalar.....	5
5. E-Handel.....	5
6. Innkjøpsprosessen	6
7. Avslutning.....	11

1. Innleiing

Heimel

Lov om offentlege anskaffelser (FOA)

Forskrift om offentlege anskaffelser

Samarbeidsavtalar – inngåtte rammeavtalar

Føremål

Føremålet med Modalen kommune sitt innkjøpsreglement er å sikre at alle innkjøp i kommunen vert utført i tråd med gjeldande lover, forskrifter og retningsliner. Reglementet gjeld for alle typar innkjøp til kommunen. Det skal medverke til ein effektiv og god økonomiforvaltning i kommunen, og hindre økonomisk utruskap.

Modalen kommune er med i felles innkjøpsordning gjennom Bergen kommune. Bergen kommune skaffar samarbeidspartane felles rammeavtalar og bidrar med råd og kompetanse ved einskildkjøp og konkurranseutsetjing. Tilsvarande ordning gjeld for deltaking i IKT Nordhordland-samarbeidet kor Modalen er eigarkommune.

Elektronisk handel (eHandel) er eit tingingsssystem. Systemet er eit verkemiddel for å oppnå betre anskaffing og meir effektiv innkjøp. Modalen kommune har tilrettelagt for eHandel og skal arbeide for å auke bruken av dette systemet. eHandel- systemet er integrert i rekneskapssystemet, slik at kopling mellom ordre og faktura kan skje automatisk. Rekvirentar skal bruke dette systemet der det er mogleg.

Grunnleggjande for alle innkjøp er:

- Alle innkjøp skal ha sitt grunnlag i vedtatt budsjett.
- Alle innkjøp skal skje i samsvar med vedtatt rutine i kommunen.
- Innkjøp skal følge gjeldande lover og forskrifter.
- Innkjøpsavtalar som er inngått og gjort gjeldande av kommunen skal nyttast.

Kommunen sitt overordna mål er i tråd med Lov om offentlige anskaffelser (LOA) § 1 og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) §§ 1-1 og 1-2.

Modalen kommune ventar at alle som gjer innkjøp på vegne av kommunen følgjer dei grunnleggjande prinsipp til alle offentlege innkjøp, jf. LOA § 4: «Oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggjande prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet».

Gjennomføring og endring av innkjøpsreglementet

Rådmannen har det overordna ansvaret for innkjøpsreglementet. Rådmannen har delegert ansvaret for å utarbeide reglementet til økonomisjef. Økonomisjef har ansvar for å rullere reglementet ved høve.

Forholdsmessigprinsippet

Modalen kommune skal gjennomføre konkurransen på ein måte som står i forhold til innkjøpet. Krav til framgangsmåte aukar proporsjonalt med verdien av varen/tenesta som skal skaffast.

Krav til konkurranse

Modalen kommune pliktar å syte for at innkjøp så langt som råd er baserer seg på konkurranse. Bakgrunnen for kravet er at konkurransar vert rekna som eit eigna verkemiddel for å sikre ein mest mogleg effektiv ressursbruk i kommunen, og bidrar til auka verdiskapning i samfunnet. Kravet til konkurranse gjeld for alle innkjøp utan omsyn til art og verdi.

God forretningsskikk

Kravet til god forretningsskikk inneber at kommunen må innrette seg som ein aktsam profesjonell aktør ville gjort, på alle nivå i innkjøpsprosessen. Modalen kommune må syte for at sakshandsaminga er forsvarleg og sakleg, og at alle innkjøp skjer på ein økonomisk og ressurseffektiv måte.

Likebehandling og ikkje-diskriminering

Modalen kommune skal sikre at alle leverandørar vert handsama likt gjennom heile innkjøpsprosessen. Dette gjeld ved val av prosedyre, ved utarbeiding av kunngjering og konkurransegrunnlag, i kvalifiseringsprosessen og tildelingsprosessen.

Føreseieleg

Kravet inneber at innkjøpsprosessen skal vere føreseieleg for leverandørane. At anbodet er føreseieleg gjer det mogleg for leverandørar å vurdere om dei vil delta i konkurransen. For at leverandørane skal vere interessert i å bruke tid og ressursar på å utarbeide tilbod, er det ein føresetnad at dei stolar på at Modalen kommune føl dei rammene som er fastsett i konkurransegrunnlaget/kunngjeringa og innkjøpsreglementet.

Innsyn og etterprøving

Modalen kommune skal sjå til at innkjøpsprosessen til ei kvar tid kan etterprøvast. Dette inneber at oppdragsgjevar må kunne dokumentere gangen i prosessen. Modalen kommune må difor heile tida sikre at vurderingar og dokumentasjon som har betydning for gjennomføringa av konkurransen ligg føre skriftleg og i tilstrekkeleg klar og utfyllande form til at ein tredje person eller eit klageorgan i ettertid kan få ei god forståing av dei vurderingane oppdragsgjevaren har gjort. Kravet om etterprøving stiller krav til at kunngjeringa og konkurransegrunnlaget må vere klart og utfyllande formulert.

Modalen kommune skal sikre at omsynet til innsyn vert ivareteke gjennom heile innkjøpsprosessen. Dette inneber eit krav om openheit rundt konkurranse gjennom kunngjering, i tillegg til innsynsrett i dokument som syner korleis innkjøpet har føregått med tanke på kontrollere at kommunen har følgd innkjøpsreglementet.

2. Handsaming av innkjøp

Kommunestyret sitt innkjøpsmynde vert utøvd av rådmannen i samsvar med kommunen sitt delegeringsreglement. Rådmannen har ansvar for den interne koordineringa av den samla innkjøpsverksemda i kommunen. Dette omfattar mellom anna aktiv medverknad ved innkjøpsavtalar-/prosjekt i innkjøpsamarbeid. Det omfattar òg lojalitet til rammeavtalar og kontrakter som er inngått her på vegne av kommunane.

Fullmakt til å gjere innkjøp og bestille varer og tenester

Tenesteleiarane har fullmakt til å gjere avtalar om innkjøp og anskaffingar innanfor eigne budsjetttrammer. Tenesteleiarane kan sjølv bestemme kven som skal ha fullmakt til å bestille varer og tenester innafor sitt ansvarsområde.

Godkjennar

Alle som har fått delegert mynde til å foreta tilvising har òg mynde til å vere godkjenner i eHandel.

Varemottak

Den som bestiller varen/tenesta er òg den som bør gjere varemottak. I eHandel-systemet til Modalen kommune er det viktig å gjere varemottak slik at rekninga vert betalt.

Attestasjon

Før eit bilag blir tilvist skal det vere attestert av ein person som kan gå god for at bilaget er forsvarleg kontrollert, slik at det kan leggjast fram eit sikkert grunnlag for tilvising. Den som attesterer har ansvar for å kontrollere følgjande:

- at varen/tenesta verkeleg er motteke/utført
- at varen/tenesta er i samsvar med bestillinga
- kontroll med at rette prisar, tariff eller regulativbestemte satsar er nytta
- kontroll med at leveringsvilkåra er oppfylte

Attestasjonen skal i all hovudsak utførast av den personen som har anskaffa vara/tenesta, eller har naudsynt grunnlag for å kontrollere at rekninga er i samsvar med dei underliggjande forhold og innkjøpsavtalen.

Tilvising

Ei tilvising er ein utbetalingsordre som viser kvar i budsjettet ei utgift skal førast og stadfestar at det er dekning i budsjettet. Den som har fått delegert tilvisingsmynde frå rådmannen er direkte ansvarleg for at alle punkt over er oppfylte

3. Dokumentasjon og arkivering

I FOA kapittel 7 – fellesbestemmelser- § 7-1 «dokumentasjonsplikt» (1) «oppdragsgiveren skal oppbevare dokumentasjon som er tilstrekkelig til å begrunne viktige beslutninger i anskaffelsesprosessen. Ved anskaffelser over EØS-terskelverdiene som angitt i § 5-3, skal dokumentasjonen oppbevares i minst tre år fra tidspunktet for inngåelse av kontrakten.»

Jf. FOA § 7-1; «Vesentlige forhold for gjennomføringen av anskaffelsen skal nedtegnes eller samles i protokoll».

Heile innkjøpsprosessen skal dokumenterast i WebSak ved større innkjøp. Modalen kommune som oppdragsgjevar skal ta vare på kontrakta i heile kontraktperioden. All sakshandsaming, inkludert protokoll, skal arkiverast i sakshandsamarsystemet (WebSak). Det skal brukast protokoll som passar storleiken på innkjøpet. Dokumentasjonsplikta er ivareteken ved anskaffing på varer som vi har rammeavtale på. Det skal årleg opprettast sak i websak der alle anskaffingsprotokollar for inneverande år skal arkiverast. Til dømes «Anskaffingsprotokollar 2021»

4. Rammeavtalar

Ein rammeavtale er ein avtale som fastlegg vilkåra for kjøp innanfor ei vare- og tenestegruppe i ein bestemt periode. Gjennom rammeavtalen vil ein leverandør sikre seg rett til å levere varer og tenester i kontraktperioden.

Gjennom innkjøpssamarbeidet blir det gjort felles rammeavtalar for alle som deltek i ordninga. Når det vert lyst ut tilbuds konkurranse for ei vare- og tenestegruppe skjer det under føresetnad av at det er obligatorisk for dei som er med i samarbeidet å berre nytte denne leverandøren i avtaleperioden. Det blir derfor ei stor kontrakt som blir attraktiv for leverandørane og konkurransen fører til at prisane blir pressa ned. Dette føreset at kommunane er lojale i høve avtalen i avtaleperioden.

Alle innkjøp som fell innanfor vare- og/eller tenestegrupper som er omfatta av ein rammeavtale skal gjennomførast som avrop (bestilling) på denne. Det må derfor først avklarast om varen eller tenesta ein treng kan skaffast ved å nytte inngått rammeavtale.

5. E-Handel

Som nemnt innleiingsvis er eHandel eit elektronisk ordresystem som Modalen kommune har som mål å nytte fullt ut. Det er integrert i rekneskapssystemet, slik at kopling mellom ordre og faktura kan skje automatisk.

Målet med å bruke eHandel er for å oppnå:

- Betre eigenkontroll
 - o Kontroll på kven som bestiller kva, til kva pris, frå kva leverandør
 - o Godkjenning av innkjøp før dei vert føreteke
 - o Kontroll på varebestilling
 - o Kontroll på betaling i samsvar med bestilling og levering

- Meir effektive innkjøp
- Betre ressursutnytting
- Betre oppfølging av innkjøp

E-Handel er eit viktig verktøy for å sikre at innkjøpa vert gjort gjennom dei rammeavtalane som Modalen kommune har forplikta seg til.

6. Innkjøpsprosessen

Alle anskaffingar skal gjennomførast etter reglane i lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Kva prosedyre som skal følgjast ved ei anskaffing, blir styrt av verdien på avtalen. Det er for tida tre sentrale terskelnivå.

DEL I: Kontraktsverdi mindre enn kr 1.300 000,- eks. mva. FOA kapittel 1-7.

DEL II: Kontraktsverdi mindre enn kr 2.000.000,- eks. mva, FOA kapittel 8.

DEL III: Kontraktsverdi over kr 2.000.000,- eks. mva. FOA kapittel 9-29.

Vi har i tillegg innkjøp under kr 100.000,- utan avtalar, som skal følgje del I der det er naturleg. Modalen kommune har eige skjema for dokumentasjon av denne typen innkjøp med verdi mellom kr 25 000 og kr 100 000.

Før val av prosedyre må ein i starten av ein innkjøpsprosess vurdere kor mykje anskaffinga vil koste. Det er totalkostnaden som skal reknast, og det er ikkje lovleg å dele opp ei anskaffing i fleire delar for å komme under terskelverdiane. Ved avtalar som gjeld for fleire år skal verdien for heile avtaleperioden reknast med. For avtalar som ikkje er tidsavgrensa skal ein rekne verdien for fire år.

Brot på regelverket om offentlege anskaffingar kan medføre at kommunen har gjort ein ulovleg direkte anskaffing og kan verte ilagt overtredingsgebyr. Kommunen kan vidare komme i erstatningsansvar ovanfor tilbydarar.

Det er oppretta ei særleg klagenemnd KOFA som tek stilling til om ei anskaffing er gjort i strid med regelverket dersom ein leverandør krev det.

Gjennomføring av enkeltanskaffingar under kr 1.300.000 eks mva

Ei anskaffing under kr 1.300.000,- eks. m.v.a., utan avtale, skal normalt følgje del I i FOA kapittel 1-7 om alminnelege føresegner, som omhandlar blant anna desse punkta:

- Spørje minst 3 leverandørar, kan bruke e-post (LOA §4 «konkurransen»)
- Dokumentasjonsplikt, lage protokoll over anskaffinga (FOA §7-1)
- Skatteattest over kr 500.000,- (FOA §7-2)

Ei anskaffing under kr 100.000,- og utan avtale skal innrette seg etter del I, alminnelege føresegner, som mellom anna skal vere basert på konkurranse. Det betyr at for slike anskaffingar må ein undersøke i marknaden om det finst aktuelle tilbydarar, og sende førespurnad til minst tre aktuelle tilbydarar. Her gjeld prinsippet om forholdsmessighet. Det vil seie at for ei anskaffing til kr 5.000,- er det begrensa kor mykje jobb ein skal legge i å finne aktuelle tilbydarar. Det kan vere nok å gjere eit

søk på internett og ta nokre telefonar. For dei minste anskaffingane må ein gjere ei vurdering i høve forventa innsparing ved å sende førespurnad til fleire enn tre tilbydarar.

Det er ikkje påkravd med anskaffingsprotokoll på anskaffingar under kr 100.000,- eks. mva, men som hovudregel bør ein likevel føre protokoll for anskaffingar over kr 25.000,- eks. mva. Protokollen skal innehalde ei kort grunngjeving for val av vinnar. For å oppnå ei forsvarleg og sakleg sakshandsaming vert det tilrådd at ein førete skriftlege førespurnader om tilbod, og innkomne tilbod med attestar blir vedlagt protokollen, som skal arkiverast i Modalen kommune sitt arkivsystem (WebSak), jf årleg oppretting av sak der anskaffingsprotokollane skal samlast

Gjennomføring av enkeltanskaffing mellom kr 1,3 og 2 millionar, eks mva

DEL II, anskaffingar under EØS/særskilde tenester (§ 8-11)

- Kunngjerast på Doffin (§ 8-17)
- Må bruke konkurransegjennomføringsverktøy (KGV), (§ 8-20)
- Kan forhandle (§ 9-3)
- Grunngjevingsplikt (§ 10-1)
- Rimeleg karenstid (§ 10-2)
- Særskilte tenester sjå FOA vedl. 2

1. Definere anskaffinga

Kommunen må peike ut ein som er ansvarleg for konkurransen. Det må definerast kva som skal anskaffast, anskaffinga sin verdi, kor raskt den må vere på plass, storleiken på anskaffinga, konkurranseform, kva ein ønskjer å oppnå med anskaffinga.

Det skal utarbeidast ein enkel kravspesifikasjon og det skal sendast førespurnad til minst tre aktuelle leverandørar. (Det er ikkje eit krav at tre tilbydarar eller fleire skal gje tilbod).

2. Kravspesifikasjon

I førespurnaden som vert sendt ut til aktuelle tilbydarar skal det, i tillegg til ein enkelt kravspesifikasjon, gå fram kva tildelingskriteria som vert lagt til grunn. Eit minimumskrav er at ein anten oppgjer at berre pris leggast til grunn eller "det økonomisk fordelaktige tilbodet". Det vert tilrådd at tildelingskriteria vert oppgitt og gjerne vekta.

3. Kontrakt

Det skal inngåast skriftleg kontrakt. Staten har standardkontraktar ein kan nytte, eller ein kan nytte leverandøren si kontrakt på mindre anskaffingar.

4. Forenkla anskaffingsprotokoll

Anskaffingsprotokollen skal innehalde ein kort grunngjeving for val av vinnar. Skriftleg førespurnad om tilbod, og innkomne tilbod med attestar skal leggast ved protokollen, som skal arkiverast. NB: Anskaffingsprotokollen er arkivverdig saman med innkomne tilbod, skatteattestar, mva-attestar,

HMS-skjema og ei eventuell kontrakt. Dette skal arkiverast i kommunen sitt sakshandsamarsystem (WebSak), , jf årleg oppretting av sak der anskaffingsprotokollane skal samlast

5. Førespurnad til aktuelle tilbydarar

Det skal sendast førespurnad til minst tre aktuelle tilbydarar for å sikre konkurranse. Avvik frå dette skal grunngjevast i forenkla anskaffingsprotokoll.

Dersom det ikkje er mogleg å sende førespurnad til minst tre aktuelle tilbydarar, skal dette grunngjevast i anskaffingsprotokollen.

6. Frist

Aktuelle tilbydarar bør få like lang tid på å levere tilbod som oppdragsgjevar har tenkt å nytte på å velje vinnar. I forskrifta står det at tilbydarar skal ha rimeleg tid til å levere tilbod.

7. Evaluering og val av vinnar

Vinnar skal veljast ut frå kriteria som er oppgitt i førespurnaden. Prinsippet om god forretningsskikk tilseier også at ein skal gje tilbakemelding til dei leverandørane som har gitt tilbod om kven som blei tildelt oppdraget. Tilbakemeldinga skal innehalde grunngjeving knytt opp mot dei oppgjevne kriteria.

8. Ferdigstilling

Anskaffingsprotokollen skal innehalde ei kort grunngjeving for val av vinnar. Skriftleg førespurnad om tilbod, og innkomne tilbod med attestar leggast ved protokollen, som skal arkiverast.

NB: Anskaffingsprotokollen er arkivverdig saman med innkomne tilbod, skatteattestar, mva-attestar, HMS-skjema og ein eventuell kontrakt. Det skal gjerast merksam på at sjølve anskaffingsprotokollen ikkje lenger er unnateke offentlegheit. Dersom grunngjeving inneheld teiepliktige opplysningar, kan desse leggast ved protokollen i eige vedlegg, som vert unnateke offentlegheit.

Unntak frå regelen

Dersom det finst ein rammeavtale kan ein sjå bort frå krav om forenkla anskaffingsprotokoll og følgje reglane i rammeavtala for avrop.

Gjennomføring av enkeltanskaffingar over EØS terskelverdi over kr 2.000.000,- (§ 12-29)

- Må bruke KGV (Konkurransgjennomføringsverktøy)
- Eigenerklæring • Frist 30/35 dagar
- Forhandling må grunngjevast særskilt
- Karensperiode 10 dagar • Kunngjerast på TED
- Krav om å kunngjere kven som har fått kontrakt

Særskilte tenester under 6,95 mill. og byggje- og anleggsanskaffingar under 51 mill. føl del II

1. Definere anskaffinga

Kommunen må peike ut ein som er ansvarleg for gjennomføring av konkurransen. Det må definerast kva som skal anskaffast, kor raskt det må vere på plass, storleiken på anskaffinga, konkurranseform, kva ein ønskjer å oppnå med anskaffinga.

2. Lage konkurransegrunnlag/kravspesifikasjon

Viktige vurderingar som skal vurderast og takast omsyn til der det er aktuelt, linken under er kontraktvilkår Modalen kommune – Innkjøpsreglement som omhandlar etiske krav, som menneskerettigheter, arbeidstakerrettigheter og miljø, samt krav til underleverandør:

[Kontraktvilkår for ivaretagelse av grunnleggende menneskerettigheter i leverandørkjeden | Anskaffelser.no](#)

Andre ting om oppdragsgjevar skal vere merksam på er:

- Leverandøren har vektlagt miljø i produksjonen og tilbyr miljøriktige produkt.
- Leverandøren skal vere knytta til godkjend returordning.
- Anskaffingane har universell utforming

3. Lyse ut konkurranse

Når konkurransegrunnlaget er ferdig skal Modalen kommune nytte KGV light, eit elektronisk verktøy for å laste ned konkurransar og levere inn tilbod. Dette er eit lovkrav frå 2018.

4. Frist

I ein open tilbodskonkurranse skal tilbodsfristen vere minst 30 dagar. Dersom oppdragsgjevar ikkje krev at tilboda skal leverast elektronisk, skal tilbodsfristen vere minst 35 dagar. Intensjonen er at tilbydarar skal få nok tid til å innhente tilstrekkeleg informasjon i saka.

I ein begrensa tilbodskonkurranse skal fristen vere minst 25 dagar. Dersom oppdragsgjevar ikkje krev at tilboda skal leverast elektronisk, skal tilbodsfristen vere minst 30 dagar.

Forskrift om offentlege anskaffelser kap. 20 gjeld fullt ut.

Opningsprotokoll

Skal fyllast ut frå anskaffinga er oversendt til innkomne tilbod er opna.

Anskaffingsprotokoll

Skal fyllast ut undervegs i prosessen. Alle tilbod skal registrerast.

Opningsprotokollen og anskaffingsprotokollen er arkiverdig saman med alle andre dokument i saka. Det gjerast merksam på at sjølv anskaffingsprotokollen ikkje lenger er unnateke offentlegheit. Dersom grunngevinga inneheld teiepliktige opplysningar, kan desse leggest ved protokollen i eige vedlegg, som vert unnateke offentlegheit.

Avvising av tilbod

Eit tilbod skal, eller kan bli, avvist dersom det er eit høve ved tilbodet som tilseier det eller tilbodet er unormalt lågt.

Manglande kvalifikasjonskriterier

Desse er definert av oppdragsgjevar i konkurransegrunnlaget og det skal undersøkast om tilbydar oppfyller desse. Dersom lovpålagte eller andre offentleg tilgjengelege dokument er gløymd innsendt, skal tilbydar gjevast ein ekstra frist (ca. 3 dagar) for å levere desse (Kofa sak 2009/163 (53)). Dersom

dokumenta ikkje vert levert innan denne fristen skal tilbodet avvisast. Det kan ikkje gjevast tilleggsfrist for andre kvalifikasjonskriteria enn dette (Kofa sak 2009/140 (27)).

Avlysing grunna manglande konkurranse

Ein konkurranse kan bli avlyst dersom det berre kjem inn eitt tilbod. Grunngeving for avlysing av ein konkurranse når det berre kjem inn eitt tilbod er manglande konkurranse, fordi oppdragsgjevar ikkje er i stand til å samanlikne priser eller andre tildelingskriterier.

5. Evaluering

Først må tilboda kvalifiserast. Sjekk at dei tilfredsstillir dei krav som kommunen har satt opp i konkurransegrunnlaget.

Vidare skal ein samanlikne tilbod og gje karakterar på dei einskilde tildelingskriteria. Karakterane skal settast inn i vektskjemaet. Karakterane vert gjeve ut frå skjønn og førehandsbestemte parameter. Det er store krav til skriftlegheit ved evaluering og alle karakterar som gjevast må grunnjevast skriftleg. Dokumentet med grunngeving for alle karakterar må følgje anskaffingsprotokollen.

6. Vedståelsesfrist

Dersom vedståelsesfristen er i ferd med å gå ut før vinnar er vald, må alle tilbydarar tilskrivast og verte bedne om å forlenge fristen. Dette må gjerast før fristen går ut, elles er tilboda ugyldige, og ny konkurranse må gjennomførast.

7. Val av vinnar

Tilbakemelding til tilbydarar

Når ein vinnar er vald har alle tilbydarane krav på ein skriftleg tilbakemelding på kven som vann konkurransen og kvifor eventuelt deira tilbod var dårlegare enn vinnaren (Forskrifta § 20-16). Klagefristen skal i følgje Kofa-sak 2008/12 settast til minimum 10 dagar. Dette er i medhald til EU-direktiv 2007/66/EF.

NB:

Kontrakt kan IKKJE signerast før klagefristen er gått ut og eventuelle klager er handsama. Avviste tilbydarar skal også orienterast om val av vinnar (Kofa 2011/24).

Klage på tildeling

Dersom nokon av tilbydarane som ikkje blei vald klagar på vårt val av vinnar, skal det gjevast eit meir utdjupande svar til klagar seinast innan 15 dagar (§§ 11-14(4), 20-16(4)). Svar skal gjevast skriftleg. Dersom det vert gjennomført eit møte med klagar må det skrivast referat.

Vedståelsesfrist

Dersom vedståelsesfristen går ut før kontrakt er signert, står ein utan bindande tilbod, og konkurransen er avslutta. Alle tilbydarar må difor inviterast til å forlenge fristen før fristen går ut. Dei kan sjølvsagt takke nei, utan at dette påverkar konkurransen. Sjå Kofa: 2006/125 (21).

7. Kontrakt

Avhengig av type anskaffing, skal det skrivast kontrakt. Utkast til kontrakt skal vere vedlegg til konkurranse- grunnlaget.

7. Avslutning

Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) har laga ein anskaffingsportal på internett. Her finn ein informasjon om regelverket og korleis ein skal gjennomføre ei anskaffing, samt forslag til malar.

[Anskaffelser.no | Fagsider om offentlige anskaffelser](#)

[Anskaffingsprotokollar – malar | Anskaffelser.no](#)



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Kommunestyret	
Sakshandsamar:	Rådmannen	Magne Verpelstad
	Saksnr.: 20/393	Klassering:

Innkjøpsreglement for Modalen kommune

Nytt kapittel til Økonomireglementet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til innkjøpsreglement for Modalen kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Innkjøpsreglementet vert lagt inn som eige kapittel i Modalen kommune sitt økonomireglement.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune sitt innkjøpsreglement har behov for oppdatering. Reglementet har ikkje vorte oppdatert etter ny forskrift frå 01.01.2017.

Nordhordland revisjon gjennomførte forenkla etterlevingskontroll på innkjøpsområdet hausten 2020 på området «Offentlege anskaffingar etter FOA del 1». Dette er anskaffingar i beløpsintervallet 0,1 mill til 1,3 millionar. Slike anskaffingar er omfatta av regelverket om offentlege innkjøp, med krav til konkurranse, men ingen formelle krav til prosedyre. Kontrollen synleggjorde m.a. behov for oppdatering av gjeldande reglement, samt behov for betre etterleving av retningslinene når det gjeld dokumentasjon/protokollføring av gjennomførte prosessar i samband med slike innkjøp.

Vurdering

Etterlevingskontrollen var til handsaming i Kontrollutvalet i september 2020. Som oppfølging av kontrollen, har administrasjonen laga framlegg til nytt innkjøpsreglement for Modalen kommune.

Nytt innkjøpsreglement vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning. Reglementet er oppdatert i tråd med gjeldande forskrift for offentlege anskaffingar, jfr lov om offentlege anskaffingar.

Føremålet er å sikre at kommunen sine innkjøp vert utført i tråd med gjeldande lovar, forskrifter og retningslinjer, og skal medverke til effektiv og god økonomiforvaltning og hindre økonomisk utruskap.

Innkjøpsreglementet vil verte lagt inn som eit kapittel i Økonomireglementet jfr KS-sak 063/2020 der framlegg til Økonomireglement vart vedteke og det vart lagt til grunn at økonomireglementet ville verte utfyllt med fleire område/kapittel etter kvart.

Konklusjon

Framlegg til innkjøpsreglement vert lagt fram for kommunestyret med tilråding om godkjenning/vedtak.

Vedlagte saksdokument:

Innkjøpsreglement 2021 - til behandling i kommunestyret 06.05.21	31101	26.04.2021
--	-------	------------

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost



Statsforvaltaren i Vestland

TILSYNSRAPPORT

Barnehagelova § 19 g

Individuelt tilrettelagt

barnehagetilbod for barn med
nedsett funksjonsevne

Modalen kommune

5. januar 2021

Samandrag

Fylkesmannen i Vestland, no Statsforvaltaren i Vestland, har ført tilsyn med Modalen kommune. Temaet for tilsynet er kommunen si plikt til å sikre at barn med nedsette funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Under dette teamet kontrollerer vi kommunen si plikt til å gjere og gjennomføre vedtak om tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27 og barnekonvensjonen artikkel 3.

Formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen sikrar at barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen kan ta i bruk barnehagetilbodet sitt på lik linje med andre barn.

Sidan tilsynet vart opna før endringane i barnehagelova, blir det i denne rapporten vist til dei tidlegare føresegnene i lova. Dei tidlegare føresegnene viste til Fylkesmannen som tilsynsmyndigheit, men det er no Statsforvaltaren som gjer vedtak om pålegg. I denne tilsynsrapporten vil vi difor vise til Statsforvaltaren som tilsynsmyndigheit, sjølv om lovtilvisingane ikkje samsvarar med dette.

Tilsynet har avdekt lovbrøt på mellom anna plikta til å gjere vedtak, plikta til å ta stilling til barnets beste, og plikta til å gjennomføre vedtak.

Modalen kommune fekk frist til 18. desember 2020 for å gi tilbakemelding på rapporten, og har uttalt seg innan fristen. Kommunen hadde ingen kommentarar. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til **5. mars 2021**.

Innhold

1	Innleiing.....	4
2	Om tilsyn med Modalen kommune.....	4
2.1	Kort om kommunen.....	4
2.2	Om gjennomføringa av tilsynet	4
3	Vedtak om individuell tilrettelegging.....	5
3.1	Rettslege krav	5
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	5
4	Barnets beste	10
4.1	Rettslege krav	10
4.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	10
5	Informasjon om klagerett og innsyn.....	10
5.1	Rettslege krav	10
5.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	11
6	Oppfølging av vedtak.....	12
6.1	Rettslege krav	12
6.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	12
7	Pålegg om retting.....	14
7.1	Oppfølging av pålegga	15
8	Klagerett.....	15

1 Innleiing

Statsforvaltaren fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om barnehagemyndigheita oppfyller barnehagelova med forskrifter. Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan vi pålegge retting.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

2 Om tilsyn med Modalen kommune

2.1 Kort om kommunen

Modalen kommune har éin barnehage, Modalen barnehage, og den er kommunal. Oppgåvene som barnehagemyndigheit er i stor grad delegert ned til styraren i barnehagen. Dette gjeld mellom anna arbeidet med barnehagelova § 19 g.

Modalen kommune blei vald ut til tilsyn etter barnehagelova § 19 g på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for barna. Denne risikovurderinga byggjer på følgande:

- Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med mange kommunar, men Modalen har ikkje vore blant dei. Vi har heller ikkje mottatt klagesaker frå kommunen. Vi veit såleis lite om praksisen og ynskjer derfor å innhente informasjon.

2.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Modalen kommune i brev av 19. august 2020. Kommunen vart pålagd å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet. Vi har og gjennomført stadlege intervju med barnehagemyndigheita. Statsforvaltaren sine vurderingar og konklusjonar er basert på den skriftlege og munnlege dokumentasjonen vi har fått av kommunen.

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Eigenvurderingar i Reflex, svar på spørsmål 1.9 til og med 1.24, med unntak av spørsmål 1.15, 1.16, 1.17, og 1.19.
- Modalen kommune har sendt oss to vedtak etter barnehagelova § 19 g, med tilhøyrande innmeldingar om behov og årsrapportar

- Modalen kommune sine rutinar i høve til 19 g – «Tilrettelegging av barnehagetilbod til barn med nedsett funksjonsevne» og rutinar for barnehagen
- Interne rutinar for oppfølging av barn med nedsett funksjonsevne etter §19g»
- Modalen kommune sitt «meldeskjema om behov for individuell tilrettelagt tilbod i barnehagen, jf. barnehagelova § 19 g»
- Modalen kommune sin mal for enkeltvedtak - «mal vedtak § 19 g»
- Modalen kommune sitt delegeringsreglement

Temaet for tilsynet er kommunen si plikt til å sikre at barn med nedsette funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Under dette teamet kontrollerer vi kommunen si plikt til å gjere og gjennomføre vedtak om tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27 og Barnekonvensjonen artikkel 3.

Vi har ikkje sett på korleis kommunen oppfyller andre krav i regelverket. I denne rapporten presenterer vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.

Vi sendte førebels tilsynsrapport til kommunen den 4. desember 2020. I den presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. Kommunen hadde ingen kommentarar til den førebelse rapporten.

3 Vedtak om individuell tilrettelegging

3.1 Rettslege krav

Vedtaket skal gjerast uavhengig av om vurderinga ender med å innvilge eller avslå. I vedtaket skal kommunen ta stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne, og om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn, jf. barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25 og barnekonvensjonen artikkel 3. Dette inneber ei konkret og individuell vurdering av barnehagetilbodet, barnet si funksjonsevne og tilpassingsbehov, og korleis barnehagetilbodet kan leggjast til rette for å avhjelpe barnet sitt behov. Det skal gå fram av vedtaket kva for tilrettelegging som blir gitt og varigheita og omfanget av tiltaket. I vedtak om avslag skal kommunen gi ei grunnngiving som viser kvifor barnet ikkje har rett til individuell tilrettelegging.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

a) Gjer kommunen vedtak om individuell tilrettelegging i barnehagen?

Observasjonar

I eigenvurderinga i Reflex svarar Modalen kommune ja på at dei gjer vedtak om individuell tilrettelegging i barnehagen. Modalen kommune har sendt inn to vedtak etter § 19 g. Kommunen har lagt ved ein mal for vedtak etter § 19 g. Malen beskriv kva enkeltvedtaket skal innehalde:

- Søknaden skal godkjennast eller bli avslått
- Rettsleg grunnlag (viser til opplæringslova)

- Opplysningar om saksforhold
- I vurderinga grunnkje vedtak/avslag

I intervjuet kjem det fram at malen som ligg ved i Reflex er utarbeidd etter at vedtaka er gjort. Kommunen har ikkje gjort vedtak etter at dei har utarbeidd den nye malen for enkeltvedtak. Den nye malen viser til «elever» og «opplæringslova». I intervjuet påpeika vi dette til kommunen, og kommunen informerte om at dei vil endre ordlyden slik at malen viser til rett lov og at vedtaket omhandlar barnehagebarn.

Kommunen har per i dag ikkje gjort vedtak om avslag. Dei skriv i Reflex at dei så langt ikkje har hatt slike avslagssaker. I dokumentet «interne rutine § 19 g», kjem det fram at kommunen har rutine for fleire fasar med undersøkingar før det blir sendt inn søknad om individuell tilrettelegging. Når barnehagen oppdagar at eit barn kan ha ei funksjonsnedsetting, gjer dei ei kartlegging av barnet, drøftar funksjonsnedsettinga og lagar ein tiltaksplan. Etter at tiltaksplan er utforma har barnehagen ein prøveperiode på 4-6 veker før ein eventuelt sender søknad til kommunen om individuell tilrettelegging. I intervjuet går det fram at barnehagen aukar bemanninga i desse 4-6 vekene. Personalet vil i denne perioden kunne seie noko om kor stor ressurs dei treng og om ein treng dette fast. Etter prøveperioden ser ein kva det faktiske behovet til barnet er, og det er desse evalueringane som fører til vedtak.

Vurderingar

Kommunen skal gjere vedtak både når dei gir individuell tilrettelegging for eit barn i barnhagen og når kommunen kjem fram at barnet ikkje har rett til tilrettelegging i barnehagen.

Vedtak om å innvilge

Kommunen har sendt inn to vedtak etter § 19 g, og viser såleis at dei gjer vedtak om individuell tilrettelegging. Etter at desse vedtaka er gjort har kommunen utforma ny «mal om vedtak § 19g». Kommunen har ikkje gjort vedtak etter ny mal.

Vedtak om avslag

Vi ser at den nye malen for vedtak inneheld punkta godkjenning/avslag. Kommunen skal, om det viser seg at barnet likevel ikkje har rett til individuell tilrettelegging, gjere vedtak om avslag.

Kommunen seier at dei ikkje har gjort vedtak om avslag sidan dei så langt ikkje har hatt avslagssaker. Slik Statsforvaltaren forstår det, har kommunen rutine for prøve ut ulike tiltak som kan avhjelpe eit tilretteleggingsbehov hos barnet. Dersom kommunen ser at dei tiltaka som blir prøvd ut kan ivaretaast innanfor det ordinære tilbudet, blir det ikkje gjort vedtak om tilrettelegging. Det blir heller ikkje gjort vedtak om avslag på tilrettelegging. Vi vurderer at dette ikkje er i tråd med lova. Dersom kommunen fangar opp eit barn med mogleg behov for tilrettelegging, og set i gang ein prosess rundt dette, skal prosessen ende med eit vedtak. Enten vedtak om å innvilge individuell tilrettelegging, eller å avslå. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at dette er ein del av rutinane til Modalen kommune, og vurderer derfor at kommunen ikkje gjer vedtak i tråd med barnehagelova § 19 g.

Ved å ikkje gjere vedtak i dei situasjonane der det blir vurdert at barnet ikkje har rett på individuell tilrettelegging, mistar barnet og foreldra mellom anna klageretten sin.

Konklusjon

Vi konkluderer med at Modalen kommune ikkje gjer vedtak om individuell tilrettelegging jf. barnehagelova § 19 g og forvaltningslova §§ 2 og 23.

b) Har kommunen i vedtaket tatt stilling til

- **om barnet har nedsett funksjonsevne?**
- **om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn?**

Observasjonar

I eigenvurderinga i Reflex svarar kommunen ja både på at dei tar stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne og om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn. Dei vil gjere dette gjennom kartlegging av behov og bruke ansvarsgruppeteamet som er oppretta rundt barnet.

I vedtaka er barna sine vanskar skildra og det står at dei har nedsett funksjonsevne og treng tilrettelegging for å kunne ta del i det ordinære barnehagetilbodet.

Vurderingar

I dei to vedtaka som er sendt inn skildrar kommunen utfordringar barna har, eksempelvis med motorikk, kommunikasjon og leikekompetanse. Kommunen har konkludert med at ut i frå desse utfordringane har barnet nedsett funksjonsevne. Sjølv om kommunen har konkludert med at barnet har nedsett funksjonsevne, viser ingen av vedtaka at kommunen spesifikt har vurdert funksjonsevna til barnet.

Nedsett funksjonsevne er definert som til dømes «tap av, skade på eller avvik i en av kroppens psykologiske, fysiologiske eller biologiske funksjoner» (NOU 2011:22). Vi kan ikkje sjå at kommunen har tatt stilling til om barna har slike funksjonsnedsettingar som definert over.

Kommunen har sagt at utfordringane som er skildra i vedtaket, gjer at barnet har trong for tilrettelegging for å kunne ta del i det ordinære barnehagetilbodet. Det er ikkje gjort ei vurdering eller tatt stilling til kvifor barnet ikkje vil kunne ta del i barnehagekvardagen utan individuell tilrettelegging. Vedtak om kommunal tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g skal bli gitt til barn som har behov for ei meir omfattande og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet enn det som kan bli gitt innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Sjølv om kommunen konkluderer med at barnet har behov for tilrettelegging, kan det likevel tenkast at barnet sine utfordringar kan avhjelpast innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Kommunen har ikkje vurdert dette i vedtaka.

I intervjuet, og i vedtaka, kjem det fram at Modalen kommune har god bemanning. Det vil seie at barna i barnehagen har meir enn ein vaksen per 6 barn, som er krav om grunnbemanning etter

barnehagelova § 18. Barnehagen vil derfor kanskje i større grad kunne avhjelpe barnet innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Når det i vedtaka står at barnet treng ekstra bemanning må kommunen grunngi kvifor dette ikkje let seg gjere i det ordinære barnehagetilbodet.

Kommunen skal gjere ei konkret og individuell vurdering av barnehagetilbodet. Det skal kome fram kva tilpassingsbehov barnet har opp mot kva barnehageeigar har plikt og ansvar for å legge til rette for innan det ordinære barnehagetilbodet. Vi kan ikkje sjå at kommunen har vurdert om barnet har behov for ei meir omfattande tilrettelegging enn det barnehagen kan tilby innafor det ordinære tilbodet.

Som eit utgangspunkt etter forvaltningsretten kan ein i vedtak som til dømes innvilgar søknadar fullt ut, la vere å grunngi konklusjonen dersom det er grunn til å tru at parten vil vere fornøgd med vedtaket. Terskelen for å seie at parten er fornøgd etter barnehagelova § 19 g er høg. Mellom anna fordi at den/dei som skal utføre tilrettelegginga skal vite kva behov ein skal avhjelpe, korleis, og til kva tid, bør vedtak etter § 19 g uansett grunngis. Det vil heller ikkje alltid vere heilt klart kva foreldra eller barnehagen spesifikt har «bedt om» når dei har meldt om eit behov for eit barn. Og som eit utgangspunkt er det kommunen som barnehagemyndigheit som skal «fange opp» barn med behov, uavhengig av melding om behov frå parten. Det vil i desse tilfella vere vanskeleg å konkludere med at parten vil vere «fornøgd», og at ein då kan la vere i grunngi vedtaket. Eit minimum for at vedtaket etter § 19 g skal etterleve kravet til grunngiving er for det første at kommunen vurderer funksjonsevna til barnet. Dersom kommunen kjem til at barnet har «nedsett funksjonsevne» i barnehagen, må kommunen for det andre identifisere kva som er til hinder for at barnet kan ta i bruk barnehageplassen sin på same måte som andre barn, og vurdere kva for tiltak som må til for å bygge ned desse barrierane.

Spesialpedagogisk hjelp

I det eine vedtaket tar kommunen med utdrag frå PPT si sakkunnig vurdering. PPT skildrar barn som har språkvanskar/vanskar med å kommunisere, vanskar i overgangssituasjonar og liknande. PPT skildrar og vurderer her utfordringar som fell inn under vedtak knytt til spesialpedagogisk hjelp. Statsforvaltaren vurderer at den sakkunnige vurderinga som kommunen viser til omhandlar hjelp og støtte til utvikling og læring. Dette gjeld for eksempel hjelp til kommunikasjon og språkutvikling av sosiale ferdigheiter. Dette strider mot formålet med tilretteleggingsplikta etter barnehagelova § 19 g. Målsettinga her er ikkje ei endring eller utvikling av barnet, men å bygge ned barrierane i barnehagen som gjer at barnet kan nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn. Kommunen bør i vedtak etter § 19 g ikkje legge stor vekt på PPT si sakkunnige uttale, fordi PPT skal vurdere barnet ut i frå behov for spesialpedagogisk hjelp etter § 19 a, ikkje individuell tilrettelegging. Kommunen kan heller ikkje gi barn individuell tilrettelegging etter § 19 g i påvente av vedtak om § 19 a. Føresegnene tar for seg heilt ulike formål og behov.

Konklusjon

Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen ikkje tar stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne, eller om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn, jf. barnehagelova § 19 g og forvaltningslova §§ 24 og 25.

c) Tar kommunen stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn?

Observasjonar

I Reflex svarer kommunen ja på om det kjem fram av vedtaket kva slags tilrettelegging som er eigna.

I vedtaka står det at barna har rett på styrka bemanning for å nyttiggjere seg av barnehagetilbodet, og at «barnet skal få den støtta det treng». Det står kor mange timar i veka barnet har rett på ekstra bemanning/assistent, og at det med den styrka bemanninga vil minske gapet mellom barnet sine føresetnader og forventningar til omgjevnadane. Tilrettelegginga må vere slik at barnet kan motta eit tilpassa og likeverdige tilbod. Det vil seie tiltak som fell utanfor barnehagen si ordinære tilretteleggingsplikt.

Vurderingar

Kommunen skriv i vedtaka kva utfordringar barna har. Tiltaka som skal settast i verk må bli vurdert opp mot barnets funksjonsnedsetting og behovet barnet har. Kommunen må altså ta utgangspunkt i barnet sine individuelle behov og konkretisere i kva situasjonar barnet treng tilrettelegging, når det treng tilrettelegging og korleis tilrettelegginga skal utførast. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at kommunen har gjort dette. Kommunen må vurdere kva som vil vere eigna tiltak for akkurat dette barnet. Tiltaka må bli vurdert opp mot barnet si funksjonsnedsetting og behov. Vi kan ikkje sjå at kommunen har tatt stilling til kva tiltak som skal til for å bygge ned desse barrierane for barna.

Det skal kome fram av vedtaka kva som er omfanget av tilrettelegginga. Vi ser at det står at barna treng eit visst tal timar med tilrettelegging dagleg og at ein vaksen då kan støtte barnet. Om barnet til dømes har rett til ein ekstra vaksen tre timar dagleg, skal kommunen grunngi kvifor akkurat dette talet på timar er tilstrekkeleg for at barnet vil kunne gjere seg nytte av barnehagetilbodet. Vi kan ikkje sjå at kommunen grunngir dette i vedtaka.

I vedtaka skriv kommunen at dei skal gi barnet den støtta det treng for å nyttiggjere seg av barnehagetilbodet. Vi kan ikkje sjå at kommunen tar stilling til kva tiltak som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehagetilbodet.

Konklusjon

Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen ikkje tar stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn jf. barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.

4 Barnets beste

4.1 Rettslege krav

Kommunen må vurdere kva som er barnet sitt beste når det gjerast vedtak, jf. barnehagelova § 19 g, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Barnet sitt beste er eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som gjeld barn, og det skal mykje til for å setje det til side. Kommunen må gjere ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon der barnet sitt behov for utvikling og læring må avvegast mot andre behov, for eksempel deltaking i fellesskapet og kvile.

4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

d) Tar kommunen stilling til kva som er barnet sitt beste når den gjer vedtak om individuell tilrettelegging?

Observasjonar

I Reflex svarar kommunen at dei tar stilling til kva som er barnet sitt beste når dei gjer vedtak om individuell tilrettelegging, og viser til innsende vedtak.

Vurderingar

Det krevst ikkje at vedtaka inneheld ein eigen del der ein konkret tar stilling til barnets beste, men ein føresetnad for å sjå om det er tatt stilling til barnets beste er at kommunen i tilstrekkeleg grad har grunnleggjande vurderingane og konklusjonane sine. Som det går fram av dei to førre kontrollspørsmåla har ikkje kommunen oppfylt kravet til grunngeving etter forvaltingslova §§ 24 og 25. Dette gjeld mellom anna manglande grunngeving på kvifor tilrettelegginga ikkje kan skje innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Det har i tillegg skjedd ei samanblanding av behov for tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g og spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova § 19 a.

Statsforvaltaren vurderer at mangelfulle vurderingar og grunngevingar tilseier at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad tar stilling til barnet sitt beste ved individuell tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g. Vi vil og gjere kommunen merksam på at det er viktig for barnet sitt beste at vedtaket blir gjort etter rett lovheimel. Det er derfor viktig å ha klare skilje mellom behov etter § 19 a og § 19 g.

Konklusjon

Vi konkluderer med at kommunen ikkje tar stilling til kva som er barnet sitt beste når dei gjer vedtak om individuell tilrettelegging barnehagelova § 19 g, jf. barnekonvensjonen artikkel 3.

5 Informasjon om klagerett og innsyn

5.1 Rettslege krav

I vedtaka må kommunen informere om klagemoglegheit, klagefrist, klageinstans og om at klagen skal sendes til kommunen, samt om retten til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 27.

5.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

e) Inneheld enkeltvedtaket informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendast til kommunen?

Observasjonar

I Reflex svarar Modalen kommune ja på dette spørsmålet, og viser til dei to vedtaka som er sendt inn, og ny mal for enkeltvedtak. I vedtaka som kommunen har sendt inn opplyser dei om klagerett, klagefrist og at klagen skal sendast skrifteleg til kommunen.

I ny mal for enkeltvedtak er ordlyden: «Klagen skal sendast til barnehagestyrar. Dersom barnehagen ikkje er samd i klagen din og ikkje endrar vedtaket, vil vi sende klagen til Fylkesmannen som er endeleg klageinstans».

Barnehagen har ikkje gjort vedtak etter at dei utarbeidde den nye malen.

Vurderingar

Som vi ser av observasjonane har ikkje kommunen vist til endeleg klageinstans i vedtaka som er sendt inn, men denne opplysninga er tatt med i ny mal for vedtak. Sjølv om kommunen ikkje har opplyst om endeleg klageinstans i dei to vedtaka, legg vi til grunn at kommunen i framtida vil bruke ny mal og då vil mottakar bli informert om endeleg klageinstans, i tråd med lova.

Konklusjon

Vi konkluderer med at kommunen framover vil ha ein praksis som oppfyller krava i forvaltningslova § 27 tredje avsnitt som omhandlar klagerett og klagefrist, og klageinstans.

f) Inneheld enkeltvedtaket informasjon om retten til å sjå saka sine dokumenter?

Observasjonar

I Reflex har Modalen kommune svart nei på dette punktet. I vedtaka som er sendt inn er det ikkje informert om retten til å sjå saka sine dokument.

Vurderingar

Kommunen har ikkje hatt praksis for å informere om innsynsretten i vedtaka dei har gjort. Vi vurderer at Modalen kommune i ny mal for enkeltvedtak sannsynleggjer at dei vil informere om retten til å sjå saka sine dokument i komande vedtak.

Konklusjon

Vi konkluderer med at kommunen framover vil ha ein praksis om å informere mottakar om retten til å sjå saka sine dokument etter forvaltningslova § 27 tredje ledd.

6 Oppfølging av vedtak

6.1 Rettslege krav

Kommunen skal gjere vedtak så snart som mogleg, det vil seie at kommunen må gjere vedtak så snart ein har all dokumentasjonen ein treng, jf. barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova § 11 a. Kommunen kan ikkje vente med å setje i gang vedtak om tilrettelegging. Det er barnet sitt behov som avgjer når tilrettelegginga skal starte. Dersom kommunen oppdagar nye eller endra behov i løpet av barnehageåret, kan ein ikkje vente til eit nytt barnehageår med å setje i verk tilrettelegginga. Den individuelle tilrettelegginga skal gjennomførast i tråd med vedtaket, jf. barnehagelova § 19 g.

6.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

g) Gjer kommunen vedtak om individuell tilrettelegging så snart som mogeleg?

Observasjonar

I Reflex svarar kommunen ja på dette kontrollspørsmålet. I dokumentet «interne rutinar for oppfølging av barn med nedsett funksjonsevne etter § 19 g» er rutineane knytt til desse sakene slik:

- Barnehagen har ei fase med kartlegging og skildring av funksjonsnedsetting
- Barnehagen gjennomfører ei utprøvingstid på 4-6 veker
- Etter utprøvingfasen sender ein søknad om tilrettelegging til kommunen
- Kommunen mottar søknad og har tre veker på å gjere vedtak

Vi har mottatt to vedtak om individuell tilrettelegging. I det eine vedtaket har det gått sju veker frå søknaden er mottatt til kommunen har gjort vedtak. Det andre vedtaket er gjort innan tre veker etter at søknad er mottatt.

Vurderingar

Ut i frå vedtaka som er sendt inn og interne rutinar til Modalen kommune, ser Statsforvaltaren at det kan ta opp til 13 veker frå kommunen har fått informasjon om at eit barn kan ha behov for individuell tilrettelegging til dei gjere vedtak. Dette er medrekna dei 4-6 vekene der kommunen prøver ut tiltak. Dette er ikkje i tråd med barnehagelova eller forvaltningslova. Vi understrekar at saksbehandlingstida for vedtak etter barnehagelova § 19 g startar på det tidspunktet barnehagemyndigheita blir gjort kjend med at eit barn kan ha eit individuelt tilretteleggingsbehov. Om kommunen har informasjon om at barnet kan ha rett på individuell tilrettelegging, kan dei ikkje vente med å gjere vedtak. Vedtak treng ikkje gjerast umiddelbart, men i tråd med saksbehandlingsreglane i forvaltningsretten. Statsforvaltaren vurderer etter dette at saksbehandlingstida til kommunen ikkje er i tråd med lova. Vi viser og til vår vurdering og konklusjon under kontrollspørsmål a.

Konklusjon

Vi konkluderer med at kommunen ikkje har praksis for å gjere vedtak om individuell tilrettelegging så snart som mogleg, jf. Barnehagelova § 19 g.

h) Set kommunen i verk vedtaket frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer?

Observasjonar

I Reflex svarar kommunen ja på dette punktet. Statsforvaltaren har fått tilsendt to vedtak om tilrettelegging. Det første vedtaket er datert 31. oktober, medan hjelpetiltaka blei sett i verk 14. august. I det andre vedtaket er vedtaksdatoen 27. november. Vedtaket gjeld for barnehageåret 2018/2019.

I dokumentet «Interne rutinar for oppfølging av barn med nedsett funksjonsevne etter § 19 g» står det i punkt 9:

- «ein iverksette og nyttar ressursen slik at ein i varetek tilretteleggingsbehovet - etter ein har motteke vedtaket».

Vurderingar

Vedtak 1: I det første vedtaket er hjelpetiltak sett i verk 14. august, altså to månader før vedtaket er gjort. Vedtaket skal opplyse om hjelpetiltaka som barnet har rett på, men her er desse tiltaka sett i verk to månadar før vedtaket er gjort. Når vedtaket er gjort i oktober, og det står at hjelpetiltaka er sett i verk i august er det uklart for oss når kommunen har sett i verk hjelpetiltak i tråd med vedtaket.

Vedtak 2: I det andre vedtaket står det at hjelpetiltaka gjeld for barnehageår 2018/2019, og slik vi forstår det vil vedtaket då bli sett i verk i midten av august. Vedtaksdato er 27. november 2018. Vedtaket skal stille opp dei konkrete hjelpetiltaka som skal gjennomførast, og det er ikkje sannsynleg at desse kan settast i verk i august når vedtaket er gjort i november.

Kommunen har utarbeidd ny intern rutine for barnehagen etter § 19 g etter at desse vedtaka er gjort. Her står det at barnehagen vil iverksette tilrettelegginga når ein har mottatt vedtaket. Det er etter dette utydeleg når vedtaket gjeld ifrå, og når retten til barnet trer inn.

Statsforvaltaren ser at det er utydeleg når vedtaka vert sett i verk, og vil påpeike at det i vedtaka skal gå tydeleg fram når hjelpetiltaka vert sett i gang. Modalen kommune sin praksis på dette punktet er ikkje i tråd med barnehagelova og forvaltningslova.

Konklusjon

Vi konkluderer med at kommunen ikkje har ein praksis for å sette i verk vedtaket frå vedtaksdato eller den dato vedtaket bestemmer, jf. barnehagelova § 19 g.

i) Gjennomfører kommunen individuell tilrettelegging i tråd med vedtaket?

Observasjonar

I Reflex svarar Modalen kommune ja på dette kontrollspørsmålet, og viser til årsrapporten. Vi har fått tilsendt to årsrapportar frå 2019/2020. I årsrapportane står det kva hjelpetiltak barnehagen har gjennomført.

Vurderingar

Som vi har konkludert med tidlegare i rapporten gjer kommunen vedtak ei god stund etter at dei vurderer om barnet har rett til individuell tilrettelegging. Begge vedtaka viser at dei har sett i gang hjelpetiltak før vedtaket er gjort. Når kommunen viser til ein slik praksis gjennomfører dei ikkje individuell tilrettelegging i tråd med vedtaket.

Vedtaka seier ikkje eksplisitt noko om kva hjelpetiltak barna har rett på. Det er heller ikkje gjort ei vurdering av kva tiltak som er eigna for barnet. Når kommunen ikkje tar stilling til dette i vedtaka er det vanskeleg å gjennomføre denne tilrettelegginga i tråd med vedtaket.

Kommunen har sendt inn to årsrapportar. Årsrapportane beskriv korleis barnehagen har jobba med barnet, mellom anna kva den vaksne hjelper barnet med og kva arbeidsmåtar ein har bruk. Men når desse hjelpetiltaka ikkje er skildra i vedtaka er det ikkje sannsynleggjort at kommunen gjennomfører vedtaket i tråd med vedtaket. I årsrapportane er det og ei samanblanding av tiltak etter barnehagelova § 19 g og § 19 a.

Konklusjon

Vi konkluderer med at kommunen ikkje gjennomfører individuell tilrettelegging i tråd med vedtak, jf. Barnehagelova § 19 g.

7 Pålegg om retting

Vi har funne at Modalen kommune ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi gjer difor vedtak kor vi pålegg kommunen å rette opp følgjande, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

Vedtak om individuell tilrettelegging

1. Kommunen gjer ikkje vedtak om individuell tilrettelegging, jf. barnehagelova § 19 g og forvaltningslova §§ 2 og 23.

- Kommunen må gjere vedtak både om å innvilge og å avslå individuell tilrettelegging.

2. Kommunen oppfyller ikkje grunngivingsplikta etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.

- Kommunen må i vedtaket grunngi og ta stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne.
- Kommunen må i vedtaket grunngi og ta stilling til om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn.
- Kommunen må i vedtaket grunngi og ta stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn.

Barnets beste

3. Kommunen tar ikkje stilling til barnet sitt beste etter barnehagelova § 19 g jf. Barnekonvensjonen artikkel 3.

- Kommunen må ta stilling til kva som er barnet sitt beste når dei gjer vedtak om individuell tilrettelegging.

Oppfølging av vedtak

4. Kommunen gjer ikkje vedtak om individuell tilrettelegging så snart som mogleg.
 - Kommunen må gjere vedtak utan ugrunna opphald når dei får opplysningar om at eit barn kan ha nedsett funksjonsevne.
5. Kommunen set ikkje i verk vedtaket frå vedtaksdato eller frå den datoen vedtaket bestemmer.
 - Kommunen må i vedtaket vere tydeleg på når vedtaket gjeld frå, og sette i gang vedtaket frå det tidspunktet.
6. Kommunen gjennomfører ikkje individuell tilrettelegging i tråd med vedtaket.
 - Kommunen må gjennomføre det spesifiserte vedtaket om individuell tilrettelegging i tråd med vedtaket.

7.1 Oppfølging av pålegga

Modalen kommune skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal kommunen erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis ein har retta.

Fristen er **5. mars 2021**. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før kommunen gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

8 Klagerett

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. Kommunen kan klage på enkeltvedtaket. Dersom kommunen klagar, må ein gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Kommunen sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å endre vedtaket. Dersom vi ikkje er einige i klagen, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka. I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Line Sperre

Tanja Holum

Tilsynsleiar

rådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14 - 21/437

Saksbehandlar:
Jo Bjarte Tømmerbakke
jo.tommerbakke@modalen.kommune.no

Dato:
08.03.2021

Svar endeleg tilsynsrapport - retting av pålegg

Viser til endeleg tilsynsrapport Barnehagelova § 19 g, datert 05.01.2021.

Modalen kommune erklærer at pålegga i tilsynet er retta. Kommunen har retta pålegga ved å endra dei interne rutinane og mal for vedtak(sjå vedlegg).

Vedtak om individuell tilrettelegging:

- Kommunen har laga rutinar både om å avslå og innvilge individuelle tilrettelegging i vedtaksmal.
- Kommunen har laga rutinar både om å grunngje og ta stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne i vedtaksmal.
- Kommunen har laga rutinar for å grunngje og ta stilling til om barnet kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn i vedtaksmal.
- Kommunen har laga rutinar for å grunngje og ta stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne delta i barnehagen på lik linje med andre barn i vedtaksmal.

Barnets beste:

- Kommunen har laga rutiner for å ta stilling til kva som er barnet sitt beste i vedtaksmal.

Oppfølging av vedtak

- Kommunen har laga rutinar for å gjere vedtak om individuell tilrettelegging utan ugrunna opphald, samt rutinar for iverksetjing av vedtak.
- Kommunen har laga rutiner for å gjennomføre individuell tilrettelegging i tråd med vedtaket.

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke

Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Mottakere:
Statsforvaltaren i Vestland



Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Line Sperre, 5557 2085

Avslutting av tilsyn - Modalen - Tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g

Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte tilsyn med Modalen kommune i perioden 19. august 2020 fram til i dag. I vårt vedtak av 5. januar 2021 blei kommunen pålagt å rette brot på regelverket.

Kommunen har sendt inn utgreiing og erklæring om at pålegga er retta. Tilbakemeldinga er levert innan fristen. Kommunen skriv at dei har retta pålegga ved å endre dei interne rutinane, og mal for vedtak.

I rutinen har kommunen ein kolonne for «ansvar». Vi vil understreke at ansvaret for mellom anna start, gjennomføring og oppfølging av kommunal tilrettelegging etter barnehagelova § 37 ligg til kommunen som barnehagemyndigheit. Vi ser i rutinen at noko av ansvaret er lagt til eigar, styrar, og pedagogisk leiar. Vi les dette som at kommunen meiner at det er desse som skal gjennomføre oppgåva, ikkje at det er desse som har ansvaret. Barnehagemyndigheita kan ikkje delegere ansvar. Overskrifta på kolonnen vurderer vi difor som misvisande. Dette til informasjon.

Basert på kommunen si utgreiing og erklæring, legg vi til grunn at pålegga er retta. Vi avsluttar difor tilsynet, og takkar for samarbeidet.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Line Sperre
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Til kommunestyret i Modalen kommune
Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Modalen kommune, som viser eit netto driftsresultat på kr 6 510 712 i kommunekassen. Årsrekneskapen er samansett av:

- kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er:

- kommunekassa sin årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Penneo Dokumentnøkkel: J4AEN-NZ3CU-7U0FU-1D66B-QBTGW-K8N6O

Avdeling Knarvik Avdeling Voss

Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø Miltzowsgate 2, 5700 Voss Føretaksregisteret www.vestlandsrevisjon.no
Telefon 99 72 61 68

(Dokument sertifisert av Penneo A/S) Signert av Penneo A/S Tid: 2021.04.15 19:09:04 Z Årsak: Original document certified by Penneo Sted:

Telefon 98 64 45 70 NO 925 841 153 MVA post@vestlandsrevisjon.no

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgave å lese den ytterlegare informasjonen, for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling. Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Modalen kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane.

Konklusjon med atterhald

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi, med unntak av forhold som er skildra i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med atterhald» nedanfor, ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Grunnlag for konklusjon med atterhald

Årsmeldinga inneheld ikkje skildring av eventuelle avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane i budsjettet opp mot endeleg avlagt årsrekneskap. Me kan av den grunn ikkje uttale oss om eventuelle budsjettavvik knytt til vedtekne premissar.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premissar for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit inneber å utføre

handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpssmessige avvik og avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i

Penneo Dokumentnøkkel: J4AEN-NZ3CU-7U0FU-1D66B-QBTGW-K8N6O

årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Isdalstø, 15.4.2021

Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker
Revisjonssjef

(elektronisk signert)

Penneo Dokumentnøkkel: J4AEN-NZ3CU-7U0FU-1D66B-QBTGW-K8N6O

Janne Eraker
Revisjonssjef
Serienummer: 9578-5995-4-105767
IP: 85.200.xxx.xxx
2021-04-15 19:08:42Z

Janne Eraker
Revisjonssjef
Serienummer: 9578-5995-4-105767
IP: 85.200.xxx.xxx
2021-04-15 19:08:42Z

Penneo Dokumentnøkkel: J4AEN-NZ3CU-7U0FU-1D66B-QBTGW-K8N6O